

Uavslutta vitskapleg etterskrift


til *Ein betre vår ein gong*. *Elias Blix*



Anders Aschim

Delarbeid av avhandling levert for graden
Doctor philosophiae

Mars 2010



Innlevert til Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning ved Universitetet i Tromsø
som del av avhandling for dr.philos.-graden i historie 04.03.2010

© Anders Aschim, Ytre Enebakk 2010

Innhald

Inngang	605
Førebuingar	607
Forskingssituasjon	607
Kjelder	611
Grunnlagsproblem	614
Biografi og historie.....	614
Biografien som historie	614
Historikaren som biograf.....	620
Å fortelje eit liv	623
Mellom Skylla og Karybdis	623
Biografi og roman	626
Historie og forteljning	631
Forteljinga om Blix	635
Problemstillingar. Teoriar	640
Bokhistorie	640
Liv og verk	640
Tekstsamspel	642
Kommunikasjonskretsløp.....	646
Klassereise.....	656
Standssamfunn og klassesamfunn	657
Utdanningssamfunnet.....	659
Kommunikasjonssamfunnet	661
Organisasjonssamfunnet.....	662
Målreising.....	665
Tildriv.....	666
Nasjonsbygging	667
Sentrum og periferi.....	670
Dominans og motmakt	672
Eit postkolonialt korrektiv.....	674
Utgang	676
Rettingar til <i>Ein betre vår ein gong</i>	677
Litteratur.....	678

Inngang

Med dette bryt eg ein lovnad.

Medan vi arbeidde med *Ein betre vår ein gong*. Elias Blix, lova eg forleggjaren min, sjefredaktør Sverre Tusvik i Det Norske Samlaget, at eg ikkje skulle levere inn boka som doktorarbeid. Det ville få folk flest til å tru at den var uleseleg i alle fall og såleis setje ein effektiv stoppar for salet, forstod eg. For eigen del hadde eg alt på eit tidleg tidspunkt i prosessen valt å prioritere ei allmenn lesargruppe og med det valt vekk det akademisk meriterande, meinte eg. Biografien er jo òg ein sjanger som skil seg temmeleg mykje frå den tradisjonelle og strenge avhandlingsforma. Dessutan er det eit stadig repetert refreng i biografmiljøet, her til lands slik det materialiserer seg i Livssogelaget, alias Norsk Biografisk Selskap, at det gir minimal vitenskapleg prestisje å skrive biografiar.¹ Slike argument har eg sjølv ført til torgs etter at boka var vel utgitt og vel motteken og spørsmålet om disputasplanar meldte seg frå ulike hald.

Det var først ein alvorleg samtale med ein tidlegare kollega i Bibelselskapet som førte meg på andre tankar. Dr. theol. Reidar Aasgaard, no førsteamanuensis i idéhistorie ved Universitetet i Oslo, er såleis – om eg får låne eit uttrykk Sverre Tusvik har nytta om sin yndlingskonsulent Einar Økland – blitt min ”vondgode fe”. Eg kan ikkje anna enn takke han for det. Det låg no ein gong fleire års arbeid i denne Blix-biografien, det handla unekteleg om vitenskapleg verksemd dokumentert i eit omfattande referanseapparat, og eg burde i det minste undersøke om den kunne tene som grunnlag for ein formell akademisk kompetanse.

Etter å ha tenkt nokre dagar vende eg meg til professor Narve Fulsås ved Universitetet i Tromsø. Eg er svært takksam for den venlege mottakinga eg har fått der, Fulsås har vore ein heilt avgjerande lesar og samtalepartnar i den vidare arbeidsprosessen fram mot det todelte arbeidet som eg no tillèt meg å levere inn og be om å få vurdert for graden *doctor philosophiae* i faget historie ved Universitetet i Tromsø.

¹ Nemninga ”Livssogelaget” er introdusert og grunnlagt av Walton 2008, 21-22. Observasjonen om biografien si låge vitenskaplege prestisje er ikkje særnorsk. Det redaksjonelle forordet til *American Historical Review* 114/3 (2009) set reine ord på tidsskriftet sin biografipolitikk: ”in most cases we do not review biographies ... And we almost never publish articles of a biographical nature”, s. xiv. At heftet inneheld ein ”Roundtable”-seksjon om ”Historians and Biography” kan varsle eit forsiktig biografisk mildvêr.

Den første og største delen av dette dobbeltarbeidet er identisk med biografien *Ein betre vår ein gong*. Elias Blix (Oslo: Samlaget, 2008). Denne boka er ein publikasjon retta mot den allmenne marknaden. Ein del viktige element som ein rimelegvis vil vente å finne i ei akademisk avhandling, er følgjeleg mindre synlege enn vanleg eller jamvel heilt usynlege. I eit *Uavslutta vitenskapleg etterskrift* vil eg derfor freiste å gi eit oversyn over forskningssituasjonen, diskutere nokre sider ved kjeldegrunnlaget for boka, drøfte grunnlagsproblem knytta til den historiske biografien og presentere dei sentrale problemstillingane og teoriane boka byggjer på.

Store delar av stoffet til dette etterskriftet er lese, tenkt og jamvel skrive på Ruter si bussrute 501 Oslo – Enebakk. Eg vil takke fleire av sjåførane for omsynsfull kjøring. Største takka går atter ein gong til ektefelle og hovudsponsor Gunnvor Johanne Hovland.

Ytre Enebakk, 24. februar 2010

Anders Aschim

Førebuingar

Forskingssituasjon

Ein betre vår ein gong. *Elias Blix* er ei forteljande framstilling av livssoga til salmediktaren, teologen, filologen og politikaren Elias Blix (1836-1902). Boka står i stadig dialog med tidlegare litteratur, men den inneheld ikkje noko samla oversyn over forkingssituasjonen den er skriven inn i. Her vil eg kort presentere den viktigaste sekundærlitteraturen om personen Elias Blix og verket hans.

Det finst gode *biografiske artiklar* om Blix i alle dei norske nasjonalbiografiske oppslagsverka, alt frå hans eiga levetid. Blix-artikkelen i Jens Braage Halvorsens *Norsk Forfatter-Lexicon*, trykt så tidleg som i 1885, er ei verdifull samtidig kjelde til livet og forfatterskapen hans. I første utgåve av *Norsk biografisk leksikon* var det Knut Liestøl som skreiv artikkelen om Blix (trykt 1925). Forfattere var son til hovudmannen bak ”jamstellingsvedtaket” i Stortinget frå 1885, og han sat i det såkalla ”landsmålsprofessoratet” ved Universitetet i Oslo, ei stilling Blix hadde vore aktivt med på å få i stand. Også i andre utgåve av dette leksikonet (1999) har Blix fått ein fyldig artikkel, skriven av ein annan nordist, Tove Bull. Hovudoppgåva hennar om salmediktinga til Blix kjem eg straks attende til.²

Ein finn ikkje så få artiklar om Elias Blix i *aviser og tidsskrift*. Mange av desse har biografiske innslag. Tydelege toppunkt for desse skriftstykkja er dødsåret 1902, jubileumsåra 1936 og 1986 og hundreårsminnet for dødsfallet i 2002. Av dei nyare arbeida er det grunn til å framheve dei biografiske artiklane til kyrkjehistorikarane Hallgeir Elstad og Terje Ellingsen.³

Det finst ei rad spesialstudiar om *Blix-salmane*. Det er kanskje for pretensiøst å plassere dei små bøkene til Bernt Anker, Peter Hognestad og Lars Eskeland frå åra 1904-1909 i denne kategorien; det handlar helst om pamflettar i målstriden. Men desse tidlege og sympatiske lesingane av arbeidet til Blix er resepsjonshistorisk svært viktige. Dessutan

² Halvorsen 1885; Liestøl 1925; Bull 1999.

³ Elstad 2002; Ellingsen 2004. Sjå òg Juvkam 1981 og Lønning 1986, arbeid som ikkje er siterte i *Ein betre vår ein gong*. Eg har ingen ambisjonar om å gi nokon fullstendig bibliografi over sekundærlitteraturen om Blix, til det er artikkelstoffet for omfattande.

inneheld dei interessant biografisk informasjon, skrivne som dei er av forfattarar som kjente Blix personleg. Sigvald Skavlans samtidige, men langt meir kritiske analyse høyrer heime i det same bildet.⁴

Både Anker, Hognestad og Skavlan var teologar. Seinare er det nordistar og litteraturvitarar som har levert dei mest omfattande Blix-studiane. Hovudoppgåva til Kristian Heitmann Starbo frå 1920 har ikkje hatt nokon stor verknad på ettertidas Blix-bilde.⁵ Magistergradsavhandlinga til Oskar Sønnerland tretti år seinare har derimot vore ein viktig premissleverandør for alle som seinare har skrivne om emnet, ikkje minst fordi resultata er blitt populariserte og spreidde gjennom Reidar Bollings biografi.⁶ Hovuddelen av avhandlinga til Sønnerland (s. 22-90) er ei grundig innhaldsmessig kartlegging av motiv og symbolbruk i originalsalmane til Blix, under overskrifta "Eit tverrsyn gjennom Blix' salmedikting. Korleis fenomenen speglar seg av, symbolsk og allegorisk." Undersøkinga er tematisk bygd opp, stort sett etter mønster frå tradisjonelle framstillingar av truslæra, og illustrert med døme frå heile salmeproduksjonen. I to kortare kapittel (91-122) utfører Sønnerland deretter grundige eksemplanalyser av tre omsette salmar og tre originalsalmar. Til slutt (123-131) gir han ein samanfattande karakteristikk av salmediktinga til Blix. Arbeidsmåten er i hovudsak verkimmanent, men det finst ansatsar til samanlikning med eldre salmediktarar. Sentralt i sluttkapitlet står til dømes denne jamføringa av Kingo og Blix (s. 128):

Om ein jamfører Blix' originale salmar med Kingos salmedikting, så blir det i hovuddraga dei rake motsetnader ein får å gjere med. For er Kingo monumental i emne og stil, så er Blix så reint daglegdags der. Og er Kingo patetisk opphøgd og majestetisk storlagd i si dikting, så er Blix så einfeldt og beinveges. Snautt nokon annan salmediktar kan som Kingo bruke dei barokke styltrer og gjere alt – det vesle irekna – fenomenalt og storstilt problematisk. Dikte salmar på barnespråket kan snautt ingen som Blix.

Ved sida av arbeidet til Sønnerland står hovudoppgåva til Tove Bull frå 1972 som den grundigaste samla analysen av salmediktinga til Elias Blix.⁷ Tilnæringsmåten hennar er ein "idéanalyse" i slekt med Sønnerlands. Hovuddelen (s. 57-154) byggjer i enda høgare grad enn

⁴ Eskeland 1904; Hognestad 1904; Anker 1909; Skavlan 1904.

⁵ Starbo 1920.

⁶ Sønnerland 1950. Det systematiske kapitlet om salmediktinga i Bolling 1953, 101-159 står i stor gjeld til Sønnerlands analysar.

⁷ Bull 1972.

forjengaren på truslære-skjemaet. Her kjem den samlande karakteristikken av Blix-salmane i det innleiande kapitlet: ”Blix verkar lite personleg og individuell i salmane sine. Det er allmenne religiøse sanningar han forkynner, slik at han vert ein fellesnemnar for kristentrua” (58-59). Blikket for den bibelske forankringa er sterkare hos Bull enn hos Sønnerland: ”Dei fleste salmane har ein utprega bibelsk farge, og allusjonar til Bibelen finst mest i kvar salme” (59). Ho har ikkje hatt ambisjonar om å påvise desse allusjonane systematisk, men ho observerer treffande at ”[n]ettopp denne bibelske fargen kan forklåre kvifor Blix’s salmar så fort fekk rom i kyrkja.” I kapitlet ”Frå Genesaret til Gildeskål” (148-154) tek Bull opp ein standardtopos i Blix-litteraturen, bruken av bilde frå norsk og særleg nordnorsk natur i salmane. Her òg fokuserer ho sterkare på dei bibelske klangane enn mange andre tolkarar gjer. Seinare har teologen Trine Fuglevik (Færevåg) levert ein meir systematisk analyse av bibelbruken i Blix-salmane som spesialavhandling ved Menighetsfakultetet.⁸

Desse avhandlingane inneheld korte biografiske skisser, men det er tekst- og verkanalysen som er det sentrale elementet. Eit sterkare *biografisk* innslag finst i Eivind Berggrav si vesle bok *Elias Blix. Kristentypen og personligheten*, utgitt i 1936 i samband med hundreårsjubileet for diktaren.⁹ Boka er interessant både som analyse av Blix, som tidsdokument frå mellomkrigstida og som uttrykk for religionspsykologen og hålogalandsbipen Eivind Berggrav sin tankegang og skrivestil. Berggrav har hatt stor innverknad på den seinare Blix-resepsjonen, mange av observasjonane og formuleringane hans er til dømes siterte med tilslutning hos Sønnerland og Bull. For eigen del finn eg det særleg opplysende når Berggrav framhevar Blix som representant for ”*våre besteforeldres kristendom*” (kursiv i originalen), ”den gamle kristendom” frå ei tid før vekkingar og andre modernitetsfenomen hadde dyrka fram ”de individuelle oplevelses-typer, de personlige avgjørelser, den stadige ny-erhvervelse av troen” (s. 26).

Sjølv har eg vore meir oppteken av den historiske og sosiologiske konteksten Elias Blix levde og arbeidde i, enn av dei psykologiske føresetnadene hans. Her har eg funne mykje å hente hos nordisten Reidar Djupedal, som var rettleiar for hovudoppgåva til Bull og sjølv ved fleire høve har gitt gode samanfatningar av livet og verket til Elias Blix. Etterordet hans til tekstutgåva *Der eit fjell stig mot sky* frå 1968 er etter mitt syn, trass si relativt kortfatta

⁸ Fuglevik 1986.

⁹ Berggrav 1936.

form, kanskje den mest perspektivrike analysen så langt av dei biografiske og idéhistoriske føresetnadene for denne første nynorske salmediktinga.¹⁰

Det viktigaste biografiske arbeidet til no er boka *Elias Blix* av presten og kyrkjarahistorikaren Reidar Bolling, utgitt i 1953.¹¹ Trass i det avgrensa omfanget er dette ei god og viktig bok. Bolling har funne fram til eit imponerande kjeldetilfang. Det er grunn til å understreke dette, for det er ikkje nødvendigvis det inntrykket som sit att om ein les *Ein betre vår ein gong*. Inga anna framstilling blir her i same grad diskutert, kritisert og korrigert som nett boka til Bolling. Det har to grunnar. Den eine er at dette er den viktigaste forgjengaren. Den andre grunnen er at boka har ein beklageleg defekt: Den manglar heilt eit apparat for dokumentasjon og kjeldetilvising. Å etterprøve Bollings opplysningar og resonnement har vore eit svært tid- og ressurskrevjande arbeid. Det generelle inntrykket er at det finst kjeldegrunnlag for nesten alt Bolling skriv. Men boka er ikkje fri for feiltolkingar, misforståingar og reine skrivefeil, og mangelen på referanseapparat gjer det svært vanskeleg å oppdage desse.

Alle seinare biografiar om Elias Blix byggjer på Bolling. Det gjeld Kurt-Johnny Olsens kortfatta og populære framstilling, utgitt i samband med 150-årsjubileet i 1986, og Finn Tømmerbergs engelske biografi frå 1999. Desse forfattarane, som begge har tilknytning til Salten og tilgang til familietradisjon og lokal tradisjon, kjem i tillegg med nye opplysningar om barndomsmiljøet til Elias Blix. Den biografiske delen i Egil Elseth si todelte framstilling frå 1989 byggjer i høg grad på Bolling, medan den hymnologiske delen er eit sjølvstendig og svært interessant komplement til arbeida av Sønnerland og Bull, sjølv om framstillinga er halden i ei meir populær form.¹²

Jarle Bondevik har skrive kort, men godt om Blix si rolle i arbeidet med *bibelomsetjinga* til nynorsk. Den grundigaste undersøkinga av dette omsetjingsprosjektet ligg no føre i hovuddelen av doktoravhandlinga til Per Halse, ”Gudsord og folkemål. Framveksten

¹⁰ Berggrav 1936; Djupedal 1968. Mykje av grunnlagsmaterialet er henta frå Bolling, men Djupedal hadde i tillegg uvanleg stor kunnskap om og oversikt over den tidlege utviklinga av målrørsla.

¹¹ Bolling 1953; sjå òg den kortfatta framstillinga i Bolling 1962.

¹² Olsen 1986; Tømmerberg 1999; Elseth 1989.

av nynorsk kyrkjepååk 1859-1908”. Halse disputerte først hausten 2009, men eg har gjennom fleire år hatt høve til å utveksle synspunkt og informasjon med han.¹³

Elles er Blix nemnd i framstillingar av norsk politisk historie, vitskapshistorie, litteraturhistorie og kyrkjehistorie, men alltid som ein heller anonym biperson. Tydelegast er han til stades i den historiske litteraturen om målrørsla. Ein samla dokumentasjon og ei vurdering av innsatsen hans på desse ulike områda har mangla. Bollings bok er den framstillinga som kjem nærmast, men nokon omfattande standardbiografi har ikkje vore på marknaden. Dette holet har eg forsøkt å fylle gjennom *Ein betre vår ein gong. Elias Blix*. At boka òg har vidare ambisjonar, vil gå fram av det som følgjer.

Kjelder

Apparatet i *Ein betre vår ein gong* gjer utførleg greie for kjeldegrunlaget til biografien. Her skal eg berre gi nokre supplerande opplysningar, særleg om materiale i privat eige. Dessutan kan det vere nyttig å drøfte kjeldegrunlaget for Blix-biografien til Reidar Bolling og vise kva nytt kjeldetilfang boka mi byggjer på.

Elias Blix er ikkje mellom dei som har ordna og tilrettelagt kjeldematerialet for sin eigen biografi, heller ikkje har han etterlate seg dagbøker.¹⁴ Forutan trykte kjelder og dokument i offentlege arkiv har Bolling hatt tilgang til brev og andre personlege papir. På hans tid var desse for ein stor del i privat eige. Eg meiner å ha funne att så godt som heile dette materialet.¹⁵ Men dessutan har Bolling hatt høve til korrespondanse og samtalar med

¹³ Bondevik 2003, særleg s. 50-64; Halse 2009.

¹⁴ Det nærmaste måtte vere ei notisbok med notat av ymse slag frå 1850- og 1860-talet, no i Nasjonalbiblioteket i Oslo (NBO) Ms. 4° 4483. Denne kom for dagen på eit svært seint tidspunkt i arbeidet mitt og kunne berre delvis utnyttast i framstillinga.

¹⁵ Det er nokre viktige unntak. Følgjande sitat i Bolling 1953 har eg ikkje greidd å verifisere og derfor som regel unnlate å bruke:

På s. 22 nemner Bolling ein attest frå lærar Hans Hansen som låg ved søknaden til lærarseminaret i Tromsø.

På s. 33 nemner Bolling ei årsmelding frå seminarstyrar Rode frå hausten 1854. Eg har polemisert mot Bollings tolking i note 25 på s. 484.

Eg har ikkje funne brevet frå Blix til Hansen som Bolling refererer på s. 35, denne opplysninga har eg likevel nytta i *Ein betre vår ein gong* s. 78, jfr. note 46 s. 486.

fleire nære slektningar, både barn av Elias Blix og nær familie i Gildeskål. Når det gjeld desse muntlege kjeldene er boka til Bolling heilt uvurderleg og mangelen på dokumentasjon ekstra uheldig.

Den viktigaste informanten til Bolling var Ivar Blix, yngste son til Elias Blix, busett på Bygdøy i Oslo. Ivar Blix tok vare på eit omfattande *Nachlass* av bøker, trykksaker, bilde, avisutklipp, brev, manuskript og andre private papir etter foreldra og dei ugifte søskena Marie og Einar. Det meste av det som har offentleg interesse, er etter kvart avlevert til handskriftsamlinga ved Nasjonalbiblioteket i Oslo (tidlegare Universitetsbiblioteket). Så seint som hausten 2007 er ei viktig samling papir frå dødsbuet etter Finn Blix, son til Ivar, overført hit.¹⁶ Noko materiale frå Ivar Blix finst òg ved Norsk Folkemuseum og Salten Museum Gildeskål. Ein del private papir og mange fotografi finst hos Siri Salvesen, Oslo, dotter til Ivar Blix. Ho har dessutan maskinskrive eit manuskript med ”Erindringer” etter faren til sirkulasjon i familiekretsen. Dette manuskriptet blei påbegynt under andre verdskrig, men avslutta først i 1963. Bolling har tydelegvis ikkje hatt tilgang til denne kjelda, som familien har vore så venleg å stille til disposisjon for meg. Også hos etterkommarar av Helge Blix er det interessante kjelder i form av gjenstandar, bilde og skriftleg materiale, særleg hos Bjørn Elias Blix, Oslo, og Hanne Beate Blix, Sandefjord.

Den store samlinga brev frå Elias Blix til seminarkameraten Johan Amundsen, også den i handskriftsamlinga til Nasjonalbiblioteket, er ei særleg viktig kjelde som både Bolling og eg i høg grad har utnytta.¹⁷

Vidare har manuskriptsamlinga ved Universitetsbiblioteket i Bergen ei viktig Blix-samling som del av Lars Eskelands etterlatne papir. Dette materialet har Bolling ikkje kjent til. Det er tydeleg at Eskeland på 1920-talet gjekk med planar om ein større Blix-biografi,

Enno eit Hans Hansen-sitat gir Bolling på s. 75: ”Hold dig til din theologiske Videnskab og læg bort disse underlige Fagter” (dvs. landsmålet).

På s. 117 hos Bolling finst ei prinsipiell utsegn om tilhøvet mellom ”dei tvo store livsens magter, det kristelege og det nationale.” Teksten skal vere frå 1899. Om den er autentisk, har Blix sjølv vore svært nær å formulere mottoet ”kristendom og norskdom”, som elles spelte ei sentral rolle i ungdomslagsrørsla på denne tida.

¹⁶ NBO Ms. 4° 4483. Dei eldre avleveringane er Brevs. 407; Ms. 8° 921-926; Ms. 4° 1178.

¹⁷ NBO Ms. fol. 688.

planar som aldri blei realiserte.¹⁸ Samlinga inneheld nokre brev og manuskript, ein del fotografi og ei mengd avisutklipp. Kjelde for mesteparten av dette materialet er nok Hans Peter Blix, eldste son til Elias Blix. Mange av avisene ber påskrifta ”Justitsdepartementet”. Hans Blix var tilsett i dette departementet i åra 1901-1918. Det meste av 1920-talet var han sorenskrivar i Hardanger, medan Eskeland budde på Voss.

Eit stort og tidlegare uutnytta kjeldemateriale finst hos Leiv-Erik Blix Bondevik, Ålesund, oldebarn av Hans Peter Blix. Viktigast er ei stor brevsamling som særleg inneheld brev til Blix frå statsrådstida på 1880-talet. Dette er eit nytt tilskot av kjelder til det indre livet i Johan Sverdrups ministerium. Breva var utlånte til Nynorsk kultursentrum i samband med ei Blix-utstilling der i 2002, men er altså i privat eige.

Ved sida av handskrive materiale er avisutklipp ein særleg viktig kjeldetype i desse familiearkiva. To omfattande og svært interessante samlingar er bevarte. Den eine, etter Hans Peter Blix, er som nemnt i Universitetsbiblioteket i Bergen; den andre, etter Marie Blix, er i Nasjonalbiblioteket i Oslo som del av Ms. 4° 4483.

I tillegg har eg på eiga hand gjennomgått eit stort tal aviser, blad og tidsskrift meir eller mindre systematisk. *Fedraheimen* har Norsk Ordbok velvillig stilt til disposisjon for meg i digital – og dermed søkbar – fulltekstutgåve. For *Den 17de Mai* har Nynorsk Kultursentrum gitt meg tilgang til ein innhaldsdatabase utarbeidd av Ole Dalhaug, og frå Terje Aarset har eg fått eit innhaldsoversyn han har utarbeidd over *Stille Stunder*. Eg har sjølv gått relativt systematisk gjennom dei heller kortliva publikasjonane *Svein Urædd*, *Andvake*, *Fram*, *Dag* og *Nordmannen*, pluss *Tromsø Tidende* gjennom nokre årgangar på 1850-talet og dei viktigaste Kristiania-avisene gjennom statsrådstida til Blix i åra 1884-1888. Elles er avislesinga mi meir sporadisk.

¹⁸ Universitetsbiblioteket i Bergen (UBB) Ms. 1257. Bokplanane går uttrykkeleg fram av eit brev til Eskeland frå Peder Ravik, brorson til Elias Blix, datert 27.12.1923.

Grunnlagsproblem

The writing of lives is a department of history and is closely related to the discoveries of history. It can claim the same skills. No lives are led outside history or society; they take place in human time. No biography is complete unless it reveals the individual within history, within an ethos and a social complex. In saying this, we remember Donne: no man is an island unto himself.

Leon Edel¹⁹

Biografi og historie

Biografien som historie

Det kan nok være, at ”personlighedshistorie” er kommet for at blive – der har jo også tidligere været bølger af denne type, især udgået fra litteratur- og kulturhistoriske skribenter. Men jeg håber ikke, at genren som her fremlagt i nævneværdig grad skal optage historikeres tid og kræfter.

Niels Thomsen²⁰

Har eit arbeid som *Ein betre vår ein gong* nokon plass innanfor vitenskapsfaget historie? Det finst grunnar til å meine det. Boka handlar om fortida, og den byggjer på kritisk gransking av kjelder og drøfting av sekundærlitteratur.

Svaret er likevel alt anna enn opplagt. ”Historien om frk. Zahle – er det historie?” spurte den danske historikaren Niels Thomsen som opponent ved disputasen til Birgitte Possing i 1992. Avhandlinga hennar var ein biografi om skolepioneren Nathalie Zahle.²¹ Thomsen gjekk langt i retning av å svare nei på sitt eige spørsmål: Berre på svært strenge vilkår har biografien noko i historiefaget å gjere. Debatten som følgde, har blitt eit referansepunkt i nordisk diskusjon om biografien som historievitenskapleg arbeidsmåte og framstillingsform.²²

¹⁹ Edel 1984, 14.

²⁰ Thomsen 1992, 358.

²¹ Possing 1992a.

²² Sentrale innlegg er Thomsen 1992; Possing 1992b; Eriksen 1996. Hefte 2 av *Historisk Tidsskrift* [dansk] 97 (1997) inneheld fleire bidrag. Possing 1999, 525, note 2 gir ein utførleg bibliografi over debatten. Sjå òg den svenske tverrfaglege artikkelsamlinga Åkerman et al. 1997a. Den har nyleg fått ein interessant oppfølgjar i Rosengren og Östling 2007.

Thomsens hovudkrav til historisk arbeid er ”relevans”. Med tanke på biografien presiserer han dette kravet ved å seie at den er ”væsentlig ... først hvis den giver viktig, sand og ny innsigt i en væsentlig rolle og indsats”. Med det har biografien samtidig fått seg tildelt ein posisjon i den viktige grunnlagsdiskusjonen om aktørar og strukturar som drivkrefter i historia: Ytst på den aktørorienterte sida.²³

Heilt urimeleg er ikkje dette synspunktet. I tidlegare historikargenerasjonar var biografien inga uvanleg arbeids- og publiseringsform. Særleg har politikarbiografien hatt høg status; sentrale politikarar er aktørar med svært direkte innverknad på samfunnsutviklinga.²⁴

Politikk var ein ikkje ubetydeleg del av livet til Elias Blix, men sjølv som statsråd var han ikkje ein politisk aktør av slik tyngde at denne innsatsen kallar på ein omfattande biografi. Det same må ein seie om det faglege arbeidet hans innan semittisk og samanliknande språkvitskap. Det er på det kyrkjelege området at engasjementet hans har gitt varige resultat. Særleg gjeld det salmediktinga, til ein viss grad bibelomsetjingsarbeidet. Ein biografi om Blix skriven etter Thomsens standard ville helst høyre heime i kyrkjarahistoriefaget, eventuelt i litteraturhistoria. Elias Blix er sannsynlegvis den viktigaste individuelle aktøren i den prosessen som gjorde nynorsk til kyrkjespråk, og han har hatt mykje å seie for utviklinga av nynorsk som litterært språk i det heile. Dette er definitivt ”en væsentlig rolle og indsats”.

Men det går an å tenkje annleis om biografien.

På 1970-talet hadde strukturorienterte innfallsvinklar som økonomisk historie og sosialhistorie hegemoniet innan historiefaget her til lands. Det hadde ideologiske grunnar, men jamvel tekniske og praktiske. Ei interesseforskyving frå ”store menn” i retning av ”historie nedanfrå” låg i tida. Samtidig gjorde utviklinga av elektronisk databehandling det mogleg å arbeide med kvantitative undersøkingar i eit heilt anna omfang enn tidlegare, og nye organiseringsmodellar med større forskargrupper opna rom for forskingsprosjekt i større skala enn før.²⁵

²³ Thomsen 1992, 354.

²⁴ Tre døme frå kvar sin historikargenerasjon, alle med høg grad av relevans for politikaren Elias Blix, er Koht 1918-1925; Fuglum 1957 og 1964; Seip 1971. Det var også politikarbiografien som særleg kom i fokus da *Nytt Norsk Tidsskrift* hefte 3/1986 lét Hans-Fredrik Dahl, Berge Furre, Trond Nordby og Göran B. Nilsson debattere ”den historiske biografien”, jfr. diskusjonen hos Haavet 1997, 354-357. Dette heng nært saman med den sterke posisjonen politisk historie i lange periodar har hatt innan historiefaget.

²⁵ Åkerman et al. 1997b, 8-9; Myhre 1995, 224-237; Haavet 1997, 346.

Det tyder ikkje at individet blei borte; det varte i alle fall ikkje lenge. ”Historie på individnivå” er faktisk tittelen på ein presentasjon av Ullensaker-undersøkinga, som saman med ei tilsvarande undersøking av Kristiania utgjorde det ambisiøse sosialhistoriske forskingsprosjektet ”Norsk samfunnsutvikling ca. 1860-1900” i regi av Historisk institutt ved Universitetet i Oslo. Eit omfattande kjeldemateriale med personopplysningar frå 1800-talet blei samla inn og tilrettelagt i elektronisk form, eit pionerarbeid i sitt slag. Materialet danna utgangspunkt for ei rad hovudoppgåver, doktoravhandlingar, artiklar og bøker. Leiaren Sivert Langholm karakteriserer prosjektet som ”et mikrohistorisk eksperiment”. ”Mikrohistorie” blir i denne samanhengen presisert nettopp som ”*historie på individnivå, med individet som undersøkelsesenheter.*” Individet og livsløpsperspektivet har altså ikkje drukna i statistikk og store tal, snarare tvert om. Dei historisk interessante individa er berre blitt andre enn før, og fleire:

Men det overveldende flertall av individuelle aktører som opptre på historikernes forskningsfelt er de *mange små individuelle aktørene*, som interesserer alment ikke i og for seg som enkeltindivider, men som *kategorier av individuelle aktører*, eventuelt som *typiske og representative aktører*, de mange som i visse situasjoner *handlet likt*.

Dei mikrohistoriske arbeidsformene blir motiverte ved at ”de er ofte nødvendige for å rekonstruere og knytte sammen vilkår og atferd, skjebne og valg, i det eneste punkt der de bør og *kan* knyttes sammen, nemlig hos den enkelte aktør.” Som konkret illustrasjon tener den fattige snikkaren Jakob Eriksen (f. 1821). Livet og handlingane hans ”inngår ... i en rekke av de viktigste sosiale prosessene og bevegelsene på 1800-tallet som historikerne har interessert seg for”: Dei store fødselskulla etter 1815, Thrane-rørsla, husmannsvesenet, bygdeproletariatet og fattigvesenet, masseemigrasjonen til USA. Ved hjelp av dette dømet vil Langholm ”vise hvordan disse prosessene *knyttes sammen* i hans levnetsløp”.²⁶

²⁶ Langholm 1974, sitat frå s. 246, 247, 248, 255 og 256. Det norske prosjektet hadde altså som mål ”å studere dei lokale og individuelle forholda som eksempel på større strukturelle samfunnsprosessar”, Kaldal 2002, 16. I tysk og italiensk historieskriving har ”mikrohistorie” vore nytta enda meir individualiserande; her har ein heller lånt reiskapar frå sosialantropologien enn frå sosiologien (ibid. 35-37.88-90). ”Da har det handla om å utsette materiale frå lokale miljø for intense tolkingar, og målet med det har ikkje vore å redusere, eller gjere tolkingane meir eintydige, men like gjerne å vise korleis spora etter levd liv ikkje berre framstår som tydelegare og meir presise, men *samtidig* meir fleirtydige” (ibid., 90). Dette er ein arbeidsmåte av den typen antropologen Clifford Geertz har kalla ”thick description”.

Jamvel Niels Thomsen erkjenner verdien av ”biografier af mennesker eller familier, der ikke skildres, fordi de selv har betydet noget særligt, men fordi de kan repræsentere større grupper, som har gjort det.” Men så fort ein person er blitt ”berømt” for ein eller annan særleg innsats, finn Thomsen at dei ”særlige krav til sikring av representativitet” som ein må leggje på denne typen studiar, blir ”svære at indfri.”²⁷

Eit spesielt interessant bidrag i den danske nittitalsdebatten om biografi i historiefaget kom frå Sidsel Eriksen. Ho er sjølv forfattar av ein biografi om Lene Silfverberg, ein av dei mindre kjende leiarane i den danske fråhaldsrørsla. Artikkelen ”Biografier som lakmus-papir. Overvejelser omkring den socialhistoriske biografi” representerer på fleire måtar ei reorientering av den biografiske innfallsvinkelen som liknar på det norske Ullensaker-prosjektet. Eriksen hevdar at ”strukturhistorien først har afskaffet biografien som levnedsskildring i dens traditionelle (politiske) form”, men seinare ”ikke blot født et nyt behov for den, men måske også ... stillet nye krav til den, fordi genren beskæftiger sig med områder og perspektiver, som den almindelige historiske fremstilling ikke kan nå – eller ikke interesserer sig for.”²⁸ Vidare går ho i dialog med eit problem Thomsen hadde peikt på ved sosialhistoria, nemleg ”at det er vanskelig at nå tæt på de store anonyme miljøer. ... De mennesker, man kan skrive om, er i reglen ikke repræsentative. Og dem, der er repræsentative, kan man ikke skrive om.” Det er her den kjemiske metaforen ”lakmuspapiret” kjem inn, lånt frå den franske historikaren Fernand Braudel:

Papiret i sig selv er ikke interessant, men den måde papiret reagerer på, fortæller en hel del om karakteren af den omgivende væske. Begivenheden er for Braudel kun et middel til at afdække den strukturelle virkelighed, der omgiver begivenheden, frem for alt det, han kalder ’dagliglivets strukturer’ og forholdet mellem ’det mulige og det umulige’. Gennem begivenheden kan man belyse grænserne for, hvad der kunne lade sig gøre, og hvad der ikke kunne lade sig gøre for mennesker til forskellig tid.

Eriksen utvider ’begivenheden’ til heile livsløp, men poenget er det same: ”Gennem studiet af det enkelte individs konkrete samspil med omgivelserne, kan vi altså ’opdage’ og afstikke grænserne for individets handlemuligheder.”²⁹ Med ein slik innfallsvinkel blir individet forstått meir som *symptom* på ein underliggjande ”social og mental struktur og dens grænser”

²⁷ Thomsen 1992, 354-355.

²⁸ Eriksen 1996, sitat frå s. 163. Jfr. Eriksen 1993 [non vidi].

²⁹ Eriksen 1996, 163-164

enn som aktør i tradisjonell forstand. Til dette føremålet skulle ein kunne bruke ”et hvilket som helst individ som utgangspunkt” og likevel kome rundt representativitetsproblemet. Ved å undersøke dialogen mellom eit profilert og taleført medlem som har etterlate seg eit relativt rikeleg kjeldetilfang, og den fråhaldsrørsla ho var ein del av, meiner Eriksen å kunne kartlegge ”bevægelsens indre liv” temmeleg presist.³⁰

Det er grunn til å løfte fram to viktige impulsar bak Eriksens artikkel. Å bruke Braudel som teoretisk utgangspunkt for biografisk arbeid kan nesten verke ironisk. Kretsen rundt tidsskriftet *Annales*, der Braudel gjennom mange år var den dominerande figuren, har nett vore kjenneteikna ved ei programmatisk vending bort frå enkelthendinga, individet og forteljinga i retning av økonomihistorie og strukturhistorie, undersøkingar av store datamengder og studium av samspelet mellom endringsprosessar med ulike bølglengder, ikkje minst svært langsame endringar over svært lange tidsrom. Men slik blir Eriksens eige arbeid eit døme på det ho sjølv karakteriserer som ”et nyt behov” for biografi.³¹

Den andre impulsen kjem frå kvinneforskinga. Karakteristisk for den danske nittitalsdebatten er ein opposisjon mellom ”den politiske (mande)biografi og den apolitiske (kvinde)biografi”, som Eriksen uttrykker det.³² Ei samansett gruppe av kvinnelege historikarar har utfordra hegemoniet til midalders menn som har skrive om mannlege politikarar. Fleire av desse kvinnene har eksplisitt grunnlagt valet av biografien som forskingsstrategi med ønsket om eit heilskapleg perspektiv som reaksjon på ”den stadig voksende spesialisering og partikularisering inden for humaniora.”³³ Mykje av kritikken mot ”kvinnebiografiane” har handla om privatlivets plass og relevans. Den mest interessante nyansatsen i denne danske diskusjonen er etter mitt syn likevel den uttala sosialhistoriske orienteringa. Her til lands har Nina Griegs biograf Inger Elisabeth Haavet uttrykt liknande tankar: ”Fortellingen om Nina Grieg blir til historisk nyttig kunnskap fordi den belyser de betingelser for individuelle valg som fantes innenfor den type familiær, økonomisk, sosial og

³⁰ Eriksen 1996, 166.168.

³¹ Til karakteristikken av Braudel, sjå Burke 1992 (1990), 57-81. Det fanst rom for biografiske innfallsvinklar jamvel i denne rørsla, særleg mellom historikarar med interesse for ”mentalitetshistorie”. Alt Lucien Febvre skreiv ein biografi om Martin Luther, jfr. Burke 1992 (1990), 42-43. Sjå òg Levi 1989.

³² Eriksen 1996, 161. Thomsen 1997 er framleis ikkje overtydd om verdien av arbeid som Possings og Eriksens. Denne sida ved den danske debatten er analysert hos Haavet 1997, 357-367.

³³ Særleg uttala hos Birgitte Possing, m. a. Possing 1997, 72. Jfr. òg Haavet 1997, 353.

kulturell sammenheng som kvinner i hennes miljø levde under.”³⁴ I denne forma blir biografien ein av vegane i den utviklinga ”frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie” som mellom andre Ingar Kaldal har analysert.³⁵ I USA har David Nasaw nyleg jamvel profetert:

The biographical form may become a favored one for twenty-first-century historians because it offers a way of transcending the theoretical divide between empiricist social history and linguistic-turn cultural history without sacrificing the methodological or epistemological gains of either.³⁶

Mitt eige utgangspunkt for biografien om Elias Blix ligg nokså nær Sidsel Eriksens. På somme avgrensa område har aktøren Elias Blix hatt stor og direkte påverknad på historiske endringar. Men under arbeidet mitt viste det seg tidleg at Blix var vel så interessant av grunnar som liknar på ”søster Silfverberg” i København eller snikkar Jakob Eriksen frå Ullensaker. Både som aktør, som symptom og som observatør gir Elias Blix interessante innfallsvinklar til studiet av norsk historie i siste halvdel av 1800-talet. I *Ein betre vår ein gong* har eg forsøkt å få fram poenget i innleiingskapitlet ”Brillene” (s. 12-13):

Biografien til Elias Blix blir ei rørsle gjennom det norske 1800-talet frå periferi mot sentrum. Det gjeld i bokstaveleg og geografisk forstand: Frå ei kystbygd i Nordland flyttar han via regionsenteret Tromsø til hovudstaden. Der blir han buande, berre med eit par avstikkarar utanlands. Flyttinga er samtidig uttrykk for ei sosial rørsle, frå fiskarbøndene i kystsamfunnet til høgborgarskapet i hovudstaden, med læraryrket og universitetet som viktige stasjonar på vegen.

Det er ikkje berre individet som er i rørsle, det er heile samfunnet. På Elias Blix si tid er det enno ikkje opplagt korleis det norske politiske systemet, det norske språket, det norske utdanningsvesenet eller den norske kyrkja skal utvikle seg. Blix har vore deltakar i mange av dei endringsprosessane som forma det moderne Noreg i tiåra før unionsoppløysinga i 1905. Gjennom hans briller kan det vere mogleg å sjå samanhengar som det er vanskeleg å oppdage på annan måte.

Eg meiner altså at biografien om Blix er nokså trygt forankra i historiefaget.³⁷

³⁴ Haavet 1997, 347-348. Den biografiteoretiske delen av avhandlinga er utelaten i bokutgåva, Haavet 1998.

³⁵ Kaldal 2002; jfr. Slettan 1996. Eg vil heller bruke uttrykk som ”utvikling” enn t. d. ”paradigmeskifte”; eg les Kaldal slik at han legg vel så stor vekt på kontinuitet som på brot i denne prosessen.

³⁶ Nasaw 2009, 577.

³⁷ Dette gjeld sjølv om Niels Thomsen skulle få lov til å definere faget, i det minste etter den utvida kriterielista hans frå ein seinare runde i den danske debatten, Thomsen 1997, 426-427.

Historikaren som biograf

”Er biografien en underform av historieskrivningen eller en egen, selvstendig genre?” spør litteraturvitaren Marianne Egeland, ein av dei mest sentrale bidragsytarane til norsk biografiteoretisk debatt, i boka *Hvem bestemmer over livet?* Svaret hennar på dette ”uløselige dilemma” er det siste, og dei fleste vil nok vere samde med henne i det.³⁸ Men også i den seinare artikkelen ”Biografi og historieskriving” er det ei uro å merke hos Egeland knytta til nemninga ”historisk biografi”: Den ”kan på den ene side brukes for å gjøre biografien stueren og på den annen side oppfattes som en faglig-litterær annektering av biografigenren.”³⁹

Kan hende har ho grunn til uro. Birgitte Possing hevdar til dømes utan vidare: ”Since antiquity Western historical biography has been regarded as a branch of historiography.”⁴⁰ Egeland fører nok både historiografien og biografien attende til røter i den gresk-romerske antikken, men ho poengterer at dei er av ulikt opphav og har tent ulike funksjonar gjennom tidene. Vitnemål om dette hentar ho både frå antikken og frå opplysningstida, hos Plutark og Ludvig Holberg. Den eine er sitert på at ”jeg skriver ikke historie, men biografi”, den andre diskuterer eksplisitt skilnaden mellom ein ”Biographus” og ein ”Historicus”: ”Den førstes *Officium* er fornemeligen at give sin Helts *Portrait*, den andens at føre i Pennen alt hvad som er skeed under hans Regiering.”⁴¹ No er det ikkje opplagt at Holbergs definisjonar er gangbar mynt 270 år seinare. Som omsetjar har eg lært at den faktiske bruken av ord i ein aktuell kommunikasjonssituasjon er viktigare enn det etymologiske opphavet, og som biograf meiner eg altså at eg nettopp utøver historie.

³⁸ Egeland 2000, 74.

³⁹ Egeland 2002a, 253; sitat frå ingressen, resonnementet finst på s. 270-271. Ein liknande frykt er framført av Svedjedal 2007, 73, men hos han ikkje avgrensa til historieforskinga: ”Ska biografien bli akademikernas trojanska häst? ... Då skulle biografien vara ett medel, inte ett mål.”

⁴⁰ Possing 2001, 1213. Sitatet eg har brukt som motto for dette kapitlet, kunne tyde på at Edel 1984 går enda vidare i å leggje biografien inn under historiefaget, men bildet er ikkje eintydig. Possing løyver eit rom for ”literary biography” som ”a well-established genre in its own right” med same Edel som ein sentral representant, *ibid.* 1215.

⁴¹ Egeland 2000, 28.74-75. Plutark-sitatet er frå biografien om Aleksander den store, Holberg-sitatet frå *Adskillige store Heltes og berømmelige Mænds, sær Orientaliske og Indianske sammenlignede Historier og Bedrifter efter Plutarchi Maade* (1739).

Dag Jenssen er på si side svært beskjeden på vegner av historiefaget. I førelesinga ”Noen trekk i den historiske biografens landskap” er det tydeleg at han har fredelege hensikter og slett ikkje har planar om å annektere biografisjangeren for historiefaget. Han skil nemleg mellom ”den historiske biografien” og ”den egentlige biografien” og kjem med dette i skade for å gjere den historiske biografien til eit ueigentleg prosjekt.⁴²

”Det er kilopris på biografidefinisjonar,” seier den sjølverklærte eksbiografen Stephen Walton, for så å sitere Kenneth Silvermans konsise utgåve av arten: Biografi er ”ei forteljande dramatisering av den truverdige dokumentasjonen om livet til eit anna menneske.” Walton ser ut til å oppfatte dette som eit ukontroversielt minste felles multiplum.⁴³ Etter mitt syn er definisjonen brukbar berre med to tydelege atterhald: Orda ”eit” og ”anna” er problematiske. Dei utelukkar kollektivbiografien og sjølvbiografien frå feltet. Det ønskjer eg ikkje å gjere, eg meiner at skiljet mellom sjølvbiografi og framandbiografi høyrer heime på eit lågare nivå i sjangerhierarkiet og at ”biografi” med fordel kan definerast så romsleg som råd.⁴⁴

Så fort definisjonsforsøka blir meir presise, og særleg når teoretikarar gir seg til å stille opp typologiar over ulike slag biografiar, står nemleg kategoriproblema i kø. Kvar innføringsbok med respekt for seg sjølv lagar lister over sjangertrekk og undersjangrar. Hos Egeland og Walton finst eit knippe gode eksempel, og sistnemnde gir ei presis oppsummering av det problematiske ved dei:

Mange av dei operative kategoriseringane skil mellom ulike tema, ulike periodar og ulike forteljarposisjonar om kvarandre, slik at dei lett blir opportunistiske og lite prinsipielle, og dermed er lite eigna til produktive generaliseringar, som er grunnen til at vi treng kategoriar i det heile.⁴⁵

Om eg sjølv likevel skulle gi meg i kast med tilsvarande øvingar, kunne eg tenkje meg å ta utgangspunkt i den biografiske trekanten eg refererer til på s. 13 i *Ein betre vår ein gong*: ”Til ein biografi skal det tre: Éin til å leve, éin til å skrive og éin til å lese. Biografien finst i

⁴² Jenssen 2002, 274-284.

⁴³ Walton 2008, 179, som siterer Silverman 1996, 107 [non vidi].

⁴⁴ For Walton er skiljet mellom biografi og sjølvbiografi av prinsipiell karakter, Walton 2008, 278-298.

⁴⁵ Walton 2008, 179-183, jfr. Egeland 2000, 88-93. Sitatet er frå Walton 2008, 182.

rommet mellom dei.”⁴⁶ I samsvar med dette kunne ein konstruere ein taksonomi etter tre ulike parameter:

Med utgangspunkt i det *levande* subjektet kunne ein lage separate skuffer til dømes for forfattar-, politkar-, forskar- og kjendisbiografiar. Men alt dei få kategoriane eg no har nemnt, overlappar kvarandre. Og skal ein til dømes rekne kvinnebiografiar som ei eiga gruppe? Kvifor er det eventuelt viktigare at ein person er kvinne enn at ho er forfattar eller politkar? Ei meir fundamental inndeling av denne typen er skiljet mellom individbiografiar og kollektivbiografiar. Det er helst dei første som blir rekna som ”ordentlege” biografiar, men det er vanskeleg å sjå nokon innlysande grunn til det.

Med det *skrivande* subjektet som inndelingskriterium kan ein for det første sortere sjølvbiografiar og framandbiografiar i kvar sin sekk. Så kan ein finsortere etter skrivarens profesjon eller styrande interesse. Kategorien ”historisk biografi” høyrer antakeleg heime her. Andre døme kunne vere ”biografisk roman”, ”psykobiografi” og ”journalistisk biografi”.

Tek ein det *lesande* subjektet som utgangspunkt, kan ein etablere eit tredje sett av kategoriar. Biografiar kan vere akademiske, populære, pedagogiske, underhaldande og kva veit eg.

Eg skal ikkje hevde at denne taksonomien representerer noko framsteg i biografiforskinga, men den er neppe dummare enn andre som finst på marknaden. Poenget er ikkje å etablere eit koordinatsystem der ein kan plote inn eit enkelt eksemplar av sjangeren så eksakt som mogleg. Poenget er å vise at biografien er ei litterær framstillingsform og ei fagleg arbeidsform som kan tene mange ulike føremål og fagfelt. Med moglege unntak for ”individbiografi – kollektivbiografi” og ”sjølvbiografi – framandbiografi” viser dei fleste dikotomiar seg å vere falske. Biografien – også den historiske biografien – kan ta mange former.⁴⁷ Kva for biografi det er mogleg å skrive, vil variere frå tilfelle til tilfelle, avhengig av korleis dei tre hjørna i den biografiske trekanten er konstruerte. For det levande subjektets del handlar dette vel så mykje om kjeldetilfang som om personleg konstitusjon. Det skrivande

⁴⁶ Eg går altså andre vegar enn Jenssen 2002, 274. I forsøket på å definere ”den historiske biografien” ser han bort frå slike kriterium som ”hvem det er som skriver (at det er en historiker) eller hvem det skrives om (at det er en historisk person). I stedet fester jeg meg ved biografien og den historiske biografien grunnintensjon eller -tendens.”

⁴⁷ Som Birgitte Possing ofte har påpeikt, seinast 2007.

subjektet har sin intensjon, men òg sin kompetanse. Endeleg er mykje avhengig av kva målgruppe av lesarsubjekt boka skal skrivast for. ”Biografi” er enten éin ting eller mange ting, men ikkje nøyaktig to.⁴⁸

I denne samanhengen er det grunn til å minne om ein svært viktig observasjon hos Inger Elisabeth Haavet:

Fortellingen om et livsløp har gjennom sin kronologiske oppbygging og allmennmenneskelige temastruktur så mange likhetspunkter med både forfatterens og leserens eget liv at engasjement, identifikasjon og nærhet nærmest kommer av seg selv – og dermed også en større mulighet for forførelse og forfalskning. Det påligger derfor forfatteren et ekstra ansvar for både i det egne rekonstruksjons- og analysearbeidet og i formidlingen å holde klart hvilken person som taler i ethvert øyeblikk av historien.⁴⁹

Relasjonen mellom subjekt og objekt er eit grunnleggjande hermeneutisk problem, og i samband med biografien melder det seg særleg tydeleg, knytta til stikkord som ”innleving” og ”forståing” på den eine sida, ”kritisk distanse” på den andre. Fleire teoretikarar har samanlikna det biografiske arbeidet med ei anna særleg krevjande hermeneutisk verksemd, den terapeutiske samtalen innan psykoanalyse og liknande arbeidsformer.⁵⁰ Prinsipielt er det likevel vanskeleg å sjå at biografien skulle stå i noka særstilling i forhold til andre typar historiske undersøkingar. Det handlar i så fall om ein gradsskilnad, ikkje ein kategoriskilnad.

Å fortelje eit liv

Mellom Skylla og Karybdis

Eit blick på to skandinaviske biografidebattar frå 2000-talet kan egne seg som introduksjon til dei teoretiske og praktiske utfordringane ved å navigere i dei farvatna der historiske biografar ferdast.

I 2001 gav historikaren Ole Kristian Grimnes ut ein stor biografi om industrigründeren Sam Eyde. Forfattaren Dag Solstad, som sjølv hadde skrive industrihistorie i romanform og hausta pepar for det frå historikarhald, skreiv ei sterkt kritisk bokmelding der han skulda

⁴⁸ Dette anvendelege *bon mot* har eg lånt av den amerikanske bibelforskaren Moshe J. Bernstein, 1994, 34.

⁴⁹ Haavet 1997, 348-349.

⁵⁰ Jenssen 2002, 287-290.

Grimnes for ”kildefetisjisme” og manglande forståing for biografien som litterær form. Utan på nokon måte å leggje skjul på sin eigen agenda prøver Solstad ”å vise hvordan historikeren Ole Kristian Grimnes ved demonstrativt å fornekte biografens litterære karakter, selv blir et offer for uforløste litterære strukturer som styrer hans kildebruk.” Eit eksempel på kva han meiner, introduserer Solstad ved hjelp av far til Sam Eyde:

Den største skipsrederen i landets viktigste sjøfartsby. Likevel har Grimnes vanskelig med å plassere Eyde entydig i storborgerskapet ... Han skal skrive om en norsk gründer; har han fordi han fornekte det litterære ved en biografi, blitt offer for en dårlig litterær struktur, mannen som arbeider seg oppover, fra den streberske middelklassen til selv å bli en innbilsk og praktsyk storborger, er det denne klisjemessige narrative strukturen som har tatt et grep i Grimnes' tankevirksomhet og nekter å slippe taket?⁵¹

Eg er ikkje i stand til å skifte sol og vind i saka Solstad mot Grimnes. På mange måtar finn eg åtaket usympatisk, og på mange punkt har Grimnes svart godt for seg. Likevel har Solstad eit viktig prinsipielt poeng: Om kjeldekritikken og etableringa av historiske data er aldri så eksemplarisk, kan totalbildet i ei historisk framstilling likevel bli misvisande dersom historikaren ikkje er tilstrekkeleg medviten om dei retoriske og litterære grepa han faktisk nyttar når han koplar saman enkeltdata til ei forteljing.

Men det finst òg farar på den andre sida av leia. I Danmark kom det på seinhausten 2000 ut ein svær og uvanleg velskriven biografi om Søren Kierkegaard. *SAK* blei særst vel motteken, forfattaren, teologen Joakim Garff, fekk Brandes-prisen, og boka etablerte seg raskt som standardbiografi. Tre og eit halvt år seinare reiste filosofen Peter Tudvad, kollega av Garff ved Søren Kierkegaard-instituttet, ein serie detaljerte innvendingar mot kjeldebruken i *SAK*, ikkje utan samanheng med utgivinga av hans eiga bok *Kierkegaards København*. Dette resulterte i ein avisdebatt som raste heile sommaren 2004, nådde uvanleg høge temperaturar og resulterte i at Tudvad sa opp stillinga si ved instituttet året etter. Tudvad og Garff var fundamentalt usamde om vesentlege sider ved personen Søren Kierkegaard, særleg var det bildet av ”Kierkegaard som dandy” som provoserte Tudvad. Han kritiserte Garff for manglande kjeldekritikk og for å sjå bort frå data som ikkje passa med det Kierkegaard-bildet

⁵¹ Grimnes 2001; Solstad 2004 (2002), sitat frå s. 232 og 227; opphavleg publisert i *Dag og Tid* 15.12.2001. Sjå òg metameldinga av denne og andre bokmeldingar i *Skre* 2002, 4-6. Det er kanskje for sterkt å karakterisere dette som ein ”debatt”; bortsett frå eit sindig svar frå Grimnes i *Dag og Tid* 22.12.2001 har eg ikkje registrert at historikarmiljøet tok opp hansken frå Solstad.

som han med glitrande penn og svært medviten bruk av retoriske og litterære verkemiddel hadde teikna opp. ”Garff bliver nødt til at vedstå, at SAK ikke er en videnskabelig biografi, og han bliver nødt til at erkende, at han uretmæssigt koketterer med en videnskabelighed, han ikke har underkastet sig i sit biografiske arbejde,” var kravet.⁵²

Dei to debattantane representerte klare kontrastar både fagleg og menneskeleg. For ei konfliktorientert dagspresse var feiden følgeleg *gefundenes Fressen* i agurktida, med overskrifta ”Arkivrotten og stilisten” i Politiken 01.08.2004 som det desiderte høgdepunktet. Forsvararane til Garff nytta ein dobbeltstrategi. På den eine sida blei det forsikra at Garff nettopp ikkje hadde påstått at han hadde levert eit grunnforskningsarbeid, på den andre sida blei dei til dels svært detaljerte og ”skolemesteragtige” innvendingane til Tudvad bagatelliserte med at dei ikkje rokka ved det heilskaplege bildet av Kierkegaard, som dessutan var framstilt i ei estetisk svært tilfredsstillande form.⁵³

Dei røynde biografane Morten Thing og Birgitte Possing protesterte begge mot det dei såg som ein tendens til å setje opp ”vitskap” som motsetning til ”biografi” eller ”formidling” eller ”forteljing”. Thing fastslo med ettertrykk:

Både den populærvidenskabelige (f. eks. den journalistiske) og den videnskabelige biografi er forpligtet i forhold til den historiske virkelighed. Og eftersom denne virkelighed ikke længere eksisterer, består forpligtelsen i en række krav om transparens. ... Kun gennem en åben diskussion af kildegrundlag, kildekritik og fortolkning kan erkendelsen nå videre.

Og Possing konkluderte med eit sitat av Leon Edel: ”Genren er mangfoldig og et overflødigshorn af forskellige typer biografi står løbende til diskussion. Kun én ting kan ikke diskuteres, når det drejer sig om biografier af historiske personer, nemlig at ’biografiens forfatter kan tillade sig fantasi om formen, men ikke om fakta.’”⁵⁴

⁵² Garff 2000, norsk utgåve: Garff 2002 (2000); Tudvad 2004a. Sitatet er frå Tudvad 2004b (trykt i forkorta utgåve i Information 24.07.2004), hans mest omfattande innlegg i debatten. Garff tok til motmæle i ”Formidlingens pris”, Politiken 07.08.2004. Om Tudvads avgang frå stillinga si, sjå Politiken 24.08.2005. Avisartiklar i denne og følgjande notar er henta frå www.information.dk og www.politiken.dk (april 2009).

⁵³ Uttrykket ”skolemesteragtig” er frå Jørgen Vogelius: ”Mellem kildefetichisme og mytomani”, Information 27.07.2004. Fleire synspunkt, både frå forsvararar og kritikarar av SAK, kjem fram i intervju i same avis 28. og 30.07.2004.

⁵⁴ Morten Thing: ”– og det sagde SAK”; Birgitte Possing: ”Forskerforvirring om biografi”, Information 23.08. og 21.09.2004. Sitatet ”A writer of lives is allowed the imagination of form but not of fact” er frå Edel 1984, 13.

Biografi og roman

Nyare norsk teoretisk debatt om biografien har i høg grad handla om biografens farlege ferd på den litterære og retoriske sida av sundet.

”Dei bruker forteljeteknikkane til den realistiske romanen, og dei deler førestillingsverda til romanen. Den realistiske biografien og romanen utgjer eit tvillingpar, ikkje berre epistemologisk, men også historisk.”⁵⁵ Slik skildrar Stephen Walton det han kallar den ”moderne” eller ”realistiske” eller ”positivistiske” biografien, ein biografitype som visst har vore dominerande gjennom det meste av det 20. hundreåret, i det minste sidan Lytton Strachey med *Eminent Victorians* (1918) sette i gang den bølga som av ein eller annan grunn framleis går under namnet ”den nye biografien”.⁵⁶ Karakteristikken til Walton er ikkje positivt meint. Gjennom ei rad arbeid har han opponert mot dette biografiske paradigmet. Han er svært kritisk til forsøk på å ”leve seg inn i tankeverda til eit anna menneske” og til freudiansk funderte psykologiseringar.⁵⁷ Men først og fremst er det sjølve forma han finn problematisk:

Den kronologiske framstillinga er sjølve grunnproblemet ved biografien. Den kronologiske narrative strukturen er falsk, fordi han legg opp til ei kontekstualisering som det opplevde livet ikkje byd på, skaper samanhengar av lausrivne fakta og hendingar som slett ikkje nødvendigvis utgjer samanhengar, og legg opp til ein tvilsam kausalitet der det som kjem føre, ufråvikeleg får skulda for det som kjem etter: *Post hoc ergo propter hoc*. Framfor alt legg den dominerande biografitypen skjul på at han gjer dette, ved å appellere til ei naiv forventning hos lesarane om at kronologien verkeleg utgjer vår djupaste felles opplevingsstruktur, trass i at ingen – når dei reflekterer over det – hugsar sitt eige liv kronologisk.⁵⁸

I eit forsøk på å utvikle ein alternativ ”modernistisk” biografiskrivemåte valde Walton i *Ivar Aasens kropp* å strukturere biografien etter kroppsdelane, frå føtene og opp, og knytte eitt hovudtema til kvar kroppsdel.⁵⁹ Dette skulle vere ein Brecht-inspirert framandgjeringssteknikk, ei stadig påminning om at biografien er ein konstruksjon som ikkje må forvekslast med det

⁵⁵ Walton 2008, 79.

⁵⁶ I det minste i europeisk kontekst; i USA har begrepet i seinare år fått andre referentar, sjå Margadant 2000.

⁵⁷ Walton 2008 (1991), 35; 45-56. Det må leggjast til at Walton i seinare arbeid signaliserer ei langt meir open haldning til Freud, sjå Walton 2008, 17.

⁵⁸ Walton 2008 (1991), 61. Det må leggjast til at Walton i seinare arbeid gir til kjenne ei meir resignert haldning til kronologi: ”Likevel er vi nøyde til å ta høgd for at ting skjer, og at dei har ein utprega tendens til å skje i kronologisk rekkjefølgje,” heiter det i Walton 2008, 197.

⁵⁹ Walton 1991; 1995.

faktiske levde livet, og eit tydeleg anti-kronologisk grep.⁶⁰ Også i seinare arbeid har Walton kritisert ”dei romanliknande biografiane”, men no gjeld åtaket særleg ”den allvetande forteljaren, alias den usynlege biografen.”⁶¹

Lytton Strachey har ein viktig plass også i Marianne Egeland's framstilling av biografihistoria, men ho legg større vekt enn Walton på dei lange historiske linjene. Egeland problematiserer ikkje kronologien på same måte, tvert om får vi høyre at ”kronologien holder godt stand.”⁶² Ho finn eit anna viktig britisk brennpunkt på 1700-talet, med Samuel Johnson og James Boswell som modellar for bandsterk innleving i andre menneskeliv. Dette var ei gjennombrotstid både for romanen og for biografien.⁶³ Til sjuande og sist er det likevel ikkje i romanen, men i den epideiktiske retorikken, altså i skrytetalen, ho finn ankerfestet for biografien. Nedarva retoriske mønster har i høg og forbausande konstant grad styrt biografiske framstillingar frå antikken og til vår eiga tid. I eit konkluderande avsnitt heiter det:

I biografien er et menneskes liv overlatt i retorikkens vold, til biografens valg av momenter som skal med, og hvilken valør disse skal gis. Det meste lar seg fremstille både negativt og positivt. Historisk kan genren forstås på to måter: som biografens eget epideiktiske paradenummer, men også som et retorisk eksempel. Beretningen inngår da som bevismiddel i en utenomtekstlig kontekst, det være seg i byggingen av nasjoner, bestemte trosretninger eller dikteren som melankolsk unntaksmenneske. At biografen hevder å gi en original skildring av en eksepsjonell person, tilhører konvensjonen.⁶⁴

Knut Olav Åmås, ein tredje viktig bidragsytar til norsk biografiteoretisk debatt, har òg påpeikt nærleiken mellom biografien og romanen, no med lesarforventningane som utgangspunkt: ”For mange lesarar blir den godt fortalde biografien ei slags erstatning for ein vel fortald roman, og dei har dei same sjangerforventningane når dei les – til driv i forteljinga, til ei

⁶⁰ Walton 2008 (1991), 68-69.

⁶¹ Walton 2008, 275. På dette punktet er han for ein gongs skuld samd med Leon Edel: ”Novelists have omniscience. Biographers never do”, Edel 1984, 15.

⁶² Egeland 2000, 76.

⁶³ Egeland 2000, 42-52 (Johnson/Boswell) og 67-72 (Strachey). Den sentrale rolla til Johnson (1709-1784), biograf for ei rad engelske forfattarar, og Boswell (1740-1795), biograf for Johnson, må reknast som ein fast topos i biografihistorisk litteratur; det same gjeld Lytton Strachey (1880-1932). Sjå t. d. Hamilton 2007, 87-94.146-167. Som Walton tek også Hide 2005 utgangspunkt i ein diskusjon av 1900-talets ”nye biografi”.

⁶⁴ Egeland 2000, 314.

utviklingshistorie, til eit plott og til forteljetekniske grep og konstruksjonar.”⁶⁵ Åmås ser ”kronologi i ei eller anna tyding som eit meir eller mindre definatorisk trekk ved ein biografi i bokformat”, men også han set eit kritisk søkjelys på den forteljande forma. I tråd med ”den psykologisk-realistiske positivismen som rår i biografifeltet” framstår livet ”som ein dynamisk einskap eller heilskap. Beretninga om det legg seg nær opp til dei kulturelt idealtypiske førestellingane om korleis eit liv skal arta seg – idealskjema kan koma frå religion, filosofi, film eller skjønnlitteratur.” For eigen del har Åmås i biografien om Olav H. Hauge som program å ”skriva ein polyfon, fleirstemmig biografi, der stemmene og kjeldene ope står i strid med kvarandre, men der røysta til den forteljande og analyserande biografen samtidig 1) er klar og vurderande og 2) gjer avvegingar mellom mangfaldet av andre røyster og kjelder.”⁶⁶

Både Walton, Egeland og Åmås problematiserer altså den biografiske forteljinga. Enten hovudproblemet no ligg i sjangerkonvensjonane til den realistiske romanen, i den kronologiske grunnstrukturen, i nedarva retoriske mønster eller i andre ”idealskjema”, er forholdet mellom levd liv og tekstleg representasjon langt meir komplisert enn kva ein gjennomsnittleg biografiskrivar gir og ein ditto biografiesar får inntrykk av.

Romansjangeren har på si side gjennomgått store endringar i løpet av det 20. hundreåret og langt på veg forlate den realistiske og kronologiske forteljande forma. Dette har fleire grunnar. Når verda blir opplevd som stadig meir fragmentert og vilkårleg, er det vanskeleg å halde fast på tradisjonelle oppfatningar av menneskeleg identitet eller av livet som eit prosjekt med tydeleg mål og mening. ”Det er betegnende at da romanen ga avkall på sin struktur som lineær fortelling, skjedde dette samtidig med at det ble stilt spørsmål ved synet på livet som en eksistens med mening og retning [comme existence dotée de sens, au double sens de signification et de direction],” noterte Pierre Bourdieu i den vesle artikkelen ”Den biografiske illusjon” frå 1986, med Alain Robbe-Grillet, eit sentralt namn innan den franske ”nyromanen”, som kronvitne. Sjølv kritiserte Bourdieu ideen om ei ”livsforteljning” slik den kjem til uttrykk innan etnologi og sosiologi i form av kvalitative undersøkingar som

⁶⁵ Åmås 2004, 548.

⁶⁶ Åmås 2004, 569.571.567.

nyttar livsløpsintervju som metode.⁶⁷ Hans eige alternativ til den lineære forteljinga om eit enkeltmenneske og eit livsprosjekt er å studere det same mennesket som aktør innan ulike sosiale rom eller ”felt”. Karakteristisk er definisjonen hans av ”personen” som ”det samlede antall posisjoner som på et gitt tidspunkt innehas av et sosialt innstiftet biologisk individ som opptrer som basis for et samlet hele av kjennetegn og tilkjenner [un ensemble d’attributs et d’attributions] som gjør det mulig for ham å opptre som virksom aktør i forskjellige felter.”⁶⁸

Enda viktigare for utviklinga av romanen er nok likevel den problematiseringa av forholdet mellom språk og røyndom som har prega vestleg kultur og vitskap mot slutten av førre hundreår under nemningar som ”the linguistic turn” eller ”den språklege vendinga”. Jon Fosse, ein av dei meir teorimedvitne skjønnlitterære forfattarane her til lands, har skildra fenomenet slik:

Skiftet i språksyn har, generelt sagt, gått frå at ein såg på språket som noko uproblematisk, som noko nesten i eitt eller i identitet med røyndomen, noko som i alle fall var meiningsfylde, og til eit klårt skilje mellom språk og røyndom: i si tid var ordet, namnet, og ordets gjenstand, det nemnde, omtrent det same. Og ein oversåg dette omtrent. I seinare tid er nettopp dette omtrent blitt understreka, blitt gjennomtenkt – og gjennom utforskinga av denne omtrentligheten er det oppstått ei rift mellom språk og røyndom. Ikkje-identitet er etablert. Skilnad. No er ein der då, i det ikkje-identiske forholdet mellom språk og røyndom, og dei

⁶⁷ Bourdieu 2004 (1986), sitat frå s. 88; fransk original Bourdieu 1986, 69. Tjue år seinare har artikkelen blitt ein viktig premissleverandør i skandinavisk debatt om biografisk metode også på andre fagfelt, sjå Sandemose 2005, 56.92-94; Possing 2007, 42-44 og særleg Walton 2008, 188-198. Artikkelen til Bourdieu er høgst relevant også for den historiske og den litterære biografien, men eg synest nok at den skandinaviske resepsjonen for raskt har sett bort frå den opphavlege faglege forankringa. Særleg skyt kritikken i Possing 2007, 43 nokså høgt over mål. Ho kritiserer Bourdieu for ”at han ikke begrundede sin kritik af biografien på en analyse af faktisk publicerede biografier” og ”at han henviste til en lineær biografisk fortælling, der kun kan give mening og logik i det enkelte subjekts fortolkning af sit eget liv bagud” og med det ”gjorde ... subjektets fortælling af den enkelte persons liv til den strukturelt dominerende. Dén position havde de fleste biografer forladt længe inden opfindelsen af ’den biografiske illusion’.” Sjølv om Possing skulle har rett i det siste, noko eg ikkje er sikker på at Walton, Egeland eller Åmås ville vere samde i, er jo poenget nettopp at *etnologien og sosiologien* ikkje hadde forlate denne forma for undersøking.

⁶⁸ Bourdieu 2004 (1986), 93; fransk original Bourdieu 1986, 72. Bourdieus sosiologiske kategoriar har hatt stor innverknad også på historieforskinga. I tillegg til begrep som ”felt” og ”økonomisk/kulturell kapital”, som faktisk er nytta i *Ein betre vår ein gong*, kunne begrepet ”habitus” sikkert tilført interessante perspektiv også til denne biografien. Eg må her gi avkall på ei meir utførleg drøfting av desse analytiske kategoriane og vise til Bourdieu et al. 1993 (1992). Bourdieu 2005 (1972), 197-222 og 2006 (1980) kan tene som inngangar til habitus-begrepet.

påtrengande spørsmåla blir: Er det røyndomen som betingar språket? Er det språket som betingar røyndomen? Er det eit dialektisk forhold mellom språk og røyndom? Korleis er i så fall dialektikken? Er ein ikkje alt innanfor språket når ein spør? Når ein gjer bruk av begrep som språk, som røyndom? Det forandra språksynet benektar sjølvstakt ikkje språkets referensialitet, men problematiserer den. Framheva blir også ordets forhold til ordet, retorikken, og dessutan den einskilde tekstens forhold til andre tekster, intertekstualiteten.⁶⁹

Sine egne romanar plasserte Fosse i 1989 – og det trur eg han framleis vil stå ved –

mellom realisme, her forstått som forståeleg fiksjon, med person, historie osv, og modernisme, her romanen forstått som skrift, med skriftrytme, med avansert bruk av 'formalistiske' grep, innsikter osv.

Sjølvstakt blir dette ein postmoderne roman, skriven i forhold til den moderne realistiske romanen (la meg ta Hemingway som eksempel, då) og den modernistiske (la meg ta Joyce som eksempel, igjen).⁷⁰

Om eg forstår rett, har både Walton og Åmås kritisert biografien for å henge att i den "moderne realistiske" framstillingsforma som den meir avanserte "modernistiske" romankunsten sidan har forlate. Etter turen innom Jon Fosses essayistikk frå 80-talet sit eg att med eit par kritiske spørsmål til denne oppfatninga av den litteraturhistoriske utviklinga eller – for biografien del – mangelen på slik utvikling.

For det første var vel ryktet om den litterære realismens død i romanen noko overdrive. Desse setningane er skrivne medan litteraturkritikken framleis strevar med å finne ein bås der dei kan tjore Karl Ove Knausgårds store romanprosjekt *Min kamp* 1-6. "Realisme" er ei nemning som på ingen måte er framand i denne debatten.

For det andre er eg usikker på nytta av honnør- eller skjellsordet "postmodernisme", eit begrep som blir forstått temmeleg ulikt. Når Jon Fosse talar om "postmoderne forfattarar", meiner han

dei forfattarane som skreiv etter, og med medvit om at dei verkeleg skreiv etter, det ein plar kalle for "det moderne gjennombruddet." ... Dermed dekkar uttrykket postmoderne for meg

⁶⁹ Fosse 1989c, 152-153. Teoretiske impulsar hentar Fosse i denne essaysamlinga særleg frå Martin Heidegger, Mikhail Bakhtin og Jaques Derrida. I botnen for den "språklege vendinga" ligg den strukturelle lingvistikken, grunnlagt av Ferdinand de Saussure.

⁷⁰ Fosse 1989b, 130.

både det ein kallar for modernistisk og post-modernistisk litteratur, og mellom modernistisk og post-modernistisk litteratur ser eg, i alle fall så langt ... berre mindre forskjellar.⁷¹

Stephen Walton hadde på si side som eit uttala program å skrive ein ”modernistisk biografi”, men ”postmoderne” vil han definitivt ikkje vere: ”Generelt kan ein seie at postmodernistane har teke over modernismens formspråk og estetikk, men tømte dei for politisk og etisk refleksjon. ... Når subjektet er oppheva i ein endelaus gjensidig språkleik, finst det ikkje lenger nokon å skrive om.”⁷² Det eg kan sjå, dekkjer denne framstillinga av ”postmodernismen” berre ein del av dei mangfaldige eksperimenta som gjekk under denne merkelappen. Den overser i alle fall vesentlege språk- og maktkritiske innsikter hos ein del ”postmoderne” tenkjarar.⁷³ Utfordringa frå ein viss type ”postmodernitet” har i det minste fått Walton til å formulere som eit sjangerkrav for den ”modernistiske” biografien at den – trass alt – må ”operere med ei førestilling om eit subjekt.”⁷⁴ Andre ville nok òg rekne Walton sjølv som ”postmodernist”, ettersom han definitivt skriv etter ”den språklege vendinga”. Denne forma for ”gjensidig språkleik”, for å nytte Waltons eiga nemning, er neppe særleg opplyssande.

Historie og forteljing

Norsk biografidebatt har vore meir litteraturfagleg enn historiefagleg orientert. Fleire historievitskaplege grunnlagsdiskusjonar frå dei seinare tiåra burde ha høg relevans også for debatten om biografien, utan at eg har registrert nokon stor grad av overlapping.

”Den språklege vendinga’ i historie har i all hovudsak ytra seg som ein diskusjon om forholdet mellom historie og forteljing”, oppsummerte Narve Fulsås i 2005. Eit sentralt problemkompleks frå denne ”narrativistiske vendinga” i faget er dette: ”Korleis skal vi tenkje forholdet mellom historieskriving og fortidig røyndom, mellom historie og andre disiplinar,

⁷¹ Fosse 1989d, 142.

⁷² Walton 2008, 80.81.

⁷³ Til dømes Michel Foucault eller biografiteoretikaren William H. Epstein, forfattar av Epstein 1987. Walton gjer svært aktiv bruk av begge i Walton 2008 (sjå personregisteret, s. 355). Fell dei utanfor definisjonen hans av ”postmodernisme”? Det har undra meg at bruken av begrepet er så omtrentleg hos forfattaren av Walton 2006, som kjenner straumdraga i fransk åndsliv i slutten av det 20. hundreåret betre enn dei fleste her til lands.

⁷⁴ Walton 2008, 82.

eller mellom historie og litteratur?”⁷⁵ For den historiske biografien er dette heilt avgjerande spørsmål. Her er vi fort ute på djupt filosofisk vatn. I kva grad kan ein hevde at ei historisk forteljing representerer ”røyndommen”? Med filosofen David Carr identifiserer Fulsås tre konkurrerende oppfatningar av forholdet mellom historisk røyndom og historisk forteljing.

Den eine hevdar eit radikalt *brot*, ein diskontinuitet. Louis O. Mink har formulert dette synspunktet i ein mykje sitert sats: ”Stories are not lived but told. Life has no beginnings, middles and ends. ... Narrative qualities are transferred from art to life.”⁷⁶ ”Med dette utgangspunktet representerer forteljinga ein type *fortolkingsvald* i høve til korleis det ’verkeleg var’, og må møtast med ideologimistanke”, kommenterer Fulsås.⁷⁷ Boka *Metahistory* av Hayden White er den mest kjende representanten for denne retninga. I innleiinga, ”The Poetics of History”, blir prosjektet formulert slik:

... I will consider the historical work as what it most manifestly is – that is to say, a verbal structure in the form of a narrative prose discourse that purports to be a model, or icon, of past structures and processes in the interest of explaining what they were by representing them.⁷⁸

Særleg karakteristisk for White er fokuset på den estetiske sida ved historisk arbeid, det han kallar ”*emplotment*”, altså kva type forteljing historikaren vel å konstruere med utgangspunkt i ei samling kronologisk ordna data, ein ”krønike”. For White er det ingen prinsipiell skilnad på historiske og skjønnlitterære forteljingar, dei første kan ikkje gjere krav på å vere ”sannare” enn dei siste.

David Carr står sjølv for det stikk motsette synet, gjerne karakterisert som ”historisk realisme”. Med fotfeste i ein fenomenologisk tradisjon frå Edmund Husserl og Martin Heidegger hevdar han ein grunnleggjande *kontinuitet* mellom røyndom og forteljing. Med utgangspunkt i filosofisk handlingsteori peiker Carr på at middel-mål-strukturen i ei planlagt

⁷⁵ Fulsås 2005, 287. Her til lands har diskusjonen om historie og forteljing vore særleg livleg sidan 1990, sjå Fulsås 1989; Dahl 1993; Kaldal 1993 og 2003; Knutsen 2002.

⁷⁶ Sitert etter Carr 2001 (1986), 198. Waltons biografikritikk er tydeleg i slekt med dette synspunktet.

⁷⁷ Fulsås 2005, 292-293.

⁷⁸ White 1973, 2. Til det følgjande, sjå innleiingskapitlet, s. 1-42. Ei samanfating ligg føre i norsk omsetjing, White 2003 (1974). Synspunkta hans er drøfta med varierende grad av kritikk i Fulsås 1989, 51-53; Knutsen 2002, 135-162; Kaldal 1993, 140-144. Sejersted 1995 er eit interessant og underhaldande forsøk på å nytte Whites kategoriar i analyse av nokre klassiske norske historiefremstillingar.

handling har tydelege likskapar med byrjing-midt-slutt-strukturen i ei forteljing. "[W]e are constantly striving, with more or less success, to occupy the story-tellers' position with respect to our own actions," seier han.⁷⁹ I motsetnad til den tilbakeskodande historieforteljaren veit vi rett nok ikkje enno korleis det kjem til å gå, men planane og erfaringane våre strukturerer vi i prinsippet på same måten, med eit føregripe mål eller sluttunkt i tankane. Dette synet ser ut til å ha mest for seg når ein studerer enkeltaktørar og er på leiting etter intensjonale forklaringar, men Carr insisterer på at det òg er gyldig i møte med samfunn og andre kollektive subjekt.

Paul Ricoeur står for ein mellomposisjon. I det ambisiøse trebandsverket *Temps et récit* gjennomfører han ei brei samanliknande undersøking av historiske forteljingar og fiksjonsforteljingar og deira forhold til tidsbegrepet.⁸⁰ Ricoeur følgjer i høg grad Hayden White i forståinga av historisk forteljing som "emplotment", hos Ricoeur kalla "mis-en-intrigue" eller òg *mythos*, det siste begrepet henta frå Aristoteles' *Poetik*. Å konstruere ei forteljing, eit "plot" eller ein "intrigue", er i seg sjølv ei form for forklaring. Frå Aristoteles har Ricoeur òg begrepet *mimesis*. Dette nøkkelbegrepet for forholdet mellom forteljing og røyndom er konsekvent omsett "imitasjon eller representasjon", Ricoeur vil ikkje velje mellom desse alternativa. Sjølv om ei historisk forteljing og ei fiksjonsforteljing er konstruerte etter same prinsipp, finn Ricoeur likevel ein vesensskilnad i forholdet til referanse. Ikkje minst "angir bruken av dokumenter en skillelinje mellom historie og fiksjon: I motsetning til romaner forsøker historikerens konstruksjoner å være rekonstruksjoner av fortiden."⁸¹

⁷⁹ Carr 1986, 61. I Carr 2001 (1986), 150, eit konsentrat av denne boka, er uttrykket "our own actions" generalisert til "our own lives."

⁸⁰ Ricoeur 1983-1985, engelsk omsetjing: Ricoeur 1984-1988 (1983-1985). Den historiske forteljinga er særleg emne i band 1. Eit interessant forarbeid er Ricoeur 1978, publisert i eit bibelfagleg tidsskrift og lite kjent mellom historikarar. På norsk finst ei oppsummering av siste del av *Temps et récit* i Ricoeur 1999 (1984). Ricoeurs historietenking har her til lands fått nedslag mellom anna i Fulsås 1989, 53-59; Kvanvig 1999, særleg 152-155; Knutsen 2002, særleg 85-107.130-132. Nemninga "mellomposisjon" har eg frå Fulsås 2005, 293. Eg observerer at Fulsås plasserer Ricoeur svært nær Carr og jamvel vurderer "om det i røynda er tale om variantar av same posisjon" medan Carr sjølv held ein viss distanse til Ricoeur og finn at "he reveals himself to be much closer to Mink, White, and the structuralists than he at first appears", Carr 2001 (1986), 145.

⁸¹ Ricoeur 1999 (1984), 171.

Denne diskusjonen er svært relevant med tanke på eit klassisk grunnlagsproblem i historiefaget, spørsmålet om kva som er karakteristisk for historiske forklaringar. Temaet er drøfta i alle lærebøker i historisk metode. Eg følgjer her Jörn Rüsen's *Rekonstruktion der Vergangenheit*, ei framstilling som i høg grad har sett spørsmålet om forteljinga sin plass i historiefaget på dagsorden.⁸²

Nomologiske forklaringar er opptekne av å formulere den eller dei allmenne lovene som eit spesifikt tilfelle kan subsumerast under. Dei spør etter årsak. Dette er naturvitskapane sin måte å forklare fenomen på ved hjelp av hypotetisk-deduktiv metode. Også samfunnsvitskapar som sosiologi og økonomi har liknande ambisjonar. No vil mange meine at historiske lover av ulike grunnar ikkje kan samanliknast med naturlover. Mellom anna kan menneske som medvitne aktørar påverke forløpet av historia.

Intensjonale forklaringar spør på si side etter motiv hos slike handlande subjekt, somme vil seie at ein heller er oppteken av å "forstå" enn av å "forklare". Motsetnaden "erklæren – verstehen" var alt etablert i det 19. hundreåret som eit forsøk på å karakterisere skilnaden mellom natur- og humanvitskapane. I nyare metodebøker er det diskusjonen etter siste verdskrig som gir den aktuelle konteksten, med logiske empiristar på den eine sida, hermeneutikarar på den andre.

Som eit tredje alternativ set Rüsen opp *narrative* forklaringar. Etter hans meining er den historiske forteljinga sjølv nett det som kjenneteiknar historiefaget, og den er i seg sjølv ei forklaringsform. Historie spør etter endring frå ein tilstand til ein annan og forklarar gjennom å trekke ulike faktorar inn i ei løpande forteljing, ikkje berre årsakslover og aktørintensjonar, men òg uføreseielege og tilfeldige element som påverkar forløpet. Ein viktig gevinst ved denne modellen er nettopp at den gir plass for slike kontingente faktorar. Rüsen verkar her langt meir optimistisk på vegner av forteljinga som erkjenningssveg enn både White og dei litteraturvitskaplege biografiteoretikarane som blei drøfta i førre delkapittel. Hos dei siste trugar retoriske og litterære "idealskjema" med å gje forteljinga eit deterministisk preg og *utelukke* kontingens; det går som det må gå. Hos Rüsen er det nett forteljinga som frigjer

⁸² Rüsen 1986, 22-47. Synet hans på historisk metode og framstilling har mykje til felles med Ricoeur. Det følgjande er ei svært komprimert framstilling av ein diskusjon som er velkjent innan historiefaget. Eg tillèt meg å vere sparsam med namn og referansar til dei ulike posisjonane, dei er uvanleg godt dekte i sekundærlitteraturen. Jfr. t. d. Kjeldstadli 1999, 245-260; Knutsen 2002, 109-133; Kaldal 2003, 118-128.

historia frå determinismen som nomologiske forklaringar legg opp til og såleis *opnar* for kontingens.

”Interpretation” er ifølgje Rösen det eigentleg fagspesifikke ved historia:

Interpretation ist die methodische Operation, die die quellenkritisch gesicherten Informationen über die menschliche Vergangenheit intersubjektiv prüfbar zu historischen Zusammenhängen verknüpft. Sie organisiert Quelleninformationen zu Geschichten; sie bringt sie in den narrativen Zusammenhang, in dem Tatsachen der Vergangenheit als Geschichte erscheinen und begriffen werden können. Da sie aus Tatsachen Geschichte(n) macht, muß sie als die eigentliche, die spezifisch historische Forschungsoperation angesprochen werden.⁸³

Forut for ”Interpretation” går i Rösens modell arbeidsskritt ”Heuristik”, som enkelt sagt handlar om å stille gode spørsmål og finne gode kjelder, og ”Kritik”, som enkelt sagt handlar om å slå fast fakta.⁸⁴ Rösens pedagogiske skilje mellom ”Kritik”, som gjeld etableringa av historiske enkeltdata, og ”Interpretation”, som gjeld tolkinga av sambandet mellom dei, er vanleg, men ikkje uproblematisk. Sjølv sagt er heller ikkje nivået ”Kritik” fritt for konstruksjonsarbeid. Det verkar likevel rimeleg å skilje mellom desse to nivåa, overgangen frå kritikk til interpretasjon reiser problem av ein annan dimensjon.⁸⁵

Forteljinga om Blix

Ei historisk forteljing – ja, kva historisk framstilling som helst – er ein litterær konstruksjon. Straks den dreg linjer og lagar samband mellom enkeltdata, må den nytte strategiar og verkemiddel av litterær og retorisk art. Den ”Interpretation” som ifølgje Jörn Rösen er det verkeleg fagspesifikke elementet ved historieforsking, tek form nettopp av det Hayden White har omtala som ”emplotment”, Paul Ricoeur som ”mis-en-intrigue” eller *mythos*.

⁸³ Rösen 1986, 111.

⁸⁴ Rösen 1986, 102-111.

⁸⁵ Fulsås 2001 reiste ein viktig debatt om kjeldekritikken, følgd av ein diskusjon med Ottar Dahl og Sivert Langholm i *Historisk Tidsskrift* same og følgjande år. Kapitlet ”Saken” i Asdal et al. 2008, 107-134 tek opp denne tråden med reiskapar frå retorikken og pragmalingsvistikken, sjå særleg s. 112-113. Resultatet er interessant, men ikkje sensasjonelt; ein kunne nok nå fram til mange av dei same erkjenningane via tradisjonelle kjeldekritiske resonnement. Eg går ikkje nærmare inn på kjeldekritiske grunnlagsspørsmål her; er det noko som tidlegare i historiefagets historie har vore oppfatta som fagspesifikt, så er det kjeldekritikken. Sjå Dahl 1973 (1967); Langholm 1997 (1967); Kjeldstadli 1999, 169-181.

Likevel er ikkje dette det same som å oppløyse historiefaget og innlemme det i skjønnlitteraturen. Idealet om at historikarar skal gi ei ”objektiv” framstilling av den historiske ”røyndommen” har rett nok vist seg djupt problematisk gjennom positivismekritikken på 1970-talet og den språklege vendinga på 1980- og 90-talet. Men ei historisk framstilling er noko anna enn ein historisk roman. Framleis er ”historikerens ambisjon ... at hans konstruksjoner også skal være mer eller mindre nærliggende rekonstruksjoner av hendelser som faktisk har funnet sted i fortiden”.⁸⁶

Dette fører med seg to særkrav til den historiske framstillinga som skil den frå fiksjonslitteraturen. For det første er forteljninga bunden til kjelder. Heile tida. Og bruken skal kunne dokumenterast, etterprøvast og kritisierast. For det andre skal forteljninga ha eit metaperspektiv, den skal vere eksplisitt om forklaringsmekanismane sine. Ein kan unne dei romanliknande biografiane livets rett, enten dei no kallar seg ”biografisk roman” eller ikkje.⁸⁷ Men ein biograf som vil delta i språkspelet, diskursen eller praksisforma til historievitskapen, blir straks konfrontert med desse krava.⁸⁸

Sjølv vil eg meine at *Ein betre vår en gong* lever opp til det første kravet, men ikkje heilt til det siste. På mange punkt er nok forskarforteljaren tydeleg til stades i teksten og styrer den gjennom spørsmål, drøftingar av alternativ og andre eksplisitte operasjonar. Samtidig har han tillate seg retoriske grep som ikkje er tematiserte på denne måten, men som like fullt er medvitne forskingsstrategiar. Dette ser eg som narrativt nødvendig, men frå ein vitskapsteoretisk synsstad er det ikkje uproblematisk. Her vil eg uttrykkeleg peike ut nokre av dei viktigaste strategiane av denne typen som er nytta i *Ein betre vår ein gong*.

Lat meg ta til med å drøfte nokre vanlege kunstgrep i biografisk litteratur. ”Ein kryssar ei avgjerande viktig grense når ein som biograf ikkje lenger fortel kva gjenstanden gjorde, men inviterer til innleving i korleis han eller ho opplevde det”, meiner Stephen Walton.⁸⁹ Ei streng tolking av denne utsegna ville råke alle som driv med intensjonale forklaringar, altså prøver å svare på *kvifor* ”gjenstanden” gjorde det han gjorde. Eg vil hevde at intensjonale

⁸⁶ Ricoeur 1999 (1984), 163.

⁸⁷ Eit veltalende forsvar ”å skrive biografi ... som skjønnlitterær forfatter” finst hos Næss 2004.

⁸⁸ Tilhengarar av Wittgenstein, Foucault eller Bourdieu kan her stryke det som ikkje passar. Til ”praksisform” som omsetjing av Bourdieus term ”pratique”, sjå Bourdieu et al. 1993 (1992), 12-13.

⁸⁹ Walton 2008, 184.

forklaringar er legitime, jamvel at det er vanskeleg å tenkje seg ein biografi blotta for slike, men at dei skal grunngiast på måtar som er etterprøvbare. Sannsynlegvis tolkar eg Walton for strengt her, eg vil tru at han særleg er ute etter verkemiddel av typen ”indre monolog” og skildringar av kjensler på magert kjeldegrunnlag.

Å bruke replikkar og samtalar er eit vanleg grep for å gje framstillinga liv og variasjon. Eg har berre brukt slike sitat når det finst grunnlag for dei i kjelder. Men fordi direkte sitat gir inntrykk av ein særleg autentisitet, må dei underkastast streng kjeldekritikk. Det gjeld til dømes tilfelle der ein person seint i livet referer samtalar og utsegner han har høyrst som svært ung, og det gjeld ikkje minst andre- eller tredjehandskjelder.⁹⁰

Ved sida av oppdikta hendingar og replikkar er nok den dramatiserte scenen det mest problematiske grepet sett med historieteoretiske auge.⁹¹ Det er ikkje ofte eg nyttar dette grepet, men det er brukt i innleiingane til dei to hovuddelane ”Reisa” og ”Festen” (s. 16 og 209), og ved nokre få høve i hovudteksten; det tydelegaste dømet er Ivar Aasens gjennomlesing av det første heftet av *Nokre Salmar* (162-165). Eg har prøvd å døyve mitt dårlege samvit i fotnoteapparatet, dels ved å dokumentere kjeldegrunnlaget for desse scenene, dels ved å problematisere dei (særleg noten nedst s. 474).

Alt val av verbform kan vere eit kraftig retorisk grep. På norsk er preteritum den normale hovudforma i forteljande prosa. Ein fortel greitt og endefram kva personane *gjorde*. Så har ein til disposisjon eit knippe strategiar for å variere, framheve, knytte til tidlegare, samtidige eller seinare hendingar og så vidare. I *Ein betre vår ein gong* er ein av desse alternative strategiane, historisk presens, opphøgd til hovudform. I forteljinga *gjer* hovudpersonen Elias Blix slikt som den for lengst avdøde historiske personen Elias Blix ein gong skal ha gjort. Knut Olav Åmås har nytta det same grepet i biografien om Olav H. Hauge ”for å skapa nærleik til materialet og gjera det lettare å reflektera over”.⁹² Hos meg er bruken av historisk presens snarare tenkt som eit medikament mellom fleire i behandlinga av den deterministiske sjuka biografikritikarar har diagnostisert: Sidan vi veit korleis det gjekk, vil biografen gjerne, bevisst eller ubevisst, prøve å vise kvifor det *måtte* gå slik. Som oftast måtte

⁹⁰ Døme på det første kunne vere Johan Amundsen, Johannes Arneson, Ivar Blix eller Theodor Caspari, på det siste Peder Ravik. Sjå personregisteret i *Ein betre vår ein gong*.

⁹¹ Diskutert av Egeland 2000, 84-85.

⁹² Åmås 2004, 571.

det jo ikkje det. At det gjekk som det gjekk, er mellom anna resultat av ei mengd store og små val personane i forteljinga har gjort. Hadde dei valt annleis, kunne utfallet blitt eit anna. Forteljeforma historisk presens ligg der som ei stadig påminning om dei kontingente faktorane som påverkar historia. I ”Samtidighedens Situation” kan personane velje, i preteritum er dei alt bundne av dei vala dei har gjort.

Det finst eit anna medikament med liknande effekt. ”Kontrafaktisk historieskrivning er fremfor alt et teoretisk våpen mot alle former for historisk determinisme”, skriv Øystein Sørensen i introduksjonsboka si til emnet.⁹³ Det er ikkje mange drøftingar av fullt utvikla kontrafaktiske hypotesar i *Ein betre vår ein gong*, men eit kontrafaktisk perspektiv er likevel viktig i framstillinga. Av og til blir det eksplisitt introdusert i forteljinga gjennom spørsmål eller lister over alternativ: Kva for val stod opne for Elias Blix ved avslutta lærarutdanning i 1855 (s. 75-76)? Kva om Blix hadde blitt prest (s. 155-156)? Men oftast skjer introduksjonen på utematisert vis ved hjelp av ein biperson.

Bipersonar er det mange av i forteljinga om Blix, og dei har ulike roller å fylle.⁹⁴ Somme opptrer i tradisjonelle narrative roller som hjelparar eller antagonistar. Mor, ektefelle og barn er særleg viktige bipersonar i mi utgåve av livssoga til Elias Blix. Det skuldast ikkje berre biografiens sjangerkonvensjonar, desse personane gir òg høve til eit innblikk i ein sosialhistorisk viktig institusjon: Heimen, både den fiskarbondenheimen Blix kom frå, og den borgarheimen han var med på å skape.

Men nokre sentrale bipersonar har ei anna rolle. Dei har ein funksjon som er i slekt med kontrollgruppene i medisinske eksperiment: Dei er svært like hovudpersonen i det meste, men éin variabel gjer at livet deira tek andre vegar enn hans. Ein kunne òg seie at dette er det nærmaste biografien kjem bruken av ”minimale par” eller ”binære opposisjonar” i den strukturelle lingvistikken. To døme er særleg tydelege i boka. Det eine er veslebroren til Elias Blix, Ole Parelius Pedersen Ravik. Han hadde same sosiale, økonomiske og genetiske bakgrunn. Han var like smart som broren, i alle fall stod han like høgt på kyrkjegolvnet til konfirmasjonen og med same karakter. Men Ole Ravik blei bonde i staden for seminarist. Når broren kjem til syne i mi forteljing om Elias Blix, fortel han regelmessig ei kontrafaktisk historie: Kor kunne Elias Blix ha vore om han hadde valt annleis sommaren 1853 og var blitt

⁹³ Sørensen 2004, 163.

⁹⁴ Om dette emnet har eg lært mykje av Næss 2004, 7-8.

heime i staden for å reise til seminaret i Tromsø? Det andre dømet er Elias Blix sin nære ven heilt frå seminartida, student og lærar Karl Johan Nielsen. Her handlar det om ein annan type kontrastfigur, ein ikkje fullt så vellukka klassereisande, med depresjon og sjølv mord som sluttresultat. Eit tredje eksempel kunne ha vore ein annan nær ven av Blix: På mange vis er Anton Christian Bang den av Tromsø-seminaristane i Kristiania som har mest felles med Elias Blix. Han gjorde ei like vellukka klassereise, blei professor og statsråd og avslutta karrieren som biskop i Kristiania. Til liks med Blix var han engasjert av målsaka. Men politisk gjekk Bang til høgre medan Blix gjekk til venstre. At eg har unnlata å forfølge det opplagte ”kvifor”-spørsmålet, er mellom dei svake punkt i boka som har ergra meg mest.⁹⁵

To bipersonar utanfor familien står i ei særstilling. Det gjeld Ivar Aasen og Arne Garborg. Dei er begge, på kvar sin måte, kontrastar til hovudpersonen Elias Blix. Viktigare er det at samspelet mellom desse tre leiande ideologane og forfattarane i dei tre første generasjonane av landsmålsbrukarar fortel svært mykje om dynamikken i og utviklinga av målrørsla i denne tidlege fasen. Særleg tydeleg ser ein dette når det gjeld spørsmålet om bruken av landsmålet innan det kyrkjeleg-religiøse feltet, som eg alt har utnemnt til målrørslas største suksess. Her var språkplanleggjaren Aasen atterhalden og skeptisk, tvilaren Garborg pågåande og strategisk, teologen Blix den som sette strategien ut i livet, dels av eige tildriv, dels under press. Det er ikkje tilfeldig at boka tonar ut med den gravferdssalmen som var det siste bandet mellom nett desse tre.

⁹⁵ Om Bang, sjå Ellingsen 2004; Aschim 2008.

Problemstillingar. Teoriar

Ein betre vår ein gong er ein forteljande tekst, ikkje ein analytisk-resonnerande av den typen som tradisjonelt gjeld som meriterande innan humanistiske vitenskapsgreiner. Boka tek ikkje til med ein serie forskarspørsmål, og den sluttar ikkje med ein serie svar. Snarare er det slik at spørsmål og svar, *explanandum* og *explanans*, er integrerte i forteljinga. I vidaste forstand er det forteljinga som *er* sjølve forklaringa, så langt den rekk; inga forteljing er mangfaldig nok til å forklare alt.

Likevel har biografien vitenskaplege pretensjonar. Den er eit produkt av kjeldekritisk arbeid, lagt opent for etterprøving ved hjelp av notar og referansar. Biografien reiser problemstillingar, drøftar alternativ, nyttar begrep, teoriar og modellar. Det finst tre brennpunkt i framstillinga. I det følgjande vil eg formulere hovudproblemstillingane noko tydelegare enn det skjer i den løpande forteljinga og kommentere dei viktigaste teoretiske innfallsvinklar og modellar som er nytta i forsøket på å finne løysingar.

Bokhistorie

Liv og verk

Ein betre vår ein gong handlar om eit skrivande menneske. Faktisk er skrivinga det Elias Blix i ettertid er mest kjend for. I så måte er boka ein forfattarbiografi, eller ein "litterær biografi", som slike bøker gjerne blir kalla uavhengig av dei eventuelle litterære kvalitetane sine. Dette er tvillaust det mest prestisjetunge segmentet av biografifeltet, i det minste her til lands. Forfattarbiografiane får mest spalteplass i avis- og tidsskriftmeldingar, og dei dominerer den teoretiske diskursen om biografi.⁹⁶

No insisterer denne boka på å vere noko anna, eller noko meir, nemleg ein "historisk biografi". Den kan såleis lett bli eit takknemleg mål for ein type kritikk som har vore retta mot ein del nyare forfattarbiografiar, formulert slik av Marianne Eglund: "Dagens pose-og-sekk-biografi om forfattere består av *liv og tid* – eller eventuelt kontekst, om man vil være

⁹⁶ Det er symptomatisk at alle dei mest ambisiøse teoretiske arbeida om biografien på norsk har forfattarbiografien som gjenstand, eg tenkjer på Eglund 2000, Åmås 2004 og Walton 2008, jfr. òg pamfletten til Sandemose 2005.

moteriktig – pluss *psykologi* og *fortelling*, minus *verk*, i hvert fall sentrale deler av det.”

Stephen Walton følger opp:

Norske biografar har i seinare tid perfeksjonert ein ny variant av denne sjangeren [”liv-og-verk-biografien”, AA], der ein tek ein historisk person, gjerne ein litterat, som er kjend for verket sitt, og så fjernar verket frå teksten, vanlegvis med ein argumentasjon om at (a) verket uansett er kjent, og at (b) biografen aldri har studert litteraturvitskap.⁹⁷

Om denne ironisk formulerte analysen er korrekt, kan noko av bakgrunnen vere angst for å bli mistenkt for ein type reduksjonistisk tolking av litterære verk der opphavsmannens biografi blir den primære forklaringsfaktoren. Dei repeterte ritualmorda på for lengst avdøde litteraturprofessor Francis Bull peiker i same retning.⁹⁸

I innleiinga til biografien om Elias Blix har eg gjort merksam på at salmen kanskje er ”den litterære sjangeren der forfattarens liv og person er minst interessant for tekstens tolking og bruk” (s. 12) og gitt grunnar for dette synspunktet. Likevel er salmediktinga eit så sentralt element i ettermålet til Blix at den òg må få ein sentral plass i biografien. I tillegg er det grunn til å minne om at han nytta store delar av livet sitt til å produsere andre typar tekst i eigenskap av bibelomsetjar, politiskar, akademisk lærar og forskar.

Så kan ein spørje med den svenske litteraturkritikaren Olof Lagercrantz, sjølv ein røynd biograf: ”Vilket kommer först för den som skriver en biografi – det yttre livet eller dikten?” Hans eige svar er eintydig: ”För mig er texten det viktigaste. Att läsa verket åter och åter tills texten börjar leva inom en som hade man svält den är metoden.”⁹⁹ Om eg ikkje vil påstå ein tilsvarande intimitet med tekstane, har eg brukt mykje tid på nærlesing, særleg av salmane til Elias Blix, omsetjinga av Romarbrevet og doktoravhandlinga hans. Resten av landsmålstestamentet, omsetjinga av gammaltestamentlege salmar, katekismeomsetjinga og

⁹⁷ Egeland 2002b, 122, nesten ordrett repetert i Aftenposten 17.09.2003; Walton 2008, 181. Egeland's kommentar refererer i første tilfelle til Garff 2002 (2000), i andre til Kolloen 2003, medan Walton ser ut til å sikte til Kolloen 2003 og Åmås 2004.

⁹⁸ Dette er presist observert av Åmås 2004, 551 og Sørbo 2005, 70.

⁹⁹ Lagercrantz 1997, 166; nesten identisk utsegn i Lagercrantz 2000 (1985), 40. Denne skrivaren kan ikkje godt unnlate å gjere merksam på den bibelske bakgrunnen for bildet, sjå Esekial 2,8-3,3 og Johannes' openbering 10,8-11.

førelasingane har eg lese meir selektivt. Lesefruktar frå dette arbeidet har eg gjennom fleire år presentert på <http://blixblog.blogspot.com/> under vignetten ”Dagens Blix”.

Korleis tekstane skal presenterast i ramma av ein biografi, er eit anna spørsmål. Eg har valt to hovudtilnærmingar. Med den eine, ”tekstsamspel”, er det først og fremst tale om å tolke salmane til Blix som litterære tekstar, som estetiske og kommunikative objekt. Med den andre tilnærminga, ”kommunikasjonskretsløp”, får tekstane – og no ikkje berre salmane – ei anna rolle: Tekstar kan òg tolkast og brukast som biografiske og historiske data.

Tekstsamspel

Det ligg alt føre fleire gode analysar av salmetekstane til Blix.¹⁰⁰ Alle er synkrone lesingar, dei behandlar enkelttekstane som prinsipielt samtidige. Med utgangspunkt i dei endelege utgåvene av salmebøkene til Blix, fjerde utgåva av *Nokre Salmar* frå 1891 og *Salmar og Songar* frå 1900, blir tekstane studerte som ei flate, eit samanhengande og heilskapleg verk der alle delar gjensidig kan belyse kvarandre. Dette er ein vanleg og legitim litteraturvitskapleg arbeidsmåte. Men ein biografi er noko anna enn ein verkanalyse. Den reiser genetiske spørsmål, spørsmål om opphav, påverknad og utvikling. Ein diakron tilnæringsmåte høver betre for det biografiske prosjektet og kan dessutan gi innsikter som supplerer dei synkrone analysane.

Den praktiske løysinga på presentasjonsproblemet er todelt. På den eine sida er biografien i eit tillegg (s. 554-563) utstyrt med ein detaljert bibliografi som inkluderer ein fullstendig katalog over salmane til Elias Blix. På den andre sida inneheld boka nærlesingar av utvalde enkeltsalmar, ein frå kvar av dei publikasjonane Blix gav ut i bokform, pluss Fedrelandssalmen, som har ei særleg stilling i resepsjonen av Blix-tekstar. Analysane er sette inn i den kronologiske forteljinga i samsvar med tidspunktet for førstepubliseringa av tekstane.¹⁰¹ Tekstane er meint å vere representative, til saman skulle dei gi eit godt tverrsnitt av salmeproduksjonen til Blix, både i tid, form og tematikk. Ein viktig mangel må eg vedgå: Gjendiktingane av salmar frå latin, tysk og dansk har kome for mykje i bakgrunnen. Prinsipielt meiner eg det er gale å avgrense ”verket” til originalsalmane, slik det regelmessig

¹⁰⁰ Sjå særleg Sønnerland 1950; Bolling 1953; Bull 1972; Elseth 1989, men òg meir avgrensa studier som Juvkam 1981; Fuglevik 1986; Grønningsæter 1999.

¹⁰¹ Dei sentrale salmeanalysane finst på s. 162-165.172-175.224-227.272-273.405-410.412-415.422-423.

blir gjort. I tilfellet Blix er det særleg tydeleg at gjendiktingane spelar ei heilt grunnleggjande rolle i verket. Frå starten blei den anonyme opphavsmannen til *Nokre Salmar* oppfatta som ”Oversætter”, ikkje som diktar.¹⁰²

Salmeanalysane har eit særleg fokus på det eg burde ha kalla ”tekstsamspel”, som er Ottar Grepstads treffande fornorsking av begrepet ”intertekstualitet”.¹⁰³ Dette perspektivet er introdusert på s. 173:

Alle salmediktarar gjer bruk av bibelske allusjonar. Men i norsk samanheng er det ingen som har drive det intertekstuelle spelet med bibeltekstar så langt og så konsekvent som Elias Blix. Eit bibelsk ekko er merkbar mest i kvar einaste linje av originalsalmane hans. Han overfører dei bibelsk-orientalske bileta til ei norsk livsverd, ofte gjennom å kombinere velkjende motiv på nye og overraskande måtar. Elias Blix er ein norsk rabbinar som ser verda frå Edens hage.

Eg treng ikkje repetere korleis Blix parafraserer bibeltekstar eller korleis han gjer bruk av og kombinerer bibelske symbol, ekko og allusjonar. Det finst eit rikt eksempelmateriale i tekstanalysane i biografien. Det teoretiske fundamentet for denne arbeidsmåten er derimot lite synleg der og må altså presenterast her.

Begrepet ”intertekstualitet” er i litteraturvitskapen særleg knytta til den bulgarsk-franske lingvisten, psykoanalytikaren, forfattaren og filosofen Julia Kristeva. Nykritiske og strukturalistiske tekstlesingar nærmar seg kvar tekst som ei verd for seg. Når ein slik studerer ein tekst som eit avgrensa objekt, blir kartlegginga av dei interne relasjonane mellom tekstelement ei hovudsak i analysen. I motsetnad til dette legg Kristeva vekt på at kvar einaste tekst, medvite eller ikkje, står i samband eller samtale med andre tekstar. Intertekstualitet er altså eit generelt, jamvel eit konstituerande, trekk ved tekstar. Det finst fleire moglege innfallsvinklar også til Blix-salmane via dette omfattande intertekstualitetsbegrepet. Ein kunne til dømes studere korleis dei arbeider med, vidareutviklar, påverkar og endrar den dansk-norske salmetradisjonen eller den nynorske lyrikktradisjonen.¹⁰⁴

¹⁰² Dette poenget har eg gjort merksam på på s. 166 i *Ein betre vår ein gong*. Jon Segtnan har, heilt fortennt, kritisert boka for denne mangelen, 2008, 715-716.

¹⁰³ Grepstad 1997, 424-425.

¹⁰⁴ Forbilde for ein slik arbeidsmåte kunne vere Elseth 1985; 1989 til salmetradisjonen, Sørbo 2004 til nynorsklyrikken.

Men begrepet blir òg nytta i ei trongare tyding, om dei spesifikke formene for lån frå og bruk av tidlegare tekstar som kan påvisast i seinare tekstar. Det er særleg denne bruken eg knyttar meg til. Den teoretiske bakgrunnen min har eg ikkje direkte frå Kristeva, men frå bibelforskinga. Her har studiet av tekstsamspelet til alle tider vore eit sentralt element, sett i system alt i dei første hundreåra etter Kristus i den rabbinske litteraturen og hos kyrkjefedrane. Frå 1980-talet kan ein observere ei revitalisering av denne typen bibelstudium. To faktorar var særleg viktige for denne utviklinga, for det eine impulsar frå nyare litteraturvitskap, for det andre ei sterkare fagleg utveksling mellom kristne og jødiske bibelforskarar. Etter mi meining er det ein klar samanheng her. Den akademiske historisk-kritiske bibelforskinga på kristen side har gjerne hatt ei heller arrogant haldning til tradisjonell jødisk skrifteksegese. Ei nyorientering i litteraturvitskapleg retning førte òg til ei gjenoppdaging av denne rike hermeneutiske tradisjonen.

Begrepet ”ekko” i sitatet ovanfor er eit lån frå Richard B. Hays si velskrivne og metodologisk bevisste studie av korleis Paulusbrevna nyttar Skrifta – for Paulus identisk med den boksamlinga seinare trusfellar har kalla Det gamle testamentet – som retorisk og hermeneutisk ressurs. Hays drøftar mellom anna kriterium for å identifisere allusjonar.¹⁰⁵ Det er i denne samanhengen han nyttar termen ”allusive echo”. Ei viktig side ved dette fenomenet blir presentert slik: ”Allusive echo functions to suggest to the reader that text B should be understood in light of a broad interplay with text A, encompassing aspects of A beyond those explicitly echoed.”¹⁰⁶ Slike ekko, attkjennelege som stikkord eller korte fraser henta frå ein annan tekst, fungerer altså som eit slag ”hyperlenke”: Dersom lesaren er i stand til å identifisere dei, opnar dei for ein ekstern tekstleg ressurs som kan tilføre ei rikare meining til den teksten ein i utgangspunktet les.

I tid er det eit godt stykke frå Paulus og til Elias Blix, men i grunnoppfatninga av Skrifta står dei kvarandre nær. Blix har nok ein større bibel å ta av enn Paulus hadde, den inkluderer mellom anna ei gruppe brev frå same Paulus. Men dei har ei rad premiss felles som dei òg deler med andre førmoderne tolkarar av heilage skrifter, til dømes jødiske skriftlærde i samtida til Paulus. Hos desse har James Kugel, spesialist på bibeltolking i antikken,

¹⁰⁵ Hays 1989, sjå særleg s. 14-21 og 25-33. Her til lands representerer Waaler 2008 ein liknande tilnæringsmåte; fenomenet intertekstualitet drøftar han på s. 27-48.

¹⁰⁶ Hays 1989, 20. Hays byggjer her i høg grad på Hollander 1981 [non vidi].

identifisert fire grunnleggjande føresetnader. For det første er Bibelen ”a fundamentally cryptic document”. Orda som står på boksidene, kan bere løynde bodskapar som må framkallast gjennom tolking. Dette opnar for ulike figurative og allegoriske lesemåtar. Vidare utgjør Skrifta ”one great Book of Instruction, and as such is a fundamentally *relevant* text.” Dette opnar for aktualiserande lesemåtar. Ein tredje premiss er at ”Scripture is perfect and perfectly harmonious.” Dette tyder ikkje berre at Skrifta er feilfri, vel så viktig er det at ”any biblical text may illuminate any other”. Og endeleg er heile Skrifta ”somehow divinely sanctioned, of divine provenance, or divinely inspired.”¹⁰⁷ Når eg karakteriserer Blix som ”ein norsk rabbinar”, er det denne grunnhaldninga eg siktar til, og når eg plasserer han i ”Edens hage”, har eg meint å identifisere den sentrale skrift-staden hans. I biografien kjem dette særleg til uttrykk i analysen av salmen ”I Edens sæle Sumar” (s. 171-175).

Ein kunne ha nytta ein annan veg inn i dette landskapet, via den retoriske tradisjonen. Nordisten Laila Akslen har gitt gode døme i arbeidet sitt med dei barokke salmediktarane Dorothe Engelbretsdatter og Petter Dass.¹⁰⁸ Særleg er den såkalla topos-læra relevant. For Blix er Bibelen ein eineståande retorisk ressurs. Her kan han vandre mellom skrift-stader i vissa om at dei er *loci communes*, kulturelt fellesgoods som han deler med lesarane sine. Med få, men attkjennelege ord kan han setje fingeren på ein slik ”stad” (gresk *topos*, latin *locus*) og med det opne eit vidt assosiasjonsfelt for dei. Denne kunnskapen kan ein ikkje i same grad rekne med i det 21. hundreåret. Men intertekstuell eller retorisk analyse kan i nokon grad rekonstruere viktige sider ved den kommunikasjonssituasjonen salmane opphavleg var skrivne inn i.¹⁰⁹

Dei litterære analysane i biografien demonstrerer òg korleis godt formelt handverk og kvalitetar av språkleg og innhaldsmessig art medverka til å gjere salmane omtykte. Blix har til dømes ei eineståande evne til å skape ei syntese av det bibelske universet og det heimlege norske. Men særleg viser dei korleis Elias Blix i salmediktinga si auser av eit intertekstuell overskot og ei tydeleg bibelglede. Ein kan forankre dette biografisk fleire stader i hans intellektuelle livshistorie. Eg har dokumentert at Blix faktisk var ein av dei første norske

¹⁰⁷ Kugel 1998, 14-19.

¹⁰⁸ Akslen 1997, som òg inneheld eit stort kapittel om ”retorisk tradisjon”, s. 25-56.

¹⁰⁹ Andersen 1995, 154-160, om ”innholdstopoi” eller *loci communes* særleg s. 159-160. Også Akslen 1997, 59-61 gir ei innføring i toposlæra.

teologar som hadde noko særleg kjennskap til rabbinisk litteratur (s. 196-197). Dei viktigaste impulsane låg nok likevel ikkje i Misjna, men i meir heimleg oppsedingstradisjon, fortruleg som han var med bibeltekstane heilt frå barneår, skolegang og konfirmasjon. Særleg viktig er den systematiske tileigninga av bibelkunnskap på seminaret og i teologistudiet, kanskje mest det første (*sic*, jfr. s. 68-69). Ein må heller ikkje undervurdere den grundige og langsame lesinga av bibeltekstar på grunnspråka, ei arbeidsoppgåve som sysselsette Blix gjennom mange år, ikkje berre som student og som forskar, men jamvel som lærar. Når Første Mosebok og Johannesevangeliet er mellom dei mest besøkte skrift-stadene til salmediktaren Elias Blix, seier det sjølvstykke om personlege preferansar, men noko av bakgrunnen kan jamvel liggje i praktiske undervisningssituasjonar. Medan Blix var gymnaslærer i religion på 1860- og 70-talet las elevane framleis eitt evangelium, som regel Johannes, på gresk i religionstimane (s. 221). Som nybakt kandidat hadde Blix òg ansvaret for nybegynnarundervisninga i hebraisk for dei få elevane som tok dette faget. Tekstar frå Første Mosebok stod sentralt i pensum (s. 152). Frå 1879 og livet ut var primæroppgåva hans som professor å føre teologiske studentar inn i dei hebraiske tekstane. Den mest ambisiøse førelesingsrekkja hans var ein fullstendig gjennomgang av nett Første Mosebok (s. 252-253; 433-434).

Kommunikasjonskretsløp

I biografien har eg uttrykkeleg knytta meg til den såkalla "bokhistoria" (note 126 på s. 500), "eit tverrfagleg forskingsperspektiv som har vakse fram i seinare år i skjeringpunktet mellom litteraturvitskap, historie, sosiologi, biblioteks- og informasjonsvitskap." Karakteristisk for bokhistoria er på den eine sida eit fokus på tekstens "materialitet", altså den fysiske forma teksten trer fram i, på den andre sida ein intensjon om å studere tekstar i sin historiske og sosiale kontekst. Elles er retninga svært mangfaldig.¹¹⁰ Som dei viktigaste impulsane nemner ein gjerne arbeidsmåten til den alt omtala Annales-skolen innan fransk historieskriving, "quantitative social history drawing on detail to produce the overall pattern", og "analytical bibliography"-retninga innan anglo-amerikansk biblioteks- og informasjonsvitskap, "studiet

¹¹⁰ I Asdal et al. 2008 blir tekstens materialitet drøfta i eit eige kapittel, s. 135-174. Artikkane i Finkelstein og McCleery 2002 og Rem 2003a gir eit godt inntrykk av mangfaldet innan dette forskingsparadigmet.

av produksjonen og den tekniske fremstillingen av den trykte teksten”.¹¹¹ Det er særleg to leverandørar av teoretiske reiskapar frå denne kanten til *Ein betre vår ein gong*.

Tydelegast til stades i teksten er Idar Stegane sitt banebrytande litteratursosiologiske arbeid omkring framveksten av ei ”nynorsk litterær offentlegheit”. Dei to teoretiske sentralbegrepa hos han er ”offentlegheit”, henta frå den tyske samfunnsfilosofen Jürgen Habermas, og ”litterær institusjon”.¹¹² No er nok empirien i arbeidet til Stegane betre integrert i mitt eige prosjekt enn kva offentlegheitsteorien er. Det viser seg alt i vaklande begrepsbruk. Ei sak er at eg heller nyttar ”det offentlege rommet” framfor den lite vakre nynorskkonstruksjonen ”offentlegheit”; dei to er vel ikkje utan vidare synonyme. Ei anna er at eg ikkje nyttar begrepet ”institusjon” i Stegane si meining, men heller talar om ”det litterære feltet”, eit bevisst, men neppe heilt gjennomtenkt lån frå Pierre Bourdieu.

Den amerikanske historikaren Robert Darntons modell av bokas ”kommunikasjonskretsløp” er ikkje eksplisitt nemnt i *Ein betre vår ein gong*, men den ligg likevel i høg grad til grunn for undersøkingane mine av Blix sin trykte produksjon. Det handlar om ein ”generell modell for å analysere måten bøker blir til på og spres i samfunnet” ved å følgje bokas ”livssyklus” på vandring frå aktør til aktør.

Bokhistorie handler om hver fase av denne prosessen og om prosessen som et hele, i alle dens variasjoner i sted og tid og i alle dens relasjoner til andre systemer, økonomiske, sosiale, politiske og kulturelle i det omkringliggende miljøet.

Gjennom eit eksempel frå si eiga forskning viser Darnton


hvordan hver fase er forbundet med (1) andre aktiviteter som en gitt person er involvert i på et gitt punkt i det samme kretsløpet, (2) andre personer på samme punkt i andre kretsløp, (3) andre personer på andre punkt i samme kretsløp, og (4) andre faktorer i samfunnet. De første

¹¹¹ Karakteristikkane av Annales-metodologien og ”analytical bibliography” er henta frå Finkelstein og McCleery 2002, 2 og Rem 2003b, 3.

¹¹² Stegane 1983; 1984; 1987. Dei to siste utgjer, saman med Stegane 1991, doktorarbeidet hans. Det teoretiske grunnlaget er særleg utvikla i Stegane 1987, 11-25 og 1991, 1-15. Den sentrale referansen i *Ein betre vår ein gong* er note 132 på s. 500. Å slå opp paraplyen ”bokhistorie” over dette arbeidet er for så vidt etterpåklokskap; den viktigaste teoretiske referansen ligg verken i Annales-miljøet eller i ”analytical bibliography”, men hos Habermas 1971 (1962). Men Stegane har sjølv seinare samanfatta synspunkta sine i ei uttrykkeleg ”bokhistorisk” ramme, Stegane 2003.

tre hensyn har direkte relevans for overføringen av en tekst, mens det siste omhandler eksterne påvirkninger ...¹¹³

På sett og vis er dette eit program for ein bokas biografi. Å studere livssyklusen til ei konkret bok har mange av dei same fordelane og grensene som studiet av livsløpet til eit konkret individ. På den eine sida gir eit slikt kasus innblikk i korleis ulike aktørar og prosessar spelar saman eller mot kvarandre i ein bestemt historisk situasjon, på den andre sida er det alltid usikkert kor representativt eit enkelt tilfelle er. Grafisk framstilt ser modellen slik ut:



Bokas kommunikasjonskretsløp, Darnton 2003 (1982), 48.

Med somme tilpassingar har eg nytta denne modellen i studiet av tre ulike teksttypar frå produksjonen til Elias Blix: Doktoravhandlinga, salmesamlingane og bibelomsetjinga.

¹¹³ Darnton 2003 (1982), alle sitat frå s. 46-47. Begrepet "kretsløp" er ikkje ei ny oppfinning.

Litteratursosiologien har tala om ulike "litterære kretsløp" heilt sidan Escarpit 1971 (1958), 71-94, her til lands ikkje minst Andreassen 2000 (1991) (i siste utgåve, Andreassen 2006 (1991), spelar begrepet ikkje lenger den same sentrale rolla). Analysen hos Escarpit gjeld spesielt systema for distribusjon til ulike kundekretsar, "det dannede kretsløp" og "de populære kretsløp". Darntons særlege bidrag er fokuset på den konkrete boka som gjennomgangsfigur i modellen.

Lesar: ”Forfattere er selv lesere”, skriv Darnton. ”Ved å lese og assosiere seg med andre lesere og skribenter danner de seg forestillinger om sjanger og stil og får en generell følelse av hva det litterære prosjekt innebærer ...”.¹¹⁴ Sidan Blix kom frå ein sosiokulturell bakgrunn som på hans tid berre i liten grad produserte forfattarar, har det vore nødvendig ikkje berre å undersøkje intellektuelle impulsar av denne typen, men jamvel dei heilt grunnleggjande vilkåra for lese- og skrivekunne i det nordnorske fiskarbondesamfunnet. I biografien gjer eg bruk av nyare forskning på dette området utført mellom anna av Jostein Fet, og av eit omfattande skolehistorisk og kulturhistorisk materiale.¹¹⁵ Vidare har eg kartlagt intellektuelle og kulturelle impulsar frå lærarseminar, studium, skolearbeid og samtid. Begrepet ”lesing” bør i denne samanhengen definerast vidt nok til å omfatte den hørbare reproduksjonen av tekstar i form av song. Kyrkjegang, salmesong og musikalitet er òg trekk som er med på å forme lesaren Elias Blix, som straks skal bli forfattar.

Forfattar: Kapitteloverskriftene i *Ein betre vår ein gong* signaliserer at ”salmediktar”, det trekket som fullstendig dominerer ettermålet til Elias Blix, først i siste livsfase blei ståande som det sentrale elementet i det offentlege bildet av han. Tidlegare hadde han vore meir synleg i rollene som professor og statsråd enn som forfattar.

Eigentleg burde fleire av ”boksane” i Darntons modell fått nye namn. Forfattarplassen må i alle fall utvidast til å inkludere omsetjaren og gjendiktaren. Den må òg ha plass for fenomenet anonymitet og pseudonymitet. Anonymitet er eit viktig element i konstruksjonen av forfattere Elias Blix, mannen som gav ut salmar heilt frå 1869, men ikkje sette namnet sitt under dei før femten år seinare. Dette er utførleg drøfta i biografien og spissformulert slik: ”Først som statsråd blir Elias Blix salmediktar.”¹¹⁶ Da var han alt eit etablert namn i det akademiske og det politiske feltet.

Som følgje av denne anonymiteten blir doktoravhandlinga frå 1876 det første trykte arbeidet under forfatternamnet ”E. Blix”, sju år etter den første salmesamlinga til opphavsmannen og eitt år etter den beste. Han posisjonerer seg altså i det litterære feltet gjennom ein publikasjon som er heilt uleseleg for mesteparten av publikum. Slik sett gir det

¹¹⁴ *ibid.*

¹¹⁵ Sjå særleg s. 42-49. Jfr. mellom anna Fet 1995; Apelseth 2004; Helgheim 1980; Edvardsen 1996 (1984).

¹¹⁶ Sjå særleg s. 169-171 og 315-316. Sitatet er frå s. 315.

meining å skildre vitskapsprosa som eit eige litterært subsystem, ei ”deloffentlegheit”. Samtidig er dette ein sjanger med høg sosial prestisje. Noka ”alternativ offentlegheit” eller ”motoffentlegheit” er det på ingen måte tale om, for no å nytte kategoriar utvikla innan den Habermas-inspirerte offentlegheitsteorien.¹¹⁷ Avhandlinga er skriven på dansk-norsk med omfattande bruk av sitat, særleg på latin og tysk. Det alternative publiseringsspråket hadde vore tysk, ikkje landsmål. På denne tida publiserte norske akademikarar sjeldan på framande språk, og nynorsk var enno ikkje teke i bruk som akademisk språk.

Sjangeren bibelomsetjing er i prinsippet anonym; det er ikkje vanleg at omsetjaren får namnet sitt på trykk i boka. I det landsmålstestamentet som blei utgitt heftevis i løpet av 1880-talet, er namna på omsetjarane likevel uttrykkeleg nemnde i dei departementale godkjenningbrev som er trykt som innleiing til kvart hefte.¹¹⁸ Her spelar det no velkjende omsetjarnamnet Blix ei ny rolle, som garantist for kvaliteten på omsetjinga både på den kjeldespråklege sida, noko som var viktig for teologane og Kyrkjedepartementet, og på den målspråklege sida, noko som var viktig for aktive målfolk.

Det litteraturpolitiske arbeidet er det òg naturleg å knytte til forfattarposisjonen. Kulturpolitikaren og nettverksbyggjaren Elias Blix er eit interessant kasus for teoriane til Stegane om framveksten av ei nynorsk litterær offentlegheit. På den eine sida engasjerte Blix seg i Det norske Samlag og andre nynorske særtiltak. På den andre sida var han aktiv i det ”store” litterære feltet gjennom verv i Forfatterforeningen og i Centralstyrelsen for barnebiblioteka (s. 387-392). Truleg blei han begge stader sett på som representant for målrørsla, men vald inn like mykje i eigenskap av dei andre rollene sine; som professor og tidlegare statsråd hadde han eit stort nettverk i det akademiske og det politiske miljøet, dessutan hadde han stor tillit jamvel i temmeleg konservative kyrkjelege kretsar. Den nære kontakten med litterære entreprenørar som Moltke Moe og Nordahl Rolfsen bør òg nemnast i dette bildet. Her medverkar Blix i ein strategi for å gjere landsmåls litteraturen til ein akseptert og integrert del av den større norske litterære offentlegheita. Ein alternativ strategi hadde vore

¹¹⁷ Her byggjer eg på resepsjonen av offentlegheitsteorien i humanioramiljøet i Bergen på 1980-talet, særleg slik den er utvikla i arbeida til Stegane, t. d. 1987, 11-18; sjå òg Birkeland og Kvalsvik 1986, 12-14.204-208; Gripsrud 1990, 34-37.

¹¹⁸ Sjå t. d. sitata frå 1882-utgåva av Romarbrevet, s. 261 i biografien.

å skipe ein særorganisasjon for nynorskforfattarar, ein motinstitusjon til Forfatterforeningen, noko som òg blei gjennomført i neste generasjon.¹¹⁹

I det litteraturpolitiske bildet må ein òg ta med ei av dei mest underkommuniserte sidene ved livshistoria til Elias Blix: I 1877 blei han på grunnlag av doktoravhandlinga, altså i eigenskap av forfattar, vald inn som medlem i ”Videnskabs-Selskabet i Christiania”, i dag Det Norske Videnskaps-Akademi (s. 239-240). Der gjorde han ein årelang innsats i leiinga av institusjonen. Videnskabs-Selskabet er ein viktig aktør i norsk bokhistorie, men da er vi over på forleggjarleddet.

Forleggjar: Denne plassen i modellen burde kanskje heller heite ”utgivar”. Den må ha plass til avis- og tidsskriftredaktørar, offentlege og halvoffentlege institusjonar som fremma utgjeving av visse typar tekstar – Videnskabs-Selskabet, Kyrkjedepartementet, Bibelselskapet og Centralstyrelsen for barnebibliotek, for å nemne nokre aktuelle døme –, og personar som gav ut tekstar på eige forlag.

Salmetekstar og andre dikt er ikkje bundne til bokformatet. Mange Blix-tekstar har hatt eit materielt liv både før og etter *Nokre Salmar* og *Salmar og Songar*. Dei har vore publiserte enkeltvis i aviser eller tidsskrift før dei fann plassen sin i ei salmesamling, og dei har vore antologiserte i song- eller salmebøker etter eller uavhengig av publiseringa i bokform. Studiet av forfattarposisjonen har alt avdekt ulike strategiar for å etablere nynorsk litteratur innan den ”litterære offentlegheita”. Ser ein på utgivarposisjonen, blir inntrykket stadfesta. I den grad Blix brukte aviser og tidsskrift som publiseringskanal, var det i regelen dei særnynorske bladtiltaka som fekk tekstane hans, berre unntaksvis språklege fellesarenaer.¹²⁰

Med eitt unntak kom alle utgåvene av *Nokre Salmar* ut på Det norske Samlag.¹²¹ Samlaget er det tydelegaste institusjonelle dømet på målfolks doble strategi for å utvikle ein nynorsk litteratur. På den eine sida var og er det ein rein nynorskinstitusjon, rimeleg å tolke

¹¹⁹ I 1910 forlét nynorskforfattarane foreininga og skipa den konkurrerande organisasjonen Norsk Bokmannalag. Skismaet varte til 1914. Sjå Ringdal 1993, 70-77.83-87.

¹²⁰ Svein Urædd, Andvake, Fedraheimen, Nordmannen, Den 17de Mai, Norsk Barneblad og Stille Stunder høyrer heime i den første gruppa, Den norske Folkeskole og det diakonale bladet Hjælp i den andre.

¹²¹ Unntaket er den tredje utgåva (1887), som kom på Mons Litlerés forlag.

som eit forsøk på å skipe eit separat litterært system for landsmåslitteratur. På den andre sida har Samlaget alltid, i det minste sidan Arne Garborgs formannstid på slutten av 1870-talet, arbeidd målbevisst med nettverksbygging og lobbyverksemd retta mot styresmaktene, noko som til tider har gitt laget eit slag halvoffentleg status.¹²² Eit viktig gjennombrøt både for Elias Blix, for Samlaget og for nynorsk litteratur i det heile var den offentlege godkjenninga i 1892 av *Nokre Salmar* som salmeboktillegg for kyrkjelydar som ønskte å bruke boka i gudstenesta. Den går inn i ein serie formelle vedtak om landsmålet si stilling i skole, kyrkje og offentleg forvaltning frå tiåret 1885-1895 og uttrykkjer ei anerkjenning av landsmåslitteraturen som ein integrert del av norsk litterær offentlegheit (s. 415-419).

Granskinga av forleggjarleddet si rolle i utviklinga av ei nynorsk litterær offentlegheit er nok den største fortienesta til Idar Stegane. Særleg har han kartlagt verksemda til Mons Litleré. Mitt eige bidrag på dette området gjeld ein annan sentral nynorskforleggjar, Olaf Huseby. Han gav ut Landstads salmebok med *Nokre Salmar* som tillegg, dessutan publiserte Blix *Salmar og Songar* hos han (s. 419-420; 454-456).

Tekstar frå 1883-utgåva av *Nokre Salmar* kom inn i Seips visebok og Ullmanns songbok for folkehøgskolen. Slike bøker hadde mykje å seie for spreinga av salmane i nye miljø. Særleg viktig var songboka *Kirkeklokken*, utgitt i 1890 av presten Birger Hall. Den var svært utbreidd i det kristelege organisasjons- og foreiningslivet. På dette punktet finst det eit interessant samspel av publiseringsskanalar. Hall kunne nemleg publisere fleire nye Blix-salmar før dei kom ut i fjerde utgåve av *Nokre Salmar*, dei hadde alt stått på trykk i nynorskavisa Nordmannen (s. 405).

Arbeidet med revisjon av Landstads salmebok i åra etter at Elias Blix var død, fell utanfor rammene til *Ein betre vår en gong*. Her skal det likevel kort nemnast som eksempel på ulike strategiar i neste fase av den nynorske bokhistoria. *Landstads reviderte salmebok* inkluderte ein god del nynorske tekstar, både av Blix og andre salmediktarar. Intensjonen var å skape ei språkleg inkluderande salmebok som skulle vere felles for heile Den norske kyrkja. Her er det altså det språklege storsamfunnet som tek eit slikt initiativ. Men målfolk som var misnøgde med prosessen og resultatet, tok i bruk ”alternativ”-strategien og laga *Nynorsk salmebok*. Det er verd å merke seg at to av salmebokredaktørane, Bernt Støylen og Peter

¹²² For Samlaget si rolle kan det visast til Stegane 1984, 32-56, i tillegg til kjeldene og litteraturen som er analysert i *Ein betre vår ein gong*.

Hognestad, var biskopar; det ligg ein betydeleg autoritet bak denne sterke nynorske ”alternative offentlegheita” på kyrkjeleg mark.¹²³

Omsetjinga av Det nye testamentet til landsmål var eit initiativ frå Samlaget, men prosjektet fekk løyvingar frå Stortinget, blei lagt under kontroll av Kyrkjedepartementet og utstyrt med *imprimatur* derifrå (s. 256-262; 392-396).¹²⁴ Sjølv om boka berre fekk ein uklår status som ”Prøveoversættelse”, var dette offentlege engasjementet eit tydeleg signal om politisk vilje i storsamfunnet til å hjelpe fram ei nynorsk offentlegheit. Eit tilsvarande fenomen er det offentleg støtta utviklingsarbeidet med lese- og lærebøker på landsmål (s. 368-369). Her høyrer òg katekismeutgåva til Blix heime (s. 452-454). Dette arbeidet hadde eksperimentell karakter, men målet om offentleg godkjenning av slike tekstar til bruk i kyrkje og skole var innan rekkjevidde.

Med doktoravhandlinga til Blix er vi over i ein annan sektor av den litterære offentlegheita, den akademiske (s. 230-236). Dette arbeidet måtte Blix gi ut på eiga hand, det var ikkje mogleg å få ut ein så smal publikasjon på eit ordinært forlag. Dette kan vere ei nyttig påminning om at det ikkje berre var den nynorske delen av litteraturen som streva med å få i stand eit effektivt litterært kretsløp. For den smale akademiske litteraturen kom Videnskabs-Selskabet til å spele ei stor rolle. I historisk perspektiv var kanskje rolla som litterær entreprenør i form av utgivar av vitskaplege spesialarbeid den viktigaste innsatsen til selskapet i denne perioden.

Trykkjar, speditør: Desse instansane er berre sporadisk drøfta i *Ein betre vår ein gong*, da helst den første, altså det som gjeld den tekniske produksjonen av trykte publikasjonar. Eg har i boka teke opp somme tekniske og symbolske sider ved typografi (s. 230-231.235: avhandlinga sine spesielle typesett; s. 411: konkurransen mellom fraktur og antikva), papirkvalitet, bokdesign og utstyr (s. 395: den svært enkle produksjonen av nytestamentet på landsmål; s. 419: den velutstyrte salmebokutgåva til Huseby). Hovudinteressa mi har vore instansane forfattar, utgivar og lesar.

¹²³ Rynning 1954, 2.185-199; Svendsen 1955, 101-115; Runde 2008, 326-347.

¹²⁴ Sjø no òg Halse 2009.

Bokhandlar: Dette leddet er det likevel grunn til å stanse litt ved. Kanskje skulle ein heller tale om ”sal og distribusjon til sluttbrukar”, for denne siste etappen kunne ta temmeleg ulike former. Spreiinga av tidsskrift var for det meste knytta til abonnement eller til medlemskap i ein organisasjon. Samlaget var i utgangspunktet ein medlemsbasert bokklubb. Bokhandlarar som Litleré, Huseby og Olaf Norli var sjølv forleggjarar; på 1800-talet var kombinasjonen forlagsbokhandlar regelen, ikkje unntaket, i bokbransjen. Bokhandlarane si rolle som kommisjonærar må heller ikkje gløymast. Huseby og Litleré hadde til dømes kvar sin periode som kommisjonær for Samlaget, dei tok seg altså av det salet som ikkje gjekk direkte til medlemmene i Samlaget, inkludert vidaresal til andre bokhandlarar. At Litleré og Huseby førte religiøs litteratur som nytestamentet på landsmål og salmeboka kan ha hatt mykje å seie for aksept av aktørar som òg spreidde litteratur med kontroversielle og radikale religiøse og politiske synspunkt. Ein aktørtype som ikkje kjem så godt fram i *Ein betre vår ein gong*, er dei omreisande kolportørane. Huseby reiste personleg land og strand rundt for å promotere salmebokutgåva si på 1890-talet. Men alt i pionertida på 60- og 70-talet reiste målfolk, både studentar på sommarferie og meir profesjonelle bokseljarar, rundt frå bygd til bygd med landsmållitteratur for sal eller utdeling i skreppa. Litleré nytta denne spreingskanalen flittig, noko som førte til at han først seint blei akseptert som medlem av bokhandlarforeininga og fekk høve til å drive fullassortert bokhandel.¹²⁵

Lesar: Denne posisjonen skulle kanskje heller heitt ”brukar”. Salmebøker har til dømes ein primærfunksjon i fellessongen, ein sekundærfunksjon som bønnebøker til bruk i eit personleg andaktsliv, først tertiært er dei diktsamlingar og blir lesne som annan litteratur. Resepsjonen av litterære tekstar er i det heile eit stort og mangfaldig felt som kallar på brei tverrfagleg forskning. I *Ein betre vår ein gong* har det vore nødvendig med kraftige avgrensingar. Psykologiske, kommunikasjonsteoretiske og filosofiske perspektiv på leseprosessen er i liten grad dregne inn, og eg har ikkje hatt ambisjonar om å følgje resepsjonen av Blix-tekstar systematisk ut over hans eiga levetid.

Doktoravhandlinga er i første omgang handskriven for ei svært lita lesargruppe, ein kommisjon på tre personar. I neste omgang er den trykt, framleis med tanke på eit temmeleg eksklusivt publikum av fagspesialistar. Medlemskapen i Videnskabs-Selskabet og utnemninga

¹²⁵ Stegane 1983, 19-23.

til professor høyrer med i den akademiske verda sin resepsjon av avhandlinga. Samtidig fekk boka merksemd ut over dei akademiske sirklane, den blei meldt i dagspressa og omtala i det allmennkulturelle *Nyt norsk Tidsskrift*. Men boka gjekk fort ut på dato, av grunnar som det er gjort greie for i biografien og annan stad.¹²⁶

Av dei trykte tekstane til Blix er det salmane som har hatt dei verkeleg store verknadene, både i samtid og ettertid. Dei nådde lengst ut blant folk gjennom effektive publiserings- og distribusjonskanalar, dei blei tekne i bruk i heimar, i ulike skoleslag og i kyrkjer, og dei gjorde inntrykk på sentrale opinionsdannarar og avgjerdstakarar i kyrkjeleg og offentleg liv. Det siste hadde mykje å seie for den politiske velviljen andsynes målsaka på 1880-talet. Blix-salmane var alt blitt eit kroneksempel på at det var mogleg å tale om dei høgaste ting på allmugemålet, og dei blei dregne fram ved fleire ulike høve i stortingsdebattar om språkspørsmål. Det hadde nok sitt å seie at opphavsmannen var ein respektert offentleg figur, men først og fremst var grunnen at salmane hadde litterære kvalitetar det ikkje var mogleg å oversjå.

Bibeldomsetjingsarbeidet Blix stod i leiinga av, hadde mange av dei same kvalitetane som salmediktinga. Likevel fekk ikkje denne forma av bibelteksten noko langt liv. Ein kan kanskje seie at symbolverdien viste seg større enn bruksverdien. I biografien har eg peikt på at Blix nytta andre strategiar som bibeldomsetjar enn som salmediktar. I bibeldomsetjinga var det om å gjere å representere grunnteksten så godt som råd, samtidig som det målspråklege resultatet skulle vere atkjenneleg som ein tradisjonell bibeltekst. Strategien var vellukka på den måten at den lærde verda fann resultatet akseptabel, og landsmålet hadde fått ein høgstil. Men først i neste generasjon våga nynorske bibeldomsetjarar, framfor alle Alexander Seippel, å utvikle ein verkeleg jordnær og talemålsnær bibelstil som er meir i slekt med salmediktinga til Elias Blix.

¹²⁶ Om resepsjonen av avhandlinga, sjå *Ein betre vår ein gong* s. 234-236 og notane 43 og 47 på s. 514-515; jfr. òg s. 250-251; Aschim 1997.

Klassereise

Elias Blix gjorde ein heilt uvanleg karriere gjennom eit liv som starta i ein nordnorsk fiskarbondenheim og slutta i høgborgarskapet i Kristiania. Da hadde mannen hatt høge stillingar både i det politiske og i det akademiske livet, som statsråd og professor, og han hadde etablert seg som ein betydeleg aktør i det litterære feltet.

Dette er sjølv sagt ei av dei mest stereotype biografiske grunnforteljingane som finst, den om guten – slike framstillingar handlar framleis oftast om menn – som begynner med to tomme hender og arbeider seg fram under motstand og vanskelege vilkår til suksess, heider og ære på eit eller anna område. Historisk interessant blir forteljinga først som undersøking av kva for faktorar som gjorde ein slik karriere mogleg nett i det aktuelle tidsrommet. Dette er den andre sentrale problemstillinga i *Ein betre vår ein gong*, uttrykt i den samlande metaforen ”klassereise”. På ein litt bortgøymd stad i boka (note 97 på s. 489) har eg gitt ei kort motivering for dette valet. Den fortener ei utdjuping.

Det var forfattaren Karin Sveen som med boka *Klassereise. Et livshistorisk essay* (2000) for alvor introduserte begrepet i det norske offentlege ordskiftet. Nokre år tidlegare hadde den svenske idéhistorikaren Ronny Ambjörnsson teke opp den same problematikken i *Mitt förnamn er Ronny* (1996). Begrepet ”klassereise” var for så vidt ikkje nytt, det var alt teke i bruk rundt 1980 i svensk sosiologisk og etnologisk litteratur for å skildre trekk ved samfunnsutviklinga på 1900-talet.¹²⁷ Særleg blei det knytta til utdanningseksplasjonen etter siste verdskrig, ”ein situasjon som har gjeve ungdom med arbeidarklassebakgrunn lettare tilgang til utdanning og utvida sosial mobilitet”, for no å sitere meg sjølv. Både Sveen og Ambjörnsson gir skarpsynte analysar av denne historiske prosessen. Men den litterære og eksistensielle krafta i dei sterkt personlege tekstane deira ligg framfor alt i innsideperspektivet: Kva gjer klassereisa med identitetsdanninga og sjølvforståinga til dei individa som gir seg ut på ei slik ferd? Ein kan kanskje seie at klassereisa har ei utside av

¹²⁷ Ambjörnsson 2005 (1996); Sveen 2000. Ein fin diskusjon av begrepet finst hos sosiologen Mats Trondman, 1994, 23-25. I note 19 på s. 465 gjer han jamvel greie for opphavet. ”Klassresenär” skal første gong vere belagt i Frykman og Löfgren 1979, 127 (”klassresenärerna, de som tog steget upp till den osäkra positionen i det småborgerliga mellanskiktet”). I den norske omsetjinga er dette nyordet rett og slett utelate, Frykman og Löfgren 1994 (1979), 127. Begrepet slo igjennom i svensk offentlig debatt med artikkelserien ”Klassad” i Dagens Nyheter hausten 1990, følgd opp i bokform av Molin og Ågren 1991.

sosiologisk art og ei innside av psykologisk. Det sjølvbiografiske perspektivet viser seg å formidle sambandet, vekselverknaden og konflikten mellom dei på svært opplysende og tankevekkjande vis.

Eg nyttar begrepet ”klassereise” som reiskap for å analysere forhold som ligg hundre år lenger attende i tid.¹²⁸ Denne tilbakedateringa kan diskuterast, men eg meiner den er forsvarleg. Det er mange likskapar mellom arbeidarstudentane frå 1960-talet og bondestudentane frå 1860-talet. Også her er eg overtydd om at eit biografisk perspektiv kan gi mykje innsikt i dynamikken mellom dei ulike prosessane som er involverte. Nokre av faktorane som gjorde klassereisa mogleg, er individuelle, slike som personlege karaktertrekk, evner, ambisjonar, gode hjelparar, strategiske val og flaks. Men ved nærmare ettersyn er alt desse i høg grad kulturelt og sosialt betinga, dei står i nær samanheng med eit anna sett faktorar, dei omfattande samfunnsmessige endringsprosessane i samtida.¹²⁹

Standssamfunn og klassesamfunn

Ein premiss for denne bruken av begrepet ”klassereise” er at Noreg faktisk var, eller i det minste var i ferd med å bli, eit klassesamfunn i 1860-åra. Synspunktet har vore omdiskutert, men det er ikkje vanskeleg å finne støtte for det hos nyare historikarar. I biografien (note 97 på s. 489) har eg sitert Jostein Nerbøvik:

Ved inngangen til vår periode [1860-1914] var stands- og privilegiesamfunnet under full avvikling, og vi ser konturane av eit heilt nytt klassesamfunn. Dei gamle sosiale einingane vart sprengde, og den medfødde faktoren var ikkje lenger avgjerande. Samanhengen mellom yrke, økonomi og sosial rang vart meir markant. Utdanning og karriere vart viktigare enn før.¹³⁰

¹²⁸ Eg er ikkje den første som gjer dette, Høydal 2003, 369 omtalar t. d. Aasen, Vinje og Garborg som ”klassereisande”.

¹²⁹ Somme vil kjenne at skuggen frå Halvdan Koht ligg tungt over dette resonnementet. Eg skriv meg på sett og vis rett inn i hans store syntese over samfunnsutviklinga i Noreg, den gradvise integreringa av rørlene ”nedanfrå” i det norske demokratiske systemet, først bøndene, så arbeidarane: ”Kvar gong nye klasser slo seg fram i samfunnsarbeidet, vart heile nasjonen vidare og rikare” (Koht 1912, 85; jfr. Kjeldstadli 1999, 68). Eg meiner likevel at framstillinga mi balanserer dette ved å identifisere fleire kritiske punkt i den norske venstretradisjonen si ”store forteljning”, utforma særleg effektivt av Ernst Sars og – nettopp – Halvdan Koht.

¹³⁰ Nerbøvik 1999, 85.

Tore Pryser har jamvel nytta formelen ”Frå standssamfunn mot klassesamfunn” som undertittel på framstillinga si av *Norsk historie 1814-1860* i det same historieverket.¹³¹ Pryser oppsummerer slik: ”*Dei djupaste årsakene* til denne utviklinga kan likevel søkjast i industrialiseringa og hamskiftet, som endra Noreg i avgjerande grad frå eit standssamfunn mot eit klassesamfunn.”¹³² Sannsynlegvis har han rett i dette. I så fall bør ein ikkje overvurdere nytten av livssoga til Elias Blix som kjelde til forståing av dei sosiale endringane. Kapitalismen, industrialiseringa og framveksten av arbeidarrørsla fell nesten heilt utanfor horisonten i biografien hans, og dei strukturelle endringane i landbruket som gjerne blir samanfatta i nemninga ”hamskiftet” – slikt som mekanisering og overgang frå sjølvbergingsjordbruk til handelsjordbruk – kom seint i Nord-Noreg.

På somme område meiner eg likevel at livssoga til Elias Blix kan fungere uvanleg opplysende som *case study*, til dømes når det gjeld utviklinga av embetsstanden og akademikarmiljøet gjennom siste del av 1800-talet.¹³³ Han er òg eit godt eksempel på individuelle utfordringar og strategiar i kampen om posisjonar i det nye klassesamfunnet. Når han stadig blir møtt med karakteristikkar som ”Bonde” og ”Skolemester” (s. 291-292; 331-333), når han ut frå bakgrunnen sin i semittisk filologi blir marginalisert som ekspert ”i en fra Livets Alfarveie meget afsidesliggende Region” (s. 332), for ikkje å nemne dei evinnelege rundane med klagemål om å jukse seg til eit fint etternamn, kan desse ”skiljemerka” lesast

¹³¹ Pryser 1999 gir eit godt oversyn over debatten omkring begrepsparet stand og klasse, sjå særleg s. 19-28 og 74-80. Ein kan skilje ut to fasar i diskusjonen her til lands. Formelen ”oppløysinga av standssamfunnet” kom inn i norsk sosialhistorie på 1950-talet, særleg inspirert av svensk forsking. Den fekk eit gjennomslag med Mykland 1955 og tilslutning hos Dahl 1955, 198-202, trass i atterhalda hos Semmingsen 1954. På 1970-talet blei modellen vidareført og utdjupa i det før omtala prosjektet ”Norsk samfunnsutvikling ca. 1860-1900”, kritisert av Kjeldstadli 1978, men forsvart av Olstad 1980. Den mest siterte passasjen i Kjeldstadli's artikkel er, ironisk nok, den effektive samanfatninga av konsensussynet på det tradisjonelle standssamfunnet ved hjelp av stikkorda ”stillstand, avstand, husstand”, Kjeldstadli 1978, 52. Nett dette synet er det Kjeldstadli polemiserer mot, eller i det minste differensierer, ved òg ”å se stender som *uttrykk* for klasseforhold”, s. 55. Ei viktig inspirasjonskjelde for teorien om oppløysinga av standssamfunnet er Weber 1971 (1922), som Kjeldstadli går i kritisk dialog med.

¹³² Pryser 1999, 292.

¹³³ Til denne problematikken kan ein jamføre med fleire sosialhistoriske studiar som har nytta kvantitative metodar. Eg har særleg nytta Mannsåker 1954, men sjå òg Palmström 1935; Aubert et al. 1960.

som ein strategi hos representantar for den gamle embetsstanden med sikte på å halde tradisjonelle standsskilnader ved lag jamvel i det nye klassesamfunnet.¹³⁴

I den før siterte fotnoten har eg framheva "[d]et nye utdanningssamfunnet, det nye kommunikasjonssamfunnet og det nye organisasjonssamfunnet" som viktige føresetnader for klassereisa til Elias Blix.

Utdanningssamfunnet

Begrepet "klassereise" er kome inn i språket vårt frå svensk. Medan ordet må reknast som eit nyord i norsk, er "klassresa" på grunnspråket slett ikkje uvanleg, nytta i tydinga "klassetur", altså ei reise av meir eller mindre fagleg innhald i skolesamanheng. Brukt som metafor har ordet såleis på svensk konnotasjonar som tydeleg knyttar sosial mobilitet til utdanning.

Ein må kunne seie at Elias Blix var heldig med timinga. Ikkje minst gjeld det på området utdanning. Historia om den norske *grunnskolen* er ein viktig renningstråd i biografien hans. Av mange grunnar var utviklinga av skolevesenet ei sentral oppgåve for den unge norske nasjonen, med skolelovene av 1827, 1860 og 1889 som avgjerande vegval. Mellom hjelperådene var gradvis utviding av skoletida og fagkretsen, utvikling av nye lærebøker, bygging av skolehus og kompetanseheving av lærarkorpset gjennom utbygging av lærarseminar. For Elias Blix fekk denne utviklinga svært direkte verknader, slik det går fram av *Ein betre vår ein gong*. I kapitlet "Gildeskål" møter han bygdas første seminarutdanna lærar (s. 47-48). I neste kapittel, "Tromsø", er han sjølv elev ved lærarskolen (s. 61-76). Heilt fram til 1960-åra har dette skoleslaget attåt hovudoppgåva, å forsyne norsk grunnskole med den naudsynte mengda kompetente lærarar, hatt ein viktig tilleggsfunksjon: Å gi evnerik bygdeungdom eit springbrett til høgare utdanning.

¹³⁴ "Skiljemerka mellom folk" er Bjørn Kvalsvik Nicolaysen si vellukka fornorsking av Pierre Bourdieus "distinction", Kvalsvik 1993. I forhold til stand-klasse-debatten er det interessant at Bourdieu i føreordet til den engelske utgåva av *Distinksjonen* har karakterisert programmet sitt som "an endeavour to rethink Max Weber's opposition between class and *Stand*", Bourdieu 1984 (1979), xi-xii; Dag Østerberg utdjuar dette i innleiinga til den norske utgåva, Bourdieu 1995 (1979), særleg s. 18. Både Kjeldstadli og Bourdieu problematiserer altså skiljet mellom stand og klasse. Kjeldstadli insisterer på å sjå det gamle standssamfunnet som resultat av klassemotsetningar, Bourdieu på at det nye klassesamfunnet i røynda reproduserer gamle standsskilje gjennom meir og mindre subtile distinksjonsmekanismer.

Den livlege pedagogiske debatten i tida rundt innføringa av ny landsskolelov i 1860 var med på å styrke profesjonsmedvitet til den raskt veksande gruppa av seminarutdanna lærarar, særleg gjennom skiping av lærarforeiningar og utgjeving av blad med pedagogisk eller folkeopplysande sikte (s 82-83; 117-119). Læreryrket gav dessutan tilgang til ein arbeidsmarknad med gode konjunkturar og høg mobilitet. For Elias Blix og likesinna hadde utviklinga i hovudstaden særleg mykje å seie. Kombinasjonen av folkeauke og skoleutvikling gjorde det økonomisk og praktisk mogleg for lærarar frå periferien å flytte til Kristiania og få arbeid der, noko fleire Tromsø-seminaristar også gjorde. For dei av desse som hadde akademiske ambisjonar, var skolearbeidet hovudkjelda til studiefinansiering.

I seinare livsfasar finn vi Elias Blix som skolepolitisk aktør, involvert i forarbeidet til skolelovene av 1889 som statsråd (s. 296-297; 344-345), i implementeringa av dei same lovene som skolestyremedlem og –leiar i Kristiania (385-387).

Elias Blix arbeidde sjølv som lærar, rett nok i andre skoleslag enn den offentlege allmugeskolen, i meir enn tjue år – heile perioden 1855-1879, på to-tre år nær.¹³⁵ Denne sida ved livssoga hans har vore lite fokusert, men dette er kanskje den viktigaste innfallsvinkelen til det livsverket han framleis er kjent for. Målsaka blei i høg grad boren fram av lærarar med eit pedagogisk engasjement. Både salmediktinga, bibelomsetjinga og katekismeomsetjinga til Blix kan forståast som pedagogiske prosjekt. I tillegg har det politiske engasjementet hans viktige røter i lærarmiljøet. Denne forståinga av Elias Blix som ”lærarintellektuell” er sterkt inspirert av Rune Slagstads analyse av konkurrerande danningsselitar, og av forskning omkring framveksten av eit profesjonelt lærarkorps utført m. a. av Reidun Høydal og Brit Marie Hovland.¹³⁶

I den andre enden av utdanningssamfunnet står *universitetet* heilt sentralt i livssoga til Elias Blix, først som studiestad, seinare som arbeidsplass. Blix var nok ikkje noka stor stjerne på den akademiske himmelen, men han er høgst tidstypisk, både som ”bondestudent” og som representant for ein ny lærargenerasjon. Nytt i *Ein betre vår ein gong* i forhold til tidlegare Blix-litteratur er at eg forstår Blix meir i ramma av det historisk-filosofiske enn av det

¹³⁵ Unntaka er åra 1859-1860 (første år i Kristiania, artium), 1871-1872 (studieopphald i Leipzig) og kanskje 1865-1866 (embetseksamen).

¹³⁶ Sjå t. d. Høydal 1995; Hovland, 1998; Slagstad 2001 (1998), 151-153. Det er mange nedslag av desse tankane i *Ein betre vår ein gong*, t. d. 67; 82; 161-162.

teologiske fakultetet. Dette er faktisk ganske viktig, HF var meir politisk delt – og meir Venstre-venleg – enn resten av universitetet.¹³⁷ Eit interessant element er innblikket i universitetet som politisk arena, inkludert dragkampen mellom universitet, storting og regjering. Professorutnemningar, stipendiatorordningar og andre budsjettspørsmål er typiske stader der Stortinget i høg grad legg føringar for universitetet.

I nokon grad drøftar eg universitetet og Videnskabs-Selskabet som arenaer for ”det moderne gjennombrøtet”, men her har eg nok ikkje heilt greidd å hente ut potensialet. Sjølv ser eg dette som ei av dei svakare sidene ved boka. Hos Blix sjølv finst det både indre og ytre spenningar som kunne kaste lys over denne brytingstida i norsk kulturliv. Blix er den tradisjonsbundne salmediktaren som møter den nye historisk-kritiske bibelforskinga, den konservative teologen som blir politisk radikal, og den samlande leiarfiguren som i Videnskabs-Selskabet skulle halde saman alt frå den konservative hegelianske filosofen Monrad til moderne og empiristisk orienterte naturforskarar.¹³⁸

Kommunikasjonssamfunnet

I løpet av levetida til Elias Blix opplevde det norske samfunnet noko av ein kommunikasjonsrevolusjon. Landet blei knytta saman på nye måtar, avstandane blei mindre.¹³⁹ Utvikling av dampskipsruter, bygging av vegar og anlegg av jernbanar gjorde det langt enklare enn før å *reise* mellom ulike delar av landet. Denne auka mobiliteten gjorde det lettare både å flytte og å feriere. Begge desse aktivitetane er vesentlege i livet til Elias Blix.

Vel så viktig som høvet til å reise var den effektiviseringa av *postgangen* som følgde med denne utviklinga. Brevkontakten mellom Tromsø-seminaristane var med på å styrke nettverket deira (døme finst på s. 82-85 i biografien). Gjennom brev kunne ein be om og få råd og oppmuntring – og beskjed om aktuelle stillingar i ein annan landsdel på eit såpass tidleg tidspunkt at det var mogleg å søkje innan fristen.

¹³⁷ Dette poenget kjem til dømes fram på s. 286-287 i *Ein betre vår ein gong*. Det kunne vore eit spennande prosjekt å tolke den politiske splittinga av Universitetet før 1884 i lys av Bourdieu 1996 (1984). Men det går temmeleg langt utanfor rammene for dette arbeidet.

¹³⁸ Om Blix og moderne bibelforsking, sjå særleg s. 252-253; 274-275; 432-434 i *Ein betre vår ein gong*. Om brytinga mellom gammalt og nytt i Videnskabs-Selskabet, sjå særleg s. 303-304; 429-432.

¹³⁹ Pryser 1999, 121-138.

Seinare kom utviklinga av telegraf og telefon til å eliminere tidsforskyvinga mellom sendar og mottakar heilt. Telefonen spelar inga rolle i *Ein betre vår ein gong*, men *telegrafene* gjer, som kanal for viktige og raske informasjonar mellom regjeringsmedlemmer i Kristiania og Stockholm, og særleg som rask formidlar av nyheiter frå inn- og utland til avisspaltene.¹⁴⁰

For når alt kjem til alt, er nok spreininga av *trykte massemedium* den viktigaste sida ved 1800-talets kommunikasjonssamfunn. Aviser blei etablerte, spreidde og lesne. Det oppstod tidsskrift og blad av mange slag: Folkeopplysningsorgan, lærarblad, organisasjonsblad, målblad, kristelege blad. Mange av dei fekk eit heller kort liv, andre eksisterer til denne dag. Denne forma for massekommunikasjon hadde mykje å seie for demokratiseringa og politiseringa av det norske samfunnet. Her høyrer jamvel spreininga av ikkje-periodiske trykte publikasjonar med, altså bøker, hefte og pamflettar – og dermed er vi tilbake i ”bokhistoria”, eventuelt utvida til ”mediehistorie”. Dette er ein god innfallsvinkel til forståing ikkje berre av Elias Blix’ personlege suksess som forfattar, men òg av ekspansjonen til målrørsla.¹⁴¹

Organisasjonssamfunnet

Frå 1840-talet og framover blei det i høgt tempo skipa frivillige foreiningar og organisasjonar for ymse føremål i Noreg. Ein har gjerne nytta det samtidige begrepet ”assosiasjonsånd” for å karakterisere denne utviklinga, som i høg grad har interessert historikarar.¹⁴²

Assosiasjonsånda er eit tydeleg modernitetsfenomen, eit uttrykk for trekk som individuell valfridom, spesialisering og demokratisering. Mange forskarar har sett dette i samanheng med overgangen frå standssamfunn til klassesamfunn, til dømes Tore Pryser: ”Ein kan sjå dei nye organisasjonane som den fremste yringsforma for det framveksande klassesamfunnet.”¹⁴³ Synspunktet har mykje for seg, men det treng presisering. Hans Try har gitt ein nyttig analyse av funksjonen til assosiasjonar og organisasjonar. Ei side er sjølvsgatt det eksplisitte føremålet til dei ulike organisasjonane, men historikarar som har studert assosiasjonsfenomenet og lausare folkelege rørsler, har oftast vore meir interesserte i andre

¹⁴⁰ Fulsås 2003, 89-109 gir svært talande døme på desse endringane gjennom å analysere korleis formidlinga av nyhende om store ulukker utvikla seg.

¹⁴¹ Sjå særleg dei før nemnde arbeida til Idar Stegane, Stegane 1983; 1984; 1987; 2003.

¹⁴² Forskingsoversikt og perspektivrik introduksjon hos Try 1985. Eit viktig tidleg arbeid er Steen 1948.

¹⁴³ Pryser 1999, 288.

aspekt: ”I sosiologisk samanheng har moderniseringssynspunktet stått sentralt. I politisk-historiske analysar er assosiasjonane blitt sett på delvis som ’oppsedingsanstaltar’ eller politiske ’laboratorium’, delvis som politiske påverknadsinstrument.”¹⁴⁴

Foreiningslivet gav folk tilgang til meir ”moderne” samværsformer, og det gav ei trening i deltakarstyrt demokrati som sannsynlegvis òg hadde mykje å seie for demokratiseringa av dei politiske prosessane på lokal- og riksplan. Organisasjonslivet spelte ei rolle som instrument for sosial mobilitet, slik Pryser er inne på, men denne rolla er fleirtydig. Ingrid Semmingsen har lagt vekt på organisasjonane som ein arena for sosialt avansement gjennom rekruttering av leiarar frå andre samfunnslag enn dei tradisjonelle. Men dei kunne òg fylle ein funksjon som nettverk for folk som var på sosial eller geografisk flyttefot, rivne laus frå ”gammel sammenheng og gammel fast tilknytning til et tradisjonsmettet miljø”.¹⁴⁵ Korleis ”dei sosiale verknadene delvis går i motsette retningar” (Try) har Per Fuglum påpeikt:

Lagsarbeidet ble på sin side i betydelig utstrekning et middel til harmonisering av gruppeinteresser og nedbryting av sosiale barrierer. Men det fantes også frivillige organisasjoner som nettopp hadde sitt utspring i sosiale konflikter, og som målbevisst arbeidet for å forsterke tendensen til polarisering i samfunnet.¹⁴⁶

Dessutan gav organisering høve til påverknad og makt. Dette er særleg tydeleg i dei seinare organiseringsbølgjene, mest eksplisitt ved skipinga av politiske parti i 1880-åra.

Try observerer treffande ”kor vanskeleg det er å skilje mellom *årsaker* til assosiasjons- og organisasjonsframveksten og *verknader* av han.”¹⁴⁷ For den individuelle klassereisa til Elias Blix har det nye organisasjonssamfunnet i alle fall hatt mykje å seie. Fiskarbondesamfunnet i Gildeskål hadde ikkje noko foreiningsliv å snakke om da han var ung, men heilt frå Tromsø-tida på 1850-talet var Blix ein flittig deltakar i foreiningar av ulike slag. Eit studium av dette engasjementet kan ikkje berre fortelje mykje om hans eigne impulsar og intensjonar, men jamvel gi eit djupare innblikk i kva funksjonar dei ulike foreiningstypane hadde for medlemmene sine. Eg vel ei tilnærming som er meir kronologisk

¹⁴⁴ Try 1985, 65-71; sitat frå s. 66.

¹⁴⁵ Semmingsen 1954, 82.

¹⁴⁶ Fuglum 1982, 23.

¹⁴⁷ Try 1985, 65-66, jfr. 39-40.

enn tematisk. For det første kan foreiningsdeltaking tenkjast å ha ulike funksjonar i dei forskjellige livsfasane til eit individ, for det andre har dei forskjellige ”bølgjene” av foreiningsvekst utover på 1800-talet noko ulikt preg.¹⁴⁸

Tromsø hadde på 1850-talet eit veksende foreiningsliv. Det er dokumentert at Elias Blix var mellom stiftarane av Tromsø Indremisjon i 1858. Dessutan har eg funne det sannsynleg at han var med i ”Tromsø Forening mod Brændevinsdrik” alt som seminarelev i 1853 og ved skipingsmøtet for lærarforeininga i Tromsø stift i 1855. Endeleg hadde han og mange likesinna tilknytning til Selskabet til Folkeoplysningens Fremme via tidsskriftet Folkevennen. Mykje av dette engasjementet har eg sett i samanheng med funksjonen ”nedbryting av sosiale barrierer”.

Det er teikn som tyder på at Elias Blix var mindre aktiv i foreiningslivet i hovudstaden under studietida på det lange 1860-talet (1859-1871) enn mange av venene sine. Fleire av dei hadde eit sterkt engasjement i lærarforeiningane, somme var aktive i Studentersamfundet, ein og annan var ivrig kolportør av Folkevennen, og ein av venene, Andreas Johnsson, var jamvel sentral i Christiania Arbeidersamfund. Det er ikkje utelukka at Blix fann vegen til slike fora, men han spelte i så fall inga framtrédande rolle. Derimot sette han tydelege spor etter seg i to nye nettverk, det nordnorske og det nynorske. *Ein betre vår ein gong* viser korleis desse nettverka gjennom prøving og feiling fann organisatoriske former. Dette er starten på den organiserte bygdelagsrørsla og den organiserte målrørsla. Både ”Nordlændingernes Forening” og ”Det norske Samlag” hadde mykje å seie for Elias Blix og likesinna.¹⁴⁹ I nordlandsforeininga hadde folk som delte same sosiokulturelle og geografiske bakgrunn ein trygg subkultur i møte med ein framand, dominerande og krevjande hovudstadskultur. Her utvikla dei samtidig ein regional identitet; det er ikkje tilfeldig at nemninga ”Nord-Noreg” blei til i dette miljøet.¹⁵⁰ Dette var òg eit viktig forum for utvikling av politisk medvit og av eit politisk nettverk; nordlandsstudentane hadde mykje med stortingsrepresentantane frå heimeamta sine å gjere. I landsmålsnettverka, der påfallande mange av nordlendingane var aktive, fann dei rom for ein språkleg praksis i opposisjon til det massive presset frå

¹⁴⁸ Try 1985, 21-30.

¹⁴⁹ Dei første kapitla av historia til Nordlændingernes Forening er fortalde på s. 121-122; 136-141; 265-266. Tidlege landsmålsnettverk i Kristiania, særleg Samlaget, er drøfta på s. 126-128; 159-162; 214-217; 223; 237-239; 260.

¹⁵⁰ Niemi 2007, 13-14.

”Kristiania-dansk” og meiningsfellar med eit nasjonalt program som gav gode konjunkturar for ein slik alternativ språkleg praksis.

Som universitetstilsett akademikar engasjerte Blix seg i to nye organisasjonstypar. Videnskabselskabet var ein eksklusiv, men fagleg vidtfemnande interesseorganisasjon til fremme av forskning og vitskapleg publisering (s. 239-240). Det politiske engasjementet var på si side med på å ”forsterke tendensen til polarisering”, jamvel internt på universitetet. Blix var med både i Private Liberale Klub og i venstreforeninga i hovudstaden, som heldt ein høgare offentleg profil (s. 287).

Etter statsrådstida spelte Blix ei viktig rolle som ”grå eminense” i talrike tiltak innan målrørsla (s. 445-452). Åra fram mot 1900 var ein glansperiode for den forma for nettverks- og institusjonsbygging av meir eller mindre formell karakter som denne rørsla alltid har vore sterk på. Fleire av desse tiltaka hadde karakter av ”alternativ organisering”.¹⁵¹ Men for Blix personleg ser det ut til å ha vore ein vel så viktig strategi å engasjere seg i det breie kulturelle feltet, mellom anna gjennom tunge verv i ein interesseorganisasjon som Forfatterforeninga (s. 387-390).

Målreising

Eitt punkt er gjennomgåande i alle klassereisande sine forteljingar: Refleksjon over skilnaden mellom eige språk og språket til den nye klassa.¹⁵² Dette nye språket blir gjerne opplevd både som ein fascinasjon og eit problem, medan det språket ein har med seg frå før, lett kan bli devaluert, jamvel skambelagt. Språkleg som sosialt lever den klassereisande mellom to verder. Ei slik dobbeltkvalifisering kunne vere eit godt utgangspunkt for sosial integrering og reell utjamning mellom samfunnsklasser. På individplan høyrer ein vel så ofte om ei kjensle av dobbel heimløyse. Knapt noko punkt er meir sårbart enn dette i identitetsdanninga og sosialiseringa.

Og da er vi ved den tredje hovudproblemstillinga i *Ein betre vår ein gong*. Målsaka og

¹⁵¹ Ottar Grepstad har analysert fenomenet i Grepstad 2002b, 372-376 og Grepstad 2002d; uttrykket ”alternativ organisering” er henta frå s. 383-384. Her er vi attende i den Habermas-inspirerte offentlegheitsteorien, sjå Grepstad 2002c, 62, note 57.

¹⁵² Trondman 1994, 296-300. Jfr. Sveen 2000, særleg 183-246; Ambjörnsson 2005 (1996), t. d. 15-17.48-54.73-75.82-83; Petterson 2004 (2001). Talrike eksempel finst i Molin and Ågren 1991.

–rørsla vaks fram samtidig med Elias Blix og hadde ein like påfallande og rask framgang. Det gjekk mindre enn førti år frå Ivar Aasen gav ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* i 1848 og til jamstellingsvedtaket i 1885. Korleis kan dette ha seg? Også her trur eg at forteljinga om Blix har stort forklaringspotensiale, og at den mangedimensjonale biografien gjer det mogleg å sjå samanhengar som det ville vore vanskeleg å påvise på andre måtar.

Tildriv

Særleg imponerende er målsaka sin raske, store og definitive suksess på eit område som språkplanleggjaren Ivar Aasen trudde skulle vere det vanskelegaste å erobre: Det religiøse. I historisk perspektiv er det her hovudinnsatsen til Elias Blix ligg. Ein del av forklaringa er at salmane og bibelomsetjingane til Blix, på kvar sin måte, i seg sjølv var overtydande døme på at landsmålet faktisk fungerte særst godt som religiøst språk. Men under og bak dette ein kunne kalle den kunstnarlege suksessen, ligg det ei rad strategiske val både frå Blix sjølv og frå andre sentrale aktørar i målrørsla. Det handlar om bygging av politiske alliansar gjennom målrørsla si nesten kollektive innmelding i Venstre, sosiale alliansar som den mellom bondestudentar og radikal borgarungdom, institusjonar som Samlaget, om lobbyverksemd og om propaganda i form av aktiv bruk av trykte medium og utsending av ”emissærar”.

Ein velprøvd aktørorientert innfallsvinkel er å spørje etter ulike ”tildriv”, motiv eller intensjonar hos personane som fann saman i den tidlege målrørsla. Ein har gjerne skilt ut to hovudstrategiar for å grunngi målsaka, ein *nasjonal*, der ein tok sikte på å utvikle ei spesifikt norsk språkform i kontrast til det rådande danske skriftspråket, og ein *sosial* eller demokratisk, der ei oppvurdering av talemåla til storparten av befolkninga stod sentralt og kontrasten var språket til elitegrupper i byane. Kristian Ihle Hanto nyttar til dømes desse kategoriane som utgangspunkt for ein studie om *Ideologiar i norsk målreising*.¹⁵³ I arbeidet med nynorske bibelomsetjingar har Jarle Bondevik dessutan identifisert *pedagogiske* tildriv; desse kan ein eventuelt sjå som ein variant av den sosiale motiveringa, men her handlar det særleg om å gi barn og unge lettast mogleg tilgang til den kunnskapen som blir oppfatta som nødvendig for å vere ein god kristen eller ein god samfunnsborgar. Vidare reknar Bondevik med eit særleg *kristeleg* tildriv. Teologisk tankegods som kan grunngi målreising er det lett å finne både i den bibelske forteljinga om pinseunderet, i reformasjonstidas arbeid med å finne

¹⁵³ Hanto 1986, kort innføring s. 15-16.

morsmålsuttrykk for kristentrua, og i dei pietistiske misjonsrørslene.¹⁵⁴ I tillegg kan ein identifisere eit *regionalt* tildriv, særleg mellom dei mest talemålsorienterte målfolka, ofte i ein viss opposisjon til Aasens skriftnormal.¹⁵⁵ Endeleg trur eg det kan vere meiningsfullt å tale om *individuelle* tildriv av eksistensiell eller psykologisk eller pragmatisk art.

Hos ein aktør som Elias Blix har ein gjerne framheva dei nasjonale og kristelege motiva. I *Ein betre vår ein gong* har eg funne at den pedagogiske motivasjonen ser ut til å ha vore langt viktigare for målengasjementet hans enn det ein før har sett. Dessutan har eg lagt vekt på den funksjonen målsaka har hatt på det personlege planet, som ein viktig faktor både i identitetsdanninga, særleg i møtet med borgarleg bykultur, og i karrierebygginga. I kva grad det siste svaret til medvitne intensjonar hos Blix, er det umogleg å avgjere, men funksjonelt er det ikkje tvil om at målsaka var fremjande både for den litterære og den politiske karrieren hans, og indirekte for den akademiske med: Den medverka nok til hans status som ”persona grata” hos den stortingsmajoriteten som gav løyvinga til professorstilling for han i 1879.

Slike aktørperspektiv står gjerne sentralt i biografisk litteratur. Men det er òg grunn til å studere fenomenet målreising i samband med meir omfattande samfunnsmessige konjunkturar.

Nasjonsbygging

Eg har hatt litt dårleg samvit fordi eg aldri definerer begrepet ”nasjonsbygging” i *Ein betre vår ein gong*. Eit gjensyn med den aktuelle sekundærlitteraturen viser at eg her snarare representerer regelen enn unntaket. ”Nasjonsbygging” er, til liks med ”klassereise”, ein kraftfull og umiddelbart forståeleg metafor som dei færraste tek seg bryet med å analysere.

Framstillinga mi byggjer her, i høgare grad enn det noteapparatet røper, på teoriar og resultat frå eit omfattande forskingsprosjekt leia av Øystein Sørensen i åra 1993-1997 om

¹⁵⁴ Bondevik 2003, 50-53.

¹⁵⁵ Tydelege døme er Olav J. Høyems arbeid med å utvikle ein skriftspråksnormal basert på trønderdialektane, og den såkalla ”midlandsnormalen” som Rasmus Flo og Arne Garborg lanserte som alternativ til Aasen-normalen. I venekretsen til Elias Blix er det særleg John Klæbo som har uttrykt slike tankar, særleg tydeleg i eit brev til A. Chr. Bang 15.12.1870 (MF-arkivet, Heggtveit-samlinga).

utviklinga av norsk nasjonal identitet på 1800-talet.¹⁵⁶ Men sjølve begrepet ”nasjonsbygging” er eldre, det er særleg den politiske sosiologen Stein Rokkan som har innført det i den norske diskusjonen. Bernt Hagtvet si innleiing til ei posthumt utgitt samling artiklar av Rokkan, *Stat, nasjon, klasse*, gir eit høveleg utgangspunkt for ei drøfting av begrepet:

I denne samlingens tittel ligger dermed en hel teori om trinnene i de ulike europeiske partisystemers utvikling:

For det første, en *statsdannelsefase*. Den kjennetegnes av en konsolidering av den politiske sentralmakt. ...

For det andre, en *nasjonsbyggingsfase*. Nasjonsbygging er for Rokkan karakterisert først og fremst ved nasjonal samordning av språklige og kulturelle standarder, avklaring av statsmaktens konfesjonelle binding og aktivisering av befolkningen gjennom en gradvis tildeling av statsborgerlige rettigheter, ”citizenship”. ... Med andre ord, for Rokkan innebærer nasjonsbygging en strategi fra sentrale eliter for å styrke de direkte bånd mellom den territorielle statsmakt og dens individuelle undersåtter. En slik gjennomtrenging av et nasjonalt territorium fører til en rasjonalisering av politisk autoritet: lokale identiteter svekkes, og folket knyttes til et nasjonalt fellesskap ikke bare gjennom tildeling av universelle rettigheter for deltakelse, men også gjennom oppbygningen av en felles kulturell identitet. Staten tilhører maktsfæren, nasjonen kultursfæren – det er den vanlige måten å uttrykke dette skillet på.

Og til sist, en *klassekonfliktfase*. ...¹⁵⁷

I denne passasjen finst tre viktige presiseringar. For det første, ein nasjon er ikkje det same som ein stat. For det andre, nasjonar ”finst” ikkje a priori, dei er kulturelle konstruksjonar som må ”byggjast”. Og endeleg, dette er ein prosess driven av medvitne aktørar, ”elitar”.

Teorien er veileigna som innfallsvinkel til det materialet eg behandlar i *Ein betre vår ein gong*. Ein eigen norsk stat fanst det sidan 1814; unionen med Sverige endra ikkje på dette. Når Elias Blix entrar samfunnsarenaen på 1850-talet og utetter, er vi midt inne i den nasjonsbyggjande fase 2. Den politiske polariseringa frå om lag 1880, kjenneteikna ved skipinga av formelle politiske parti (Høgre og Venstre) og framveksten av ei sosialistisk arbeidarrørsle, ser ut til å varsle fase 3. No er bildet meir komplekst enn som så. Rokkan finn til dømes at det i seine statsdanningar ser ut til at dei ulike fasane kjem tett på ein annan og til dels overlappar kvarandre. Det er behov for komplementære modellar.

¹⁵⁶ Ei rad publikasjonar frå dette prosjektet er utnytta i *Ein betre vår ein gong*, m. a. Hoel 1996 og Dalhaug 1995. Artikkelsamlinga Sørensen 1998a gir eit godt oversyn.

¹⁵⁷ Hagtvvet 1987, 8-9.

Øystein Sørensen har oppsummert resultat frå prosjektet ”Norsk nasjonal identitet” i ein innsiktsfull studie av ”hegemonikamp om det norske”. Her tek han utgangspunkt i begrepet ”kulturelt hegemoni” slik det er nytta av den italienske marxisten Antonio Gramsci:

[H]egemoni er i korthet forstått som kontroll over et samfunns intellektuelle liv ved rent kulturelle midler. ... Dette hegemonibegrepet i kulturell forstand dreier seg nærmere bestemt om å stille premisser, om å sette dagsorden gjennom å avgjøre hvilke temaer som er relevante, om å definere og bestemme begreper, om å forme honnørord og skjellsord. Om man har det kulturelle hegemoniet, er man premissleverandør for idéproduksjonen i et samfunn. Et viktig poeng er at hegemoniske ideer også preger motstandere av slike ideer, i den forstand at de er nødt til å forholde seg til dem og ofte blir presset til å overta (eller eventuelt aktivt forsøke å motsette seg) språkbruken i disse ideene.¹⁵⁸

I *Ein betre vår ein gong* er ordet ”nasjonsbygging” særleg nytta i to samanhengar. For det første legg eg stor vekt på *skolen* si nasjonsbyggjande rolle.¹⁵⁹ Den blir stadig viktigare utover i det 19. hundreåret. Dette er eit særleg tydeleg døme på sentralmakta sine strategiar for ”oppbyggingen av en felles kulturell identitet”. For Elias Blix og andre med liknande bakgrunn er skolen ein viktig arena for individuell utfolding. I dette skjeringspunktet møtest nasjonsbygging og klassereise, sentrum og periferi, sentralmakta sin diffusjon av kulturelle standardar og bondegutane sin ambisjon om innpass i det nye kunnskaps- og klassesamfunnet. For målrørsla er skolen og pedagogikken frå første stund leverandør av nokre av dei mest effektive argumenta for målsaka, etter kvart dessutan ei svært viktig slagmark i kampen om kulturelt hegemoni.

For det andre knytter eg begrepet til den politiske rørsla som etter kvart samla seg i partiet *Venstre*. ”Hegemonikamp” er ein presis karakteristikk av konkurransen om definisjonsmakt og politisk makt mellom alternative elitar og deira respektive prosjekt. Venstre-prosjektet, med element som politisk nasjonalisme, demokratisering og målreising, lukkast i å samle ein brei allianse og står som ein av vinnarane på arenaen. Det er ikkje tilfeldig at den nye lærarelite kom til å spele ei nøkkelrolle som deltakarar og leiarar i denne rørsla. Dei eigna seg godt for rolla som bindeledd mellom primærnæringsbaserte lokalsamfunn og sentralmakt. Det er heller ikkje tilfeldig at målsaka kom til å spele ei så viktig rolle i det politiske bildet i desse åra. Den eigna seg godt som eit tydeleg alternativt

¹⁵⁸ Sørensen 1998b, 20. Sjø og Høydal 2003, 364-365. Vidare i artikkelen tek ho òg i bruk Bourdieus begrep *doxa*, som vel i høg grad overlappar Gramscis ”hegemoni”.

¹⁵⁹ Sjø og Telhaug og Mediås 2003.

nasjonsbyggjande prosjekt for nye aspirantar til dei akademiske og politiske elitane. At Sørensen i neste omgang plasserer målrørslas nasjonsbyggingsprosjekt som ein av taparane på arenaen – sidan ein ikkje lukkast med å gjere nynorsk til einaste nasjonale språkstandard –, er ei anna og høgst diskutabel sak. Som Reidun Høydal treffande har kommentert, "[e]i så snever framstilling overser at norskdomsrørsla hadde langt større påverknad på norsk nasjonal identitet enn talet på nynorskbrukarar skulle tilseie."¹⁶⁰

Sentrum og periferi

Stein Rokkan er òg far til den viktigaste komplementære modellen eg har nytta i forsøket på å forstå målrørsla si rolle i hegemonikampen mellom ulike nasjonsbyggingsprosjekt. Han har sett namn på eit kulturelt og regionalt perspektiv som er presentert slik i *Ein betre vår ein gong*:

"Sentrum-periferi" går inn som ein variabel i ein fleirdimensjonal modell for studiet av korleis kryssande konfliktlinjer påverkar og endrar det politiske systemet, særleg gjennom val. I tillegg til denne "teritorielle aksa" frå sentrum til periferi (eller "utkant", på godt norsk) opererer Rokkan i den enklaste utgåva av modellen med ein "funksjonell akse" for å fange inn økonomiske og kulturelle konflikter. Rokkans modell ser ut til å ha stor forklaringskraft, ikkje minst når det gjeld norsk politisk historie i siste halvdel av 1800-talet og målrørsla si politiske rolle ...¹⁶¹

No hadde fleire konstruert liknande konfliktmodellar både før Rokkan og parallelt med han. Alt i levetida til Elias Blix tente dei både til å forklare og til å legitimere fenomen som bondekommunalismen og målsaka, krefter som Johan Sverdrup og andre lukkast å sameine i Venstre, det første slagkraftige politiske folkepartiet i Noreg. Ernst Sars, Christoffer Bruun og Arne Garborg skildra alle den aktuelle situasjonen som ein konflikt mellom to kulturar, jamvel "to Nationer": bykultur mot bondekultur, (dansk) embetsmannskultur mot (norsk) folkekultur.¹⁶² Om ei anna konfliktlinje leverte Gabriel Øidne eit epokegjerande og mykje sitert arbeid i "Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet", ein studie som òg har

¹⁶⁰ Sørensen 1998b, 35; Høydal 2007, 16.

¹⁶¹ Sitat frå den omfattande fotnote 122 på s. 499, der modellen er introdusert og drøfta; resonnementet er noko vidareført i note 136 på s. 501. Ein del sentrale tekstar er samla i Rokkan 1987.

¹⁶² Det tydelegaste dømet er nok Garborg 1982 (1877). I Aschim 2008, 31-32 har eg skildra eit tidleg tilfelle av denne diskusjonen, debatten om målsaka i Studentersamfundet i 1866, der Bruun var ein av aktørane.

hatt stor innverknad på arbeidet til Rokkan .¹⁶³ Hans Try har kopla saman opposisjonane ”embetsmann-bonde” og ”Austland-Vestland” i den korte, men innsiktsfulle innleiinga til framstillinga av norsk historie 1850-1884 med den karakteristiske tittelen *To kulturer – en stat*.¹⁶⁴

Rokkans særeigne utgåve av modellen, utarbeidd i åra fram mot 1970, fekk stort gjennomslag, ikkje minst mellom historikarar. Sosiologen Rokkan hadde ”gitt den mest omfattende nytolkning av norsk historie etter 1814”, sa historikaren Jens Arup Seip.¹⁶⁵ ”Sentrum – periferi” har som metafor mykje av den same retoriske krafta som ”klassereise” eller ”nasjonsbygging”. Men nett derfor kan modellen òg fungere forførande, og etter kvart har den vore utsett for til dels kraftig kritikk. ”Slike primitive dikotomier innebærer en voldsom forenkling av vårt erfaringsstoff”, konkluderte den grundigaste kritikaren, same Seip.¹⁶⁶

Likevel, det er ingen tvil om at motsetningar som desse blei oppfatta som ein realitet og delvis derfor blei ein realitet. Slike tankar har vore eit effektivt retorisk arsenal både for klassereisande individ frå utkantane og for kulturelle og politiske prosjekt som målsaka og Venstre. I meir enn hundre år har dei gått inn som ein del av ”norsk – og ikkje minst nynorsk – doxa”, som Reidun Høydal har uttrykt det.¹⁶⁷ Dette er ein *doxa* Elias Blix hadde felles med mange av venene sine. Ein viktig forteljningstråd i *Ein betre vår ein gong* handlar om den tidlege utviklinga av ein regional nordnorsk identitet. Den gjekk føre seg i eit miljø av eksilnordlendingar i Kristiania, for det meste med seminaristbakgrunn. Eg har vist at påfallande mange frå dette miljøet sympatiserte med landsmålsprogrammet til Ivar Aasen (s. 122), og dette fenomenet har eg kopla på aksen ”sentrum – periferi”. I det store

¹⁶³ Øidne 1975 (1957) kartla regionale skilje i oppslutning om misjon, fråhaldssak, målsak, frilyndt folkehøgskole- og ungdomslagsarbeid, ulike mønster for sosial lagdeling og variasjonar i partipreferansar ved val. Resultatet var ei problematisering av den enkle dikotomien Austland – Vestland. Øidne talar heller om ”fjell- og fjord-Noreg” enn om Vestlandet. Denne regionen deler han vidare inn i ”den mørke kyststripa” og ”folkehøgskuleregionen” innover i fjord- og fjellbygdene, med kvar sine kulturelle særpreg.

¹⁶⁴ Try 1993 (1979), 9-20.

¹⁶⁵ Seip 1983 (1975), 200. Sjø òg Nerbøvik 2000 (1996), 49-51.

¹⁶⁶ Seip 1983 (1975), 227. Rokkan har svart direkte på kritikken frå Seip i Rokkan 1987 (1975). Andre kritiske røyster er Nielsen 1995, 48-58; Nerbøvik 2000 (1996), 49-51; Høydal 2007, 15-16.

¹⁶⁷ Høydal 2003, 366.

forskningsprosjektet ”Vestlandslæraren” lanserte Reidun Høydal karakteristikken ”periferiens nasjonsbyggjarar” om den klassiske lærartypen ”målmann – venstremann – fråhaldsmann” med eksamen frå lærarskolen i Volda.¹⁶⁸ Den same karakteristikken kan faktisk høve bra på nordlandslærarane ein generasjon tidlegare, med ei viktig presisering: Dette var folk som flytta frå periferien til det politiske og kulturelle sentrum i hovudstaden – geografisk, men berre delvis sosialt.

Rokkan såg i målsaka, fråhaldssaka og den lågkyrkjelege vekkingsrørsla tre ”motkulturar” som i særleg grad målbar periferiens ”motstand mot sentral autoritet”.¹⁶⁹ Det har vore innvendt at målrørsla frå starten av slett ikkje var periferiens prosjekt, men tvert om sprang ut av urbane elitar i dei to største byane, Kristiania og Bergen. Synspunktet er ikkje direkte gale, men det må nyanserast kraftig. Eit viktig funn i *Ein betre vår ein gong* er påvisinga av den sentrale rolla til klassereisande bondeintellektuelle som nordlandslærarane og -studentane i hovudstaden da målrørsla tok til å organisere seg på 1860-talet.¹⁷⁰ Truleg hadde dette òg mykje å seie for at målrørsla faktisk blei ei folkerørsla i løpet av 1880- og 1890-talet.

Dominans og motmakt

Det mest omdiskuterte elementet i Rokkans modell er nett begrepet ”motkultur”.¹⁷¹ Ei sak er at ”motkulturane” i høg grad har opphav i sentrum, ikkje i periferien. Ein generalnemnar som ”vekkingsrørsla” er dessutan i røynda for upresis, den inkluderer både ei hovudstadsdominert indremisjonsrørsla med universitetsprofessor Gisle Johnson som sjefsideoleg, ulike misjonsrørslar med tyngdepunkt vestpå som kunne vere meir og mindre radikalt lekmanndominerte, og frikyrkjelege skipnader av ulikt opphav. Større vekt har resonnementet til May-Brith Ohman Nielsen, her sitert i Jostein Nerbøviks nynorske parafrase:

¹⁶⁸ Høydal 1995.

¹⁶⁹ Rokkan 1987 (1967), sitat frå s. 112, analyse av ”motkulturane” s. 170-184.

¹⁷⁰ *Ein betre vår ein gong* 161-162.

¹⁷¹ Til sjølve begrepet, sjå Rokkan 1987 (1974), 42.46; Rokkan 1987 (1975), 220.231.

Den viktigaste innvendinga er likevel at 'mot' ofte blir assosiert med og kopla til anti-modernistiske holdningar. Motkultur er og blir noko som streitar mot. ... Med eit slikt grep gløymer vi lett at framveksten av den lågkyrkjelege lekmannskristendomen, fråhaldssaka og målsaka er moderniseringstrekk. Dei var ein reaksjon på noko som hadde vore, ikkje på noko som skulle kome. Dei var òg sosialt progressive.¹⁷²

Sjølvbildet til målrørsla og Venstrepartiet var alt anna enn antimoderne i perioden fram mot 1905. I eigne auge var det dei som representerte dei progressive kreftene, modernitet og demokrati. "Motstrevarar" og "bakstrevarar" var ikkje berre motstandarane av "målstrevet", men òg politisk konservative forsvararar av union og avgrensa røysterett.

Jostein Nerbøvik, ein av dei mange fråfalne tilhengjarane av Rokkans motkulturbegrep, har prøvd å forklare "den merkeleg gjennomslagskrafta i desse modellane, som ser så enkle og tilforlatelege ut".¹⁷³ I ettertid verkar det kanskje ikkje så merkeleg verken at motkulturbegrepet under det radikaliserde 1970-talet blei lese progressivt eller at det etter høgrebølgja på 1980-talet er blitt lese antimoderne. Sjølv om begrepet "motkultur" for tida møter motstand, er det tydeleg at det framleis finst behov for analytiske kategoriar som kan fange opp ein særige ambivalens i historia om målrørsla, oppsummert slik i *Makt- og demokratiutredningen*:

Målrørsla definerte seg inn i et nasjonalt og folkelig prosjekt. Samtidig har den vært ikke-hegemonisk og opposisjonell. Norskdom og landsmål ble paradoksalt nok en motkulturell bevegelse i Norge. Den var også regionalt basert, med front mot hovedstaden.¹⁷⁴

Bruken av den Habermas-inspirerte offentlegheitsteorien i nordistikkmiljøet i Bergen på 1980-talet, og særleg begrepet "motoffentlegheit/alternativ offentlegheit", ser eg langt på veg som nok eit forsøk på å forstå målrørsla som "motmakt" mot ulike former for "dominans". Eit tredje døme finn eg hos Reidun Høydal, som i samband med eit historisk arbeid om landsgymnasa i Noreg har lansert begrepet *mothegemoni* som innfallsvinkel ikkje berre til dette skoleslaget, men til målrørsla i det heile. Til liks med Øystein Sørensen tek ho utgangspunkt i hegemonibegrepet til Antonio Gramsci. Dette viser altså "til ein tilstand av kulturelt herredømme der dei dominerte aksepterer dei herskande sine normer og idear".

¹⁷² Nerbøvik 2000 (1996), 51; sitatet er nesten ordrett attgjeve frå s. 53 i Nielsen 1995. Ho utviklar ein fundamental kritikk av motkulturbegrepet på s. 50-54.

¹⁷³ Nerbøvik 2000 (1996), 49.

¹⁷⁴ *Makt og demokrati* 2003, 46.

Ein eventuell mothegeemonisk posisjon søker å avnaturalisere hegemoniets kategoriseringar og diskursive strategiar, ikkje minst ved å naturalisere sine egne representasjonar av verda – å erobre omgrepsmakt. ... Det overordna poenget mitt er at landsmålet, og etter kvart målrørsla, formulerte seg mothegeemonisk innanfor ein hegemonisk diskurs der det borgarlege dannelsingsprosjektet var eit overordna, strukturerande element, og at dette prega heile norskdomsrørsla meir enn ettertidas resepsjon har klart å fange inn.¹⁷⁵

Oddmund Løkensgard Hoel har nyleg gjennom avhandlinga *Målreising og modernisering i Noreg 1885-1940* levert eit viktig bidrag til denne debatten. Hovudtyngda i arbeidet hans ligg på perioden etter 1900.¹⁷⁶ Mitt eige bidrag gjennom biografien er nokså avgrensa, men gjennom påvisinga av samspelet og spenninga mellom individuelle klassereiser, folkeopplysningstankar, kulturell/politisk nasjonalisme og vaknande regionalt medvit håpar eg at eg ved hjelp av eksempelet Elias Blix i det minste kan ha vore med å utdjupe forståinga av målrørsla som fenomen på eitt og anna punkt.

Eit postkolonialt korrektiv

Edward Saids bok *Orientalism* frå 1978 er blitt ein klassisk tekst i den teoretiske retninga som blir kalla ”postkoloniale studiar” innan litteratur- og samfunnsvitskap. Ei hovudsak for Said er å vise korleis forfattarar frå vestlege kolonimakter gjennom ulike historiske epokar har konstruert den arabiske ”Orienten” som eit eksotisk, men underlegent motbilde av sin eigen sivilisasjon, eit ”Dei andre” som eit ”Vi” kan definere seg sjølv i forhold til. For Elias Blix og fagfellane hans var ”orientalistikk” ei grei samlenemning på det vitskaplege arbeidet med språk, litteraturar og kulturar i Midt-Austen og Asia. Etter Said er det umogleg å bruke ordet slik, ”orientalisme” er blitt eit namn på eit undertrykkjande ideologisk system og eit akademisk skjellsord.

Eit postkolonialt blikk spelar ei viktig rolle i framstillinga mi. Dei to referansane til Said i *Ein betre vår ein gong* har begge samband med yrkesutøvinga til Elias Blix; som professor i hebraisk var han ”orientalist” av fag og fell såleis direkte inn under kritikken til

¹⁷⁵ Høydal 2003, 366.369.

¹⁷⁶ Hoel 2009.

Said.¹⁷⁷ Ei viktigare inspirasjonskjelde for meg er ein stadeigen norsk variant av det postkoloniale perspektivet, representert ved bøkene til Edmund Edvardsen og hans kritiske analysar av ”kulturmøter og kulturell undertrykkelse” i Nord-Noreg. Edvardsen har skrivne innsiktsfullt om konflikten mellom verdisystema til sentralmakta sine representantar – presten, læraren, legen – og allmugen i nordnorske lokalsamfunn.¹⁷⁸ Dette er eit viktig komplement og korrektiv til det nasjonsbyggjande perspektivet som har prega mykje av norsk historieforskning, mi eiga framstilling ikkje unnateke.

I ein norsk 1800-talskontekst er samisk og kvensk etnisitet, språk og kultur ein særleg tydeleg representant for ”den andre” som markerer grensa for norsk nasjonsbygging. Eller, for å snu på det: Det nasjonsbyggjande programmet har ei baksida, fornorskingsprogrammet. Samar og kvenar kunne nok gjerast til eksotisk og ”framandkulturelt” studieobjekt, men norske kunne dei berre bli gjennom å gi opp tradisjonelt språk og levevis og la seg assimilere i storsamfunnet.

Livsvegen til Elias Blix kryssa stadig samiske spor, men desse møta har vore heilt usynlege i alt som før er skrivne om han. Derfor har det vore viktig for meg å vise fram dei ulike formene dette kulturmøtet tok, frå hans eigen gløymde samiske familiebakgrunn via lærarutdanning med sikte på ei verksemd som fornorskingsagent i etnisk samansette distrikt og til ein maktposisjon der han sjølv stod i leiinga for fornorskingsprogrammet til storsamfunnet.¹⁷⁹

¹⁷⁷ Eg refererer til Said 2001 (1978) i note 8 på s. 505, i ein diskusjon av arabiskstudia til Blix i Leipzig 1871-1872, og på s. 427, i samband med omtalen av ”Den 8de internationale Orientalistkongres”. Poenget i den siste passasjen har eg utvikla vidare i essayet ”Orientalist i Arktis”, Klassekampen 26.03.2008, opphavleg eit paper ved konferansen ”Arctic Discourses 2008”, Universitetet i Tromsø, 21.02.2008.

¹⁷⁸ Edvardsen 1996 (1984); 1997; sitat frå 1997, 7. Innlemminga av Edvardsens særprega vitskapsprosa i den postkoloniale falanksen står for mi eiga rekning. Han nyttar ikkje sjølv nemninga ”postkolonial”, og Said er ikkje mellom dei teoretiske referansane i desse bøkene, der Eilert Sundt, Michel Foucault og nyare skandinaviske ”cultural studies” er viktige inspirasjonskjelder.

¹⁷⁹ I *Ein betre vår ein gong* er dette særleg i fokus på s. 24-26; 67-68; 369; 396; 419; 426-427.

Utgang

Det postkoloniale perspektivet er viktig også av ein annan grunn: Saman med kvinneforskninga utfordrar denne retninga tradisjonelle ideal om vitskapleg objektivitet og nøytralitet på måtar det ikkje er mogleg å oversjå. Ikkje minst har dei sett fokus på forskarens posisjon: Det er aldri likegyldig kven som skriv.

Med denne enkle, men sentrale hermeneutiske erkjenninga sluttar eg som eg begynte. I innleiingskapitlet ”Brillene” (*Ein betre vår ein gong* s. 13-15) har eg etter beste evne gjort greie for eigne fordommar og føresetnader. I ettertid har det gått opp for meg at éin viktig faktor manglar i den framstillinga: *Das Prinzip Hoffnung*, for å nytte nymarxisten Ernst Blochs kjende boktittel.¹⁸⁰

Ei ungdommeleg interesse for fenomenet utopi har aldri forlate meg, og no ser eg at den i høg grad har medverka til valet av Elias Blix som studieobjekt og ikkje minst til valet av boktittel. Dette handlar ikkje berre om den ukuelege himmeloptimismen til salmediktaren Blix, men like mykje om dei personlege ambisjonane hans og om dei pedagogiske, språklege og nasjonale prosjekta han engasjerte seg i. Historie handlar om forandring. Det finst historiske situasjonar der utopiar har kraft til å forandre.

Tja. Blei det presten som fekk siste ordet no? Kanskje det. Men så skal ingen kome og seie at forfattaren ikkje har situert seg.

¹⁸⁰ Bloch 1959, formidla til norsk teologisk miljø særleg gjennom Kvanvig 1976.

Rettingar til Ein betre vår ein gong

side 41, linje 11-12	”Innføringa av poteten har påverka dagleglivet meir enn innføringa av Grunnlova.” Denne setninga skulle hatt ein note med referanse til Pryser 1999, 13.
side 131, bildetekst	”i 1864 (ikkje 1862)” skal vere ”i 1862”. Den handskrivne dateringa på fotografiet har vist seg å vere korrekt.
side 151, bildetekst, linje 7-8	”Elias Blix” skal vere ”E. Blix”
side 162, linje 22-23	”Nokre Salmar. Gamle og nye” skal vere ”Nokre Salmar, gamle og nye”
side 229, bildetekst	Bildeteksten manglar overskrift. Det skal stå ” Gravstaden ”
side 271, bildetekst, linje 20	”ekk” skal vere ”fekk”
side 273, linje 6	”det mest friskaste” skal vere ”det friskaste”
side 315, linje 32	”Jens Brage Halvorsen” skal vere ”Jens Braage Halvorsen”
side 380, linje 12	”svarde” skal vere ”svarede”
side 427, linje 3	”1977” skal vere ”1978”
side 427, linje 8	”etnologiske” skal vere ”etnografiske”
side 433, linje 25	”endringane” skal vere ”endringar”
side 475, note 14	”27.12.1928” skal vere ”27.12.1923”
side 477, note 46	Kolonneoverskriftene er komne for langt til venstre
side 499, note 122	”Nerbøvik 2000 (1994)” skal vere ”Nerbøvik 2000 (1996)”
side 505, note 8, linje 3 linje 5	”Eward Said” skal vere ”Edward Said” “Said 2001 (1977)” skal vere “Said 2001 (1978)”
side 526, note 57, linje 3	”Paul Heyne” skal vere ”Paul Heyse”
side 561, linje 20	”Kongesangen (MG)” skal vere ”Kongesangen (Ms)”
side 561, linje 37	”Ved Mad. Marte Hansens Baare” osb. Heile linja skal strykast
side 584, litteratur	”Said, Edward 2001 (1977)” skal vere ”Said, Edward 2001 (1978)”
side 590, overskrift over 2. noteeksempel	”I Jesu Namn” skal vere ”Hjelp”
side 595, register	”Halvorsen, Jens Brage” skal vere ”Halvorsen, Jens Braage”
side 596, register	Etter ”Kierkegaard, Søren”: Tilføy sidetalet ”92” Etter ”Klæbo, John”: Tilføy sidetalet ”138”
side 598, register	”Pedersen, Ole Pareli” og ”Ravik, Ole” er same person

Litteratur

- Akslen, Laila 1997: *Norsk barokk. Dorothe Engelbretsdatter og Petter Dass i retorisk tradisjon*, Oslo: Cappelen Akademisk
- Ambjörnsson, Ronny 2005 (1996): *Fornavnet mitt er Ronny*, Oslo: Pax
- Andersen, Øivind 1995: *I retorikkens hage*, Oslo: Universitetsforlaget
- Andreassen, Trond 2000 (1991): *Bok-Norge. En litteratursosiologisk oversikt* (2. utg.), Oslo: Universitetsforlaget
– 2006 (1991): *Bok-Norge. En litteratursosiologisk oversikt* (3. utg.), Oslo: Universitetsforlaget
- Anker, B. Th. 1909: *Aandsmagti i Blix-salmarne. Ungdoms-foredrag*, Kristiania: Olaf Norli
- Apelseth, Arne 2004: "Den låge danninga. Skriftmeistring, diskursintegrering og tekstlege deltakingsformer 1760-1840", doktoravhandling (nordisk), Universitetet i Bergen
- Aschim, Anders 1997: "Elias Blix som semittist", i Elie Wardini (utg.): *Built on Solid Rock. Studies in Honour of Professor Ebbe Egede Knudsen on the Occasion of his 65th Birthday April 11th 1997* (Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Skrifter 98), 1-16. Oslo: Novus
- 2008: "Evangelisten frå Dønna. Anton Chr. Bang og det første nynorske juleevangeliet", *Årbok for Helgeland 2008*, 27-32. Mosjøen: Helgeland historielag
- Asdal, Kristin, Kjell Lars Berge, Karen Gammelgaard, Trygve Riiser Gundersen, Helge Jordheim, Tore Rem og Johan L. Tønnesson 2008: *Tekst og historie. Å lese tekster historisk*, Oslo: Universitetsforlaget
- Aubert, Vilhelm, Ulf Torgersen, Karl Tangen, Tore Lindbekk og Sonja Pollan 1960: "Akademikere i norsk samfunnsstruktur", *Tidsskrift for samfunnsforskning* 1:185-204
- Berggrav, Eivind 1936: *Elias Blix. Kristentypen og personligheten. En skisse til hundreårsdagen*, Oslo: Aschehoug
- Bernstein, Moshe J. 1994: "Introductory Formulas for Citation and Re-Citation of Biblical Verses in the Qumran Pesharim. Observations on a Peshar Technique", *Dead Sea Discoveries* 1:30-70
- Birkeland, Bjarte og Bjørn Nic. Kvalsvik 1986: *Folkemål og danning. Nynorske lærebøker 1867-1915*, Oslo: Samlaget
- Bloch, Ernst 1959: *Das Prinzip Hoffnung* (Gesamtausgabe 5), Frankfurt a. M.: Suhrkamp
- Bolling, Reidar 1953: *Elias Blix*, Oslo: Samlaget
– 1962: "Blix, Elias", *Kristen sang og musikk*, 1.240-249. Oslo: Runa
- Bondevik, Jarle 2003: *Og ordet vart nynorsk. Soga åt den nynorske bibelen*, Bergen: Norsk Bokreidingslag
- Bourdieu, Pierre 1984 (1979): *Distinction. A Social Critique of the Judgement of Taste*, Cambridge, MA: Harvard University Press
– 1986: "L'illusion biographique", *Actes de la recherche en science sociales* 62-63:69-72
– 1995 (1979): *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*, Oslo: Pax
– 1996 (1984): *Homo academicus*, Stockholm/Sehag: Brutus Östling
– 2004 (1986): "Den biografiske illusjon", *Agora* 22/3:86-94
– 2005 (1972): *Udkast til en praksisteori*, København: Hans Reitzel
– 2006 (1980): "Strukturer, habitus, praksiser", *Agora* 24/1-2:53-73
- Bourdieu, Pierre, Loïc J. D. Wacquant og Bjørn Nic. Kvalsvik 1993 (1992): *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*, Oslo: Samlaget
- Bull [Jæger], Tove 1972: "Dei første nynorske salmane. Ein idéanalyse av originalsalmane til Elias Blix", hovudoppgåve (nordisk), Universitetet i Trondheim
- Bull, Tove 1999: "Blix, Elias", *Norsk biografisk leksikon* (2. utg.), 1.369-370. Oslo: Kunnskapsforlaget
- Burke, Peter 1992 (1990): *Annales-skolan. En introduktion*, Göteborg: Daidalos
- Carr, David 1986: *Time, Narrative and History*, Bloomington: Indiana University Press

- Carr, David 2001 (1986): "Narrative and the Real World. An Argument for Continuity", Geoffrey Roberts (utg.), *The History and Narrative Reader*, 143-156. London, Routledge
- Dahl, Ottar 1955: "Noen teoretiske problemer i sosialhistorien", *Historisk Tidsskrift* 37:185-203
 – 1973 (1967): *Grunntrekk i historieforskningens metodelære* (2. utg.), Oslo: Universitetsforlaget
 – 1993: "Forklaring og fortelling i historievitenskapen", *Historisk Tidsskrift* 72:67-79
- Dalhaug, Ole 1995: *Mål og meninger. Målreisning og nasjonsdannelse 1877-1887* (KULTs skriftserie 43), Oslo: Norges forskningsråd
- Darnton, Robert 2003 (1982): "Hva er bøkens historie?" i Rem 2003a, 43-70
- Djupedal, Reidar 1968: "Elias Blix og salmane hans", i Elias Blix og Reidar Djupedal: *Der eit fjell stig mot sky* (Levande diktning 5), 191-208. Oslo, Noregs Boklag
- Edel, Leon 1984: *Writing Lives. Principia Biographica*, New York: Norton
- Edvardsen, Edmund 1996 (1984): *Den gjenstridige allmue. Skole og levebrød i et nordnorsk kystsamfunn ca. 1850-1900*, Oslo: Solum
 – 1997: *Nordlendingen*, Oslo: Pax
- Egeland, Marianne 2000: *Hvem bestemmer over livet? Biografien som historisk og litterær genre*, Oslo: Universitetsforlaget
 – 2002a: "Biografi og historieskrivning", *Historisk Tidsskrift* 81:253-272
 – 2002b: "Garffs SAK – himmelstormende eller tidstypisk?" *Norsk Litteraturvitenskapelig Tidsskrift* 5:113-124
- Ellingsen, Terje 2004: "Elias Blix og Anton Christian Bang – 'de to Nordlys'", i idem: *Nordnorske kirkemenn*, 47-84. Eige forlag
- Elseth, Egil 1985: *Til paradiset med sang. Glimt av salmesangens historie og et besøk i salmedikerens verksted*, Oslo: Verbum
 – 1989: *Elias Blix. Verk og virke*, Oslo: Verbum
- Elstad, Hallgeir 2002: "Elias Blix. Ei livssøge", *Kirke og kultur* 107:523-534
- Epstein, William H. 1987: *Recognizing Biography*, Philadelphia: University of Pennsylvania Press
- Eriksen, Sidsel 1993: *Søster Silfverbergs sorger. Historien om hvordan en søndagsskolelærerinde blev afholdsagitator og feminist*, København: Spektrum
 – 1996: "Biografien som lakmus-papir. Overvejelser omkring den socialhistoriske biografi", *Historisk Tidsskrift* [dansk] 96:160-183
- Escarpit, Robert 1971 (1958): *Litteratursosiologi*, Oslo: Cappelen
- Eskeland, Lars 1904: *Norsk salmesang. Elias Blix*, Oslo: Norigs Ungdomslag og Studentmaallaget
- Fet, Jostein 1995: *Lesande bønder. Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840*, Oslo: Universitetsforlaget
- Finkelstein, David og Alistair McCleery (utg.). 2002: *Book History Reader*, London: Routledge
- Fosse, Jon 1989a: *Frå telling via showing til writing. Essays*, Oslo: Samlaget
 – 1989b: "Nødvendigheta bak skrifa", i Fosse 1989a, 130-132
 – 1989c: "Frå telling via showing til writing", i Fosse 1989a, 152-160
 – 1989d: "Skrivarens nærver", i Fosse 1989a, 141-151
- Frykman, Jonas og Orvar Löfgren 1979: *Den kultiverade människan*, Malmö: Liber
 – 1994 (1979): *Det kultiverte mennesket*, Oslo: Pax
- Fuglevik, Trine 1986: "En analyse av Elias Blix' salmer, med særlig henblikk på hvordan han bruker bibeltekstene", spesialavhandling (teologi), Det teologiske Menighetsfakultet, Oslo
- Fuglum, Per 1957: *Ole Richter. Ungdom og stortingsvirke*, Oslo: Universitetsforlaget
 – 1964: *Ole Richter. Statsministeren*, Oslo: Universitetsforlaget
 – 1982: "Stadier i organisasjonsveksten i Nordre Trondhjems Amt", *Årbok. Nord-Trøndelag Historielag*
- Fulsås, Narve 1989: "Forteljing og historie", *Historisk kundskab og fremstilling* (Studier i historisk metode 20), 47-60. Århus: Aarhus Universitetsforlag

- Fulsås, Narve 2001: "Kva er gale med det historiske kjeldeomgrepet? Ein kritikk av kjeldekritikken", *Historisk Tidsskrift* 80:231-246
- 2003: *Havet, døden og vêret. Kulturell modernisering i Kyst-Noreg 1850-1950*, Oslo: Samlaget
- 2005: "Historie og forteljing", *Nytt Norsk Tidsskrift* 22:287-300
- Garborg, Arne 1982 (1877): *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse. Et Forsøg paa en omfattende Redegørelse, formet som polemiske Sendebreve til Modstræverne*, Oslo: Noregs Boklag
- Garff, Joakim 2000: *SAK. Søren Aabye Kierkegaard. En biografi*, København: Gad
- 2002 (2000): *SAK. Søren Aabye Kierkegaard. En biografi*, Oslo: Press
- Grepstad, Ottar 1997: *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*, Oslo: Samlaget
- 2002a: *Det nynorske blikket*, Oslo: Samlaget
- 2002b: "Askerkretsen. Mytar står for fall", i Grepstad 2002a, 336-376
- 2002c: "Nynorskbrukarens identitetar", i Grepstad 2002a, 17-76
- 2002d: "Språk og institusjon", i Grepstad 2002a, 377-414
- Grimnes, Ole Kristian 2001: *Sam Eyde. Den grenseløse gründer*, Oslo: Aschehoug
- Gripsrud, Jostein 1990: *Folkeopplysningas dialektikk. Perpektiv på norskdomsrørsla og amatørteatret 1890-1940*, Oslo: Samlaget
- Grønningsæter, Fredrik 1999: "Elias Blix. Kyrkjebenken sin salmediktar", i Svein Malmbekk og Frode Wigum (utg.), *Vårherres verden. En bok om kirke og gudstro i Nord-Norge gjennom 1000 år* (Presteforeningens studiebibliotek 43), 127-135. Oslo: Presteforeningen
- Habermas, Jürgen 1971 (1962): *Borgerlig offentlighet, dens framvekst og forfall. Henimot en teori om det borgerlige samfunn*, Oslo: Gyldendal
- Hagtvet, Bernt 1987: "Innledning", i Rokkan 1987, 7-13
- Halse, Per 2009: "Gudsord og folkemål. Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859-1908", doktoravhandling (teologi), Universitetet i Oslo
- Halvorsen, J. B. 1885: "Blix, Elias", *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1880*, 1.353-354. Kristiania: Den norske Forlagsforening
- Hamilton, Nigel 2007: *Biography. A Brief History*, Cambridge, MA: Harvard University Press
- Hanto, Kristian Ihle 1986: *Ideologiar i norsk målreising*, Oslo: Novus
- Hays, Richard B. 1989: *Echoes of Scripture in the Letters of Paul*, New Haven: Yale University Press
- Helgheim, Johannes J. 1980: *Allmugeskolen på bygdene*, Oslo: Aschehoug
- Hide, Øystein 2005: "Innledning. Biografi som teori, opplevelse og kilde til innsikt", i idem (utg.): *Erfaring og forståelse. Biografi som teori og praksis*, 1-35. Oslo: Unipub
- Hoel, Oddmund Løkensgard 1996: *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1965* (KULTs skriftserie 51), Oslo: Norges forskningsråd
- 2009: "Målreising og modernisering i Noreg 1885–1940", doktoravhandling (historie), NTNU, Trondheim
- Hognestad, Peter 1904: *Evangelisk salmesong og Elias Blix*, Oslo: Maalkassa
- Hollander, John 1981: *The Figure of Echo. A Mode of Allusion in Milton and After*, Berkeley: University of California Press
- Hovland, Brit Marie 1998: "Ei folkeleggjering av sivilisasjonen. Allmugeskulelærarmøta som nasjonsbyggande fora i 1850-åra", i Sørensen 1998a, 285-300
- Høydal, Reidun 1995: *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895-1920* (KULTs skriftserie 39), Oslo: Noregs forskningsråd
- 2003: "Folkedanning? Landsgymnaset som mothegeemonisk dannelsingsprosjekt", *Nytt Norsk Tidsskrift*, 20:363-378
- 2007: "Upp og fram! Landsgymnaset vert til", i Gudleiv Forr og Helge Vold (utg.): *Landsgymnaset*, 11-68. Oslo: Samlaget
- Haavet, Inger Elisabeth 1997: "Nina Grieg. Kunstner og kunstnerhustru", doktoravhandling (historie), Universitetet i Bergen

- Haavet, Inger Elisabeth 1998: *Nina Grieg. Kunstner og kunstnerhustru*, Oslo: Aschehoug
- Jenssen, Dag 2002: "Noen trekk i den historiske biografiens landskap", *Historisk Tidsskrift* 81:273-295
- Juvkam, Per 1981: "Salmesong frå kyrkjebenken. Elias Blix som salmediktar", i Ingemann Ellingsen, Svein Ellingsen, Harald Herresthal, Åge Haavik, Kirsti Aasen og Eyvind Skeie (utg.), *En ny sang for Herren. Studiebok i hymnologi* (Presteforeningens studiebibliotek 17), 117-125. Oslo: Andaktsbokselskapet
- Kaldal, Ingar 1993: "Å fortelje, å forklare og å tenke historisk", *Historisk Tidsskrift* 72:80-100
- Kaldal, Ingar 2002: *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*, Oslo: Samlaget
- 2003: *Historisk forskning, forståing og forteljing*, Oslo: Samlaget
- Kjeldstadli, Knut 1978: "Standssamfunnets oppløsning. Eller: Historien om skomakeren som forlot sin lest for å bli sin egen lykkes smed", *Kontrast* 77:50-61
- 1999 (1992): *Fortida er ikke hva den engang var. En innføring i historiefaget* (2. utg.), Oslo: Universitetsforlaget
- Knutsen, Paul 2002: *Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi*, Bergen: Fagbokforlaget
- Koht, Halvdan 1912: "Bonde mot borgar i nynorsk historie", *Historisk Tidsskrift* 22:29-85
- 1918-1925: *Johan Sverdrup* 1-3, Oslo: Aschehoug
- Kolloen, Ingar Sletten 2003: *Hamsun. Svermeren*, Oslo: Gyldendal
- Kugel, James 1998: *Traditions of the Bible. A Guide to the Bible as it was at the Start of the Common Era*, Cambridge, MA: Harvard University Press
- Kvalsvik, Bjørn Nic. 1993: "Skiljemerka mellom folk. Introdusere Pierre Bourdieu?" KULTs skriftserie 14, 5-47. Oslo, Noregs forskingsråd
- Kvanvig, Helge S. 1976: *Håpet om en annen verden. Verdensflukt og verdensforankring i lys av den kristne tro*, Oslo: Aschehoug
- 1999: *Historisk bibel og bibelsk historie. Det gamle testamentes teologi som historie og fortelling*, Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Lagercrantz, Olof 1997: "Något om att skriva biografi", i Åkerman et al. 1997a, 165-174
- 2000 (1985): *Om kunsten å lese og skrive*, Oslo: Bokvennen
- Langholm, Sivert 1974: "Historie på individnivå. Omkring Ullensaker-undersøkelsen – et mikrohistorisk eksperiment", *Historisk Tidsskrift* 53:243-272
- 1997 (1967): *Historisk rekonstruksjon og begrunnelse. En innføring i historiestudiet* (2. utg.), Oslo: Andresen & Butenschøn
- Levi, Giovanni 1989: "Les usages de la biographie", *Annales. Économies – Sociétés – Civilisations* 44:1325-1336
- Liestøl, Knut 1925: "Blix, Elias", i *Norsk biografisk leksikon* 2.24-26. Oslo, Aschehoug
- Lønning, Per 1986: "Elias Blix. Eit 150 års perspektiv. Tale ved Blix-stemna på Sandhornøy, 8. juni 1986", *Kirke og Kultur* 91:362-371
- Makt og demokrati* 2003: *Makt og demokrati. Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen* (NOU 2003:19), Oslo: Statens forvaltningstjeneste
- Mannsåker, Dagfinn 1954: *Det norske presteskapet i det 19. hundreåret. Sosialhistoriske studiar*, Oslo: Samlaget
- Margadant, Jo Burr (utg.) 2000: *The New Biography. Performing Femininity in Nineteenth-Century France*, Berkeley: University of California Press
- Molin, Kari og Britt Ågren (utg.) 1991: *Klassresan*, Stockholm: Alfabeta
- Myhre, Jan Eivind 1995: "Social History", i William H. Hubbard, Jan Eivind Myhre, Trond Nordby og Sølvi Sogner (utg.), *Making a Historical Culture. Historiography in Norway*, 210-239. Oslo: Scandinavian University Press
- Mykland, Knut 1955: *Fra Søgaden til Strandgaten. 1807-1880* (Trondheim bys historie 3), Trondheim: Trondheim kommune
- Nasaw, David 2009: "Historians and Biography. Introduction", *American Historical Review* 114:573-578
- Nerbøvik, Jostein 1999: *Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*, Oslo: Samlaget

- Nerbøvik, Jostein 2000 (1996): "Grundtvigianisme som motkultur", i idem: *Nasjonsbygging og modernisering. Tema med variasjonar. Artiklar og talar 1990-2000* (Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet 8), 49-58. Volda: Høgskulen i Volda
- Nielsen, May-Brith Ohman 1995: "Besynge og beskrive. Å spore vestlendingen i tale og tabeller", i Reidun Høydal (utg.): *Nasjon – region – profesjon. Vestlandslæraren 1840-1940* (KULTs skriftserie 45), 43-90. Oslo: Noregs forskingsråd
- Niemi, Einar 2007: "Nord-Norge sett i et historisk perspektiv – en oppfinnelse?" *Plan* 2.12-19
- Næss, Atle 2004: "Teori og praksis. Om å skrive Edvard Munchs biografi som skjønnlitterær forfatter", *Prosa* 10/6: 6-10
- Olsen, Kurt-Johnny 1986: *Elias Blix. Mannen og verket*, Sandhornøy: Jan A. Eilertsen
- Olstad, Finn 1980: "Standssamfunn, klassesamfunn og historisk forskning", *Historisk Tidsskrift* 59:406-413
- Palmström, Henrik 1935: "Om en befolkningsgruppes utvikling gjennom de siste 100 år", *Statsøkonomisk Tidsskrift* 49: 161-370
- Pettersen, Per 2004 (2001): "Stil og språk i klassereisenes tid", i idem: *Månen over porten. Litterært og personlig*, 77-99. Oslo: Oktober
- Posing, Birgitte 1992a: *Viljens styrke. Natalie Zahle. En biografi om dannelse, køn og magtfuldkommenhed* 1-2, København: Gyldendal
- 1992b: "Den historiske biografi og historievitenskapen", *Historisk Tidsskrift* [dansk] 92:359-363
- 1997: "Biografien ud fra et kvinde- og historievitenskabeligt synspunkt", i Åkerman et al. 1997a 61-74
- 1999: "Den historiske biografi som videnskab og som musikalsk fortælling", *Historisk tidsskrift* 78:525-539
- 2001: "Biography: Historical", i *International Encyclopedia of the Social & Behavioral Sciences*, 2.1213-1217. Amsterdam, Elsevier
- 2007: "Et kritisk blik på biografien. Genren med de mange liv", i Rosengren og Östling 2007, 33-50
- Pryser, Tore 1999: *Norsk historie 1814-1860. Frå standssamfunn mot klassesamfunn*, Oslo: Samlaget
- Rem, Tore (utg.) 2003a: *Bokhistorie*, Oslo: Gyldendal
- Rem, Tore 2003b: "Innledning", i Rem 2003a, 11-42
- Ricoeur, Paul 1978: "The Narrative Function", *Semeia* 13:177-202.
- 1983-1985: *Temps et récit 1-3*, Paris: Seuil
- 1984-1988 (1983-1985): *Time and Narrative 1-3*, Chicago: University of Chicago Press
- 1999 (1984): "Den fortalte tid", i idem: *Eksistens og hermeneutikk*, 161-180. Oslo, Aschehoug
- Ringdal, Nils Johan 1993: *Ordenes pris. Den norske forfatterforening 1893-1993*, Oslo: Aschehoug
- Rokkan, Stein 1987: *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*, Oslo, Universitetsforlaget
- 1987 (1967): "Geografi, religion og samfunnsklasse. Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk", i Rokkan 1987, 111-205
- 1987 (1974): "Politisk forskning i Norge. Tilbakeblikk og utsyn", i Rokkan 1987, 38-51
- 1987 (1975): "Sentrum og periferi, økonomi og kultur: Modeller og data i kliometrisk sosiologi", i Rokkan 1987, 216-238
- Rosengren, Henrik og Johan Östling (utg.) 2007: *Med livet som insats. Biografien som humanistisk genre*, Lund: Sekel
- Runde, Olga Støylen 2008: *Bernt Støylen. Ein biografi*, Oslo: Samlaget
- Rynning, P. E. 1954: *Salmediktingi i Noreg frå dei fyrste kristne tider i vårt land og fram mot vår tid* 1-2, Oslo: Samlaget
- Rüsen, Jörn 1986: *Rekonstruktion der Vergangenheit. Die Prinzipien der historischen Forschung* (Grundzüge einer Historik 2), Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht
- Said, Edward 2001 (1978): *Orientalismen*, Oslo: De norske bokklubbene
- Sandemose, Jørgen 2005: *Biografi og metode. En pamflett til filosofisk og litterær oppbyggelse*, Oslo: Aschehoug
- Segtnan, Jon 2008: "Ein betre vår ein gong. Elias Blix. Biografi" (bokmelding), *Historisk tidsskrift* 87:712-717

- Seip, Jens Arup 1971: *Ole Jacob Broch og hans samtid*, Oslo: Gyldendal
- 1983 (1975): "Modellenes tyranni. Analyse av Stein Rokkans anvendelse av en sentrum-periferi modell på norsk historie", i idem: *Problemer og metode i historieforskningen. Artikler, innlegg, foredrag 1940-1977*, 199-227. Oslo: Gyldendal
- Sejersted, Francis 1995: "Historiefagets fortellinger", *Nytt Norsk Tidsskrift* 12:313-325
- Semmingsen, Ingrid 1954: "Standssamfunnets oppløsning i Norge", i *Ståndssamhällets upplösning i Norden. Nordiska historikermötet i Åbo 3-6- augusti 1954*, 49-86. Åbo: Nordiska historikermötet
- Silverman, Kenneth 1996: "Mather, Poe, Houdini", i Dale Salwak (utg.), *The Literary Biography. Problems and Solutions*, 107-116. Basingstoke: Macmillan
- Skavlan, Sigvald 1904: *Om Salmebog-Tillægget 'Nokre Salmar' ved Prof. Dr. E. Blix* (Norsk Rigsmaalsforenings Smaaskrifter 10), Kristiania: Norsk Rigsmaalsforening
- Skre, Arnhild 2002: "Melder vi livet eller livsskildringa? Biografimeldingar i norske aviser hausten 2001", *Prosa* 8/2:20-26
- Slagstad, Rune 2001 (1998): *De nasjonale strateger*, Oslo: Pax
- Slettan, Dagfinn 1996: "Sosialhistorie etter 1970: 'Fra sosialhistorie til kulturhistorie?'" *Historisk Tidsskrift* 75:78-116.
- Solstad, Dag 2004 (2002): "Nederlag for historiefaget", i idem *Artikler 1993-2004*, 223-236. Oslo: Oktober
- Starbo, Kristian Heitmann 1920: "Elias Blix. Diktaren og Bibelumsetjaren", hovudoppgåve (norsk), Universitetet i Oslo
- Steen, Sverre 1948: "De frivillige sammenslutninger og det norske demokrati", *Historisk Tidsskrift* 34:581-600
- Stegane, Idar 1983: *Mons Litlerés forlag. Eit pionertiltak i nynorsk forlagsdrift*, Oslo: Samlaget
- 1984: *Mot ei nynorsk litterær offentlegheit 1850-1915* (Eigenproduksjon 22), Bergen: Universitetet i Bergen, Nordisk institutt
- 1987: *Det nynorske skriftlivet. Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjonen*, Oslo: Samlaget
- 1991: *Det nynorske skriftlivet. Tillegg, samandrag*, Bergen: Universitetet i Bergen, Nordisk institutt
- 2003: "Eit nytt skriftliv får rom", i Rem 2003a, 165-179
- Svedjedal, Johan 2007: "Skrivna ord, skrivna liv. Om den litterära biografins teori, medel och mål", i Rosengren og Östling 2007, 63-79
- Sveen, Karin 2000: *Klassereise. Et livshistorisk essay*, Oslo: Oktober
- Svendsen, H. Blom 1955: *Norsk salmesang 3. Revisjon av Landstad og Nynorsk salmebok* (Bibliotheca Norvegiæ Sacra 9), Oslo: Norvegia Sacra
- Sønderland, Oskar 1950: "Elias Blix og salmediktinga hans", magistergradsavhandling (litteraturhistorie), Universitetet i Oslo
- Sørbo, Jan Inge 2004: *Frå gamle fjell til magma. Linjer i nynorsk lyrikk*, Oslo: Samlaget
- 2005: "Røynsler med biografien", *Norsk Litterær Årbok 2005*, 70-86
- Sørensen, Øystein (utg.) 1998a: *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*, Oslo: Ad notam Gyldendal
- Sørensen, Øystein 1998b: "Hegemonikamp om det norske. Elitenes nasjonsbyggingsprosjekter 1770-1945", i Sørensen 1998a, 17-48
- 2004: *Historien om det som ikke skjedde. Kontrafaktisk historie*, Oslo: Aschehoug
- Telhaug, Alfred Oftedal og Odd Asbjørn Mediås 2003: *Grunnskolen som nasjonsbygger. Fra statspietisme til nyliberalisme*, Oslo: Abstrakt
- Thomsen, Niels 1992: "Historien om frk. Zahle – er det historie?" *Historisk Tidsskrift* [dansk] 92:353-358
- 1997: "Biografiens nye bølge – en skæv sø?" *Historisk Tidsskrift* [dansk] 97:414-429
- Trondman, Mats 1994: *Bilden av en klassresa. Sexton arbetarklassbarn på väg till och i högskola*, Stockholm: Carlssons
- Try, Hans 1985: *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge*, Øvre Ervik: Alvheim & Eide
- 1993 (1979): *To kulturer – en stat. 1851-1884* (Norges historie 11), Oslo: Cappelen

- Tudvad, Peter 2004a: *Kierkegaards København*, København: Politiken
- 2004b: "SAK – en uvidenskabelig biografi om Kierkegaard", *Faklen.dk*
<<http://www.faklen.dk/artikler/tudvad04-01.php> (februar 2010)>
- Tømmerberg, Finn 1999: *Elias Blix. Norwegian Hymn Writer and Poet of Nordland. A Biography with Translations of Selected Songs and Hymns*, Halså: eige forlag
- Walton, Stephen J. 1991: *Ivar Aasens nedre halvdel*, Oslo: Samlaget
- 1995: *Ivar Aasens kropp*, Oslo: Samlaget
- 2006: *Den teksta versjonen. Amerikanisering og modernitetens intellektuelle*, Oslo: Samlaget
- 2008: *Skaff deg eit liv! Om biografi*, Oslo: Samlaget.
- 2008 (1991): "Innleiing", i Walton 2008, 25-76 (= Walton 1991, 9-53)
- Weber, Max 1971 (1922): "Klasse, stand, partier", i idem: *Makt og byråkrati*, 51-69. Oslo: Gyldendal
- White, Hayden 1973: *Metahistory. The Historical Imagination in Nineteenth-Century Europe*, Baltimore: Johns Hopkins University Press
- 2003 (1974): "Den historiske teksten som litterært artefakt", i idem: *Historie og fortelling. Utvalgte essay*, 29-54. Oslo: Pax
- Waaler, Erik 2008: *The Shema and the First Commandment in First Corinthians. An Intertextual Approach to Paul's Re-reading of Deuteronomy* (Wissenschaftliche Untersuchungen zum Neuen Testament II.253), Tübingen: Mohr (Siebeck)
- Øidne, Gabriel 1975 (1957): "Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet", *Syn og Segn* 81:3-19
- Åkerman, Sune, Ronny Ambjörnsson og Pär Ringby 1997a: *Att skriva människan. Essäer om biografien som livshistoria och vetenskaplig genre*, Stockholm: Carlsson
- Åkerman, Sune, Ronny Ambjörnsson og Pär Ringby 1997b: "Inledning", i Åkerman et al. 1997a, 7-16
- Åmås, Knut Olav 2004: *Mitt liv var draum. Ein biografi om Olav H. Hauge*, Oslo: Samlaget

Anders Aschim
Ødegårdsliveien 7
1914 YTRE ENEBAKK

SAMANDRAG

Ein betre vår ein gong. Elias Blix (Oslo: Samlaget, 2008)

Uavslutta vitenskapleg etterskrift til Ein betre vår ein gong. Elias Blix (Ytre Enebakk, 2010)

Avhandlinga er ein biografi om salmediktaren, teologen, lingvisten og politikaren Elias Blix (1836-1902). Biografien granskar samspelet mellom nokre av dei viktigaste sosiale, politiske og kulturelle endringsprosessane som forma det moderne norske samfunnet i siste halvdel av 1800-talet, slik dette kjem til uttrykk i ei individuell livsforteljing. Det er gjort greie for samanhengen mellom dei to arbeida på s. 606 i *Etterskrift*:

Den første og største delen av dette dobbeltarbeidet er identisk med biografien *Ein betre vår ein gong. Elias Blix* (Oslo: Samlaget, 2008). Denne boka er ein publikasjon retta mot den allmenne marknaden. Ein del viktige element som ein rimelegvis vil vente å finne i ei akademisk avhandling, er følgeleg mindre synlege enn vanleg eller jamvel heilt usynlege. I eit *Uavslutta vitenskapleg etterskrift* vil eg derfor freiste å gi eit oversyn over forskningssituasjonen, diskutere nokre sider ved kjeldegrunlaget for boka, drøfte grunnlagsproblem knytta til den historiske biografien og presentere dei sentrale problemstillingane og teoriane boka byggjer på.

